

NORSK FILMINSTITUTT

# ÅRSRAPPORT 2012





## NORSK FILMINSTITUTT

Norsk filminstitutt (NFI) er staten sitt forvaltningsorgan for filmpolitikk og rådgivar i filmpolitiske spørsmål.

NFI forvaltar tilskott til utvikling, produksjon og lansering av audiovisuelle produksjonar, manusutvikling og utvikling av dataspel. Instituttet forvaltar i tillegg tilskott til filmkulturelle tiltak.

Alt talmateriale i denne rapporten som vedkjem kinobesøk eller billettinntekter for 2012, er basert på mellombels oppgåver frå Film & Kino. Endelege tal ligg ikkje føre idet rapporten blir gjord ferdig. Film & Kino melder at dei ventar berre mindre avvik mellom førebels og endelege statistiske oppgåver for 2012.

## DEI FILMPOLITISKE MÅLA

Dei neste kapitla vil gjere greie for korleis Norsk filminstitutt står i forhold til dei filmpolitiske målsetjingane i *St.prp. nr. 1 (2010–2011), kap. 334*, og tildelingsbrevet for 2012.

Hovudmåla er eit mangfald av film- og fjernsynsproduksjonar som er baserte på norsk språk, kultur og samfunnsforhold, som er kjende for høg kvalitet, kunstnarleg dristigheit og nyskaping, og som utfordrar og når eit stort publikum i Noreg og internasjonalt.

Hovudmålet skal nåast gjennom desse delmåla: (1) STYRKT PRODUKSJON | (2) SOLID PUBLIKUMSOPPSLUTNING | (3) KVALITET OG MANGFALD | (4) FILMKULTUR FOR ALLE.

Under kvart delmål er resultatmåla merkte i oransje farge og ramme. Under kvart resultatmål vil det følgje ein tekst om status for målsetjingane i blå ramme.

## Årsrapport 2012 Norsk filminstitutt

Ansvarleg redaktør: Mette Tharaldsen

Redaksjon, statistikk og analyse: Guro Lindebjerg, Nils Klevjer Aas

i.	Styrets årsmelding 2012 .....	3
ii.	Rekneskap for 2012 med forklaring på avvik.....	7
iii.	Analyse 2012: Filmåret – eit overblikk.....	10
	<b>DELMÅL 1 STYRKT PRODUKSJON.....</b>	<b>16</b>
<b>1</b>	<b>Styrkt produksjon: resultatmål 1A.....</b>	<b>17</b>
1.1	Tiltak for å nå målet om 25 langfilmar.....	18
1.2	Tilskottsordningar .....	19
1.2.1	Samandrag søknader og tilskott: tabellar og figurar .....	20
1.2.3	Pakkefinansiering .....	23
1.2.3	Manuskriptutvikling .....	23
<b>2</b>	<b>Styrkt produksjon: resultatmål 1B.....</b>	<b>25</b>
2.1	Tiltak for å nå målet om styrkte produksjonsmiljø og auka talentutvikling.....	26
2.2	Talentutvikling.....	29
2.3	Overnasjonal støtte.....	30
<b>3</b>	<b>Styrkt produksjon: resultatmål 1C.....</b>	<b>34</b>
3.1	Tiltak for å nå målet om ein økonomisk solid bransje.....	35
3.2	Eigenkapital .....	36
3.3	Auka marknadsinntekter .....	37
3.4	Konsolidering og kontinuitet i bransjen.....	37
	<b>DELMÅL 2 SOLID PUBLIKUMSOPPSLUTNING .....</b>	<b>39</b>
<b>4</b>	<b>Solid publikumsoppslutning: resultatmål 2A .....</b>	<b>40</b>
4.1	Besøkstal, marknadsdel og billettinntekt .....	41
4.2	Tiltak for å nå målet om 3 millionar besøkjande og 25 prosent marknadsdel på norske filmar.....	43
4.3	Kinobesøk og marknadsdel i tal.....	48
4.4	Den norske filmen: publikums omdømme .....	49
<b>5</b>	<b>Solid publikumsoppslutning: resultatmål 2B .....</b>	<b>51</b>
5.1	Tiltak for å nå målet om 15 % marknadsdel for norsk dvd og klikkefilm.....	52
5.2	Norske kinofilmar som klikkefilm.....	52
5.3	Norske kinofilmar på dvd .....	52
<b>6</b>	<b>Solid publikumsoppslutning: resultatmål 2C .....</b>	<b>54</b>
6.1	Tiltak for å nå målet om å auke eksporten av norske audiovisuelle produksjonar .....	55
6.2	Eksport av norsk film og tv-drama .....	57
	<b>DELMÅL 3 KVALITET OG MANGFALD.....</b>	<b>59</b>
<b>7</b>	<b>Kvalitet og mangfald: resultatmål 3A .....</b>	<b>60</b>
7.1	Tiltak for å nå målet om mangfald i uttrykksform, produksjonskostnad og målgrupper.....	61
7.2	Sjanger og målgrupper .....	62
7.3	Produksjonskostnad .....	63
7.5	Sterke filmmiljø .....	66
<b>8</b>	<b>Kvalitet og mangfald: resultatmål 3B .....</b>	<b>69</b>
8.1	Tiltak for å nå målet om 40 prosent kvinner i nøkkelposisjonar.....	70
8.2	Kvinnedeltaking i premierefilmar.....	71
8.3	Kvinneandel i søknader og tilskott.....	72

<b>9</b>	<b>Kvalitet og mangfald: resultatmål 3C .....</b>	<b>74</b>
9.1	Tiltak for å nå målet om at norske produksjonar skal konkurrere om internasjonale prisar .....	75
	<b>DELMÅL 4 FILMKULTUR FOR ALLE .....</b>	<b>77</b>
<b>10</b>	<b>Filmkultur for alle: resultatmål 4A .....</b>	<b>78</b>
10.1	Tiltak for å nå målet om å sikre og gjere den norske filmarven tilgjengeleg .....	79
10.2	Utgivingar .....	80
10.3	Klikkefilm .....	82
<b>11</b>	<b>Filmkultur for alle: resultatmål 4B .....</b>	<b>83</b>
11.1	Tiltak for å nå målet om eit breitt filmtilbod i fjernsyn, bibliotek og digitale kinoar .....	84
11.2	Filmkulturelle tiltak .....	85
11.3	Cinematoka .....	86
11.4	Det digitale cinemateket .....	89
11.5	Filmmuseet og utstillingar .....	89
11.6	Norske spelefilmavviste på fjernsyn i Noreg .....	89
<b>12</b>	<b>Filmkultur for alle: resultatmål 4C .....</b>	<b>91</b>
12.1	Tiltak for å nå målet om ein sterk posisjon blant barn og unge .....	92
<b>13</b>	<b>Andre krav til årsrapporten 2011 .....</b>	<b>94</b>
13.1	Uinndrivelege fordringar og avskrivning av tap .....	94
13.2	Etiske retningslinjer og etisk bevisstgjerjing .....	95
13.3	Risikoanalyse .....	96
13.4	Integrering/inkludering av personar med innvandrarbakgrunn .....	97
13.5	Inkluderande arbeidsliv .....	97
13.6	Varslingsrutinar .....	97
13.7	Brukarundersøkingar .....	97
13.8	Miljøarbeid .....	98
13.9	Likestilling .....	98
13.10	Sjukefråvær .....	99
<b>14</b>	<b>Kjelde 2012 .....</b>	<b>100</b>
<b>15</b>	<b>Vedlegg .....</b>	<b>101</b>

## i Styrets årsmelding 2012

Norsk film fekk på mange måtar eit internasjonalt gjennombrøt i 2012. *Hodejegerne* vart den mest sette norske filmen utanfor landets grenser nokon gong og vart nominert til BAFTA for beste utanlandske film. *Kon-Tiki*, som selde nesten 900 000 billetter i heimemarknaden, vart nominert til både Golden Globe og Oscar, og Oslo 31. august vart nominert til den franske César-prisen. Innan TV-drama vart dei tre norske barneprogramma *Stikk!*, *Energikampen* og *Lesekorps* alle nominerte til Emmy Kids Awards.

På kinoar heime var året i større grad eit mellomår. Samla vart det selt nesten 2,1 millionar billetter til norsk film i norske kinoar, som gav ein marknadsdel på 16,8 %. Tala er noko lågare enn dei fire siste åra, men det er høgare enn alle andre år etter 1980, med unntak for 2003. Dette var også venta og er meir uttrykk for ein naturleg variasjon i vekstkurva enn ein varig nedgang.

Norsk filminstitutt er statens rådgivar på det filmpolitiske området og har ansvaret for å forvalte den statlege filmpolitikken slik at bransjen skal kunne nå dei filmpolitiske måla. Det overordna målet for verksemda i Norsk filminstitutt (NFI) er å bidra til å styrkje den audiovisuelle kulturen i Noreg, både blant bransje og blant publikum.

Dei viktigaste verkemidla er forvaltninga av tilskott til selskap og enkeltpersonar. I 2012 gjorde NFI tildelingar på totalt kr 390 330' over fond på post 50. Kr 33 700' blir overført til neste år. Vel 12 millionar kroner av desse midlane er knytte til ein tv-serie og ein kinofilm som melde seint i desember at dei ikkje ville utløyse vedtekne tilskott. Innanfor programmet *Nye veier* blir alle midlar sette av i rekneskapen ved tilsegn, slik at prosjekta er dekte uavhengig av når dei blir realiserte. Det vart gjort to tildelingar som er overførte til 2013, som utgjør om lag 6,88 millionar kroner. Vidare er i underkant av 13,4 millionar kroner overførte fordi ein pakkefinansiert film fekk utsett produksjonsvedtak til 2013. Etterhandstilskottet gjekk over budsjett med 11 millionar kroner, fordi ein film bad om utbetalt etterhandstilskott like før jul. Men i og med at det var sett av midlar for denne filmen på budsjettet for 2013, blir verknaden utlikna ved overføring av underskottet.

Løyvinga på post 71 ymse filmtiltak var på kr 16 467', og det er søkt om overføring for kr 5 812' knytt til innkjøpsordning for film. Løyvinga på post 78 var på kr 4 300', fordelt på stipend og filmkulturelle tiltak.

På drifta har det vore prioritert tilrettelegging for digital formidling, og det er investert i teknisk utstyr til dette. Vidare er det starta opp meir systematiske undersøkingar gjennom Monitor. Kostnadene er haldne innanfor den tildelte budsjettamma. Inntektene enda på kr 7 434', kr 1 712' under budsjett. Fallet i salsinntekter frå dvd held fram og aukar. Bransjeorganisasjonen Film & Kino melder at nedgangen i kjøpefilm på dvd er ca. 26 % i totalmarknaden (sjå <http://www.kino.no/incoming/article1086998.ece>). Dette har også ramma NFIs utgivingar og har forsterka seg utetter hausten. Salssvikten vart derfor større enn venta i prognosen.

### Særlege satsingar i 2012

*Målet for filmrådet er eit mangfald av film- og fjernsynsproduksjonar basert på norsk språk, kultur og samfunnsforhold, som er anerkjende for høg kvalitet, kunstnarleg dristigheit og nyskaping, og som utfordrar og når eit stort publikum i Noreg og internasjonalt. I tillegg til dei langsiktige politiske måla blir det kvart år gitt føringar for særskilde satsingar.*

### Styrkt produksjon

*NFI skulle i 2012 leggje vekt på kvalitet og mangfald mellom filmene som blir produserte, leggje til rette for produksjon og utvikling av fleire norske fjernsynsdrama og bidra til å sikre at barn og unge får tilgang til dataspel av høg kvalitet baserte på norsk språk og kultur.*

I 2012 hadde 23 norske filmar kinopremiere. Av desse filmene er 11 produserte utan førehandstilskott, to er produserte med førehandstilskott etter marknadsvurdering. Seks av filmene utan førehandstilskott selde nok billetter til å kvalifisere for etterhandstilskott (*Tina og Bettina*, *Fuck up*, *Into the White*, *Thale*, *Varg Veum – De døde har det godt* og *Varg Veum – Kalde hjerter*). Ti filmar er produserte med førehandstilskott etter kunstnarleg vurdering. Seks av filmene er dokumentarfilm. To filmar er retta inn mot barn og ungdom<sup>1</sup>. I tillegg kjem filmene *Til ungdommen* og *Tine og Bettina- the movie*. Disse filmene er ikkje kategorisert som barne- og ungdomsfilmar i følgje Medietilsynets kategorisering..

I 2012 gav vi førehandstilskott til heile 22 kinofilm, av dei er fire dokumentarfilm. Fire filmar har fått tilskott etter marknadsvurdering, ein film gjennom pakkefinansiering, to gjennom *Nye veier* til lange filmar og 15 filmar av

---

<sup>1</sup> I følgje Medietilsynets kategorisering av egnethet

konsulent etter kunstnarleg vurdering. Talet på tilskott er høgt, men fleire av tilskotta er svært små og vart gitt som ekstra tilskott til film som var utvikla anten utan tilskott eller innanfor Nye veier til novellefilm. To av filmene hadde derfor også premiere i 2012.

Samtidig ser vi at enkelte filmar får langt høgare tilskott enn tidlegare. Fem tilskott er gitt til filmar retta inn mot barn og ungdom. Det er lagt vekt på variasjon i både budsjett og målgruppe, men vi ser ein generell tendens til at budsjetta aukar innan alle tilskottsordningar. Talet på tilskott vil derfor gå tilbake til rundt 16–17 i året.

Innan tv-drama skal NFI bidra til å heve kvaliteten utover det tv-selskapa sjølve kan finansiere. Det vart gitt tilskott til sju tv-dramaseriar, tre av dei for barn. Tilskotta er gitt til fem ulike produksjonsselskap, to av seriane skal visast på TV 2, ein på TV Norge, ein på NRK og tre på NRK Super (barneseriane). Nettopp produksjonane retta inn mot barn held svært høg kvalitet, også internasjonalt, og NFI har prioritert tilskott ut frå kvalitet og originalitet i prosjekta.

NFI gir også tilskott til utvikling av dataspel og gav totalt ni tilskott i 2012. Det har vore ei jamn stigning i talet på søknader sidan innføringa av nye forskrifter i 2010. Frå første søknadsrunde i 2010 til første søknadsrunde i år har det auka frå 18 til 38 søknader, altså meir enn dobla seg. Den store auken speglar veksten i bransjen. Med fleire onlinespel kan utviklarane gå utan distributør, og terskelen for å utvikle spel har blitt mykje lågare.

### **Solid publikumsopplutning**

*NFI skulle i 2012 ha fokus på internasjonalt samarbeid i alle delar av verksemda og utvikle ein samla internasjonal strategi. Vidare skal arbeidet med å internasjonalisere norsk filmproduksjon halde fram, slik at norsk film i større grad når ut over landets grenser og markerer seg ved internasjonale filmfestivalar. NFI skulle leggje vekt på samproduksjonar med bakgrunn i Europarådskonvensjonen om samproduksjon av film.*

Nedgangen i publikumstal i heimemarknaden var venta og er i hovudsak knytt til tre faktorar. Det låge talet på premierefilmar gir i seg sjølv mindre publikum. Vidare har vi tidlegare år også gjerne hatt ein film som har vore med over frå året før, og som har selt over 100 000 billetter, noko som mangla i 2012. Ikkje minst gjer samansetjinga av filmar utslag, særleg slår mangelen på barne- og familiefilm negativt ut.

Enkelte av filmene som hadde motteke tilskott etter kunstnarleg vurdering, gjekk også dårlegare enn venta. Det er for tidleg å seie kva som kan vere grunnen til dette. Det kan vere at fleire av desse filmene hadde ein utydeleg profil i marknaden, samtidig som fleire av dei vart lanserte omtrent på same tid. Men det kan også vere at vi ser ein bieffekt av kinodigitaliseringa, der filmene i mellomstjiktet taper for storfilmene, som får gå lenger i fleire salar. NFI vil følgje denne utviklinga frametter.

NFI utvikla i løpet av 2012 ein internasjonal strategi for alle delar av verksemda. Strategien legg vekt på samproduksjon og internasjonal lansering i tilskottsordningar og definerer fem hovudsatsingsland over tid: Sverige, Danmark, Tyskland, Frankrike og Nederland. Dette er land der ein kan bygge på eksisterande samarbeid, og der terskelen for å etablere eit reelt gjensidig samarbeid er lågare. Det vart gitt tilskott til samproduksjon av sju kinofilmar.

Talet på internasjonale prisar og festivaldeltaking gjekk litt ned frå 2011. Den nominelle nedgangen er nært knytt til mangelen på barnefilm. Samstundes ser vi at norsk film har motteke fleire nominasjonar til prestisjefylte prisar enn nokon gong tidlegare. Dette gjeld prisar der konkurransen er stor og open, og ikkje avgrensa til festivaldeltaking. Sjølv om det er færre prisar, ser vi altså at dei som lukkast, får større gjennomslag.

NFI gav kr 5 770' i tilskott til internasjonal lansering. Frå og med 2012 har NFI også gitt tilskott til lansering av tv-drama i utlandet og for første gong også til interaktive spel. Dei største enkelttilskotta vart gitt til kinofilm etter marknadsvurdering. Vi ser også at desse filmene gjer det godt internasjonalt. Ser ein på samla tilskott, går størstedelen av midla til tv-dokumentar (kr 1 493'). Dette speglar at desse programma har eit stort salspotensial, og også at dei er avhengige av internasjonalt sal i finansieringa. Samla for alle tilskott ser vi ein auke i søknader om tilskott til internasjonal lansering og eit auka medvit om betydninga av den internasjonale marknaden hos stadig fleire produsentar.

### **Kvalitet og mangfald**

*NFI skulle i 2012 framleis prioritere rettleiing av dei regionale filmverksemdene. Målet om 40 % kvinnedel i nøkkelposisjonar i tildelingane frå NFI ligg fast.*

*NFI skulle også opprette eit talentprogram med tilskott til regitalent innan kinofilm, Nye veier for lange filmar. Satsinga skal også vere eit verkemiddel for å stimulere til rekruttering av fleire kvinnelege filmskaparar.*

NFI har halde god kontakt med dei regionale filmtiltaka også i 2012. Rettleiingsarbeidet har særleg lagt vekt på forvaltningspraksis, der mellom anna NFIs jurist har gjennomført opplæring. Vidare har konsulentar og rådgivarar delteke på fleire regionale samlingar. Samarbeidet om barn og unge har vore godt, og det er ønskeleg at tiltak som filmport.no kan bli vidareutvikla framover.

Ordninga Nye veier til lang film vart innført i 2012, der det vart gitt tilskott til to prosjekt. Begge prosjekta har kvinner i alle funksjonar. Prosjekta er no i produksjon, og minst eitt av dei er premieresett i 2013. Det var god søking til alle ordningar innan Nye veier.

Av alle tilskott til produksjon av kinofilm er det ein samla kvinnedel på 33 %, fordelt med 36 % på produsent, 27 % på regi og 34 % på manus. Dersom vi deler det opp på dei ulike ordningane, ser vi at Nye veier har 100 % kvinner i alle funksjonar, og at dette trekkjer opp tala. For marknadsordninga er tala 50 % på manus og 0 for dei andre funksjonane. For konsulentvurdert film er tala 30 % for produsent, 40 % på regi og 45 % på manus, samla 38 %.

Dette viser at vi har ei utfordring med at det er svært små tal det er snakk om, og at enkeltfilmar gir store utslag. Vi ser allereie no at tala for 2013 vil bli betre og kan komme over 30 % på tilskott etter konsulentvurdering, men dette krev kontinuerleg arbeid også frametter.

NFI har gitt tilskott til mentorprogram for regissørar og dramatikarar, men det er ikkje kome søknad frå produsentane om ei tilsvarande ordning.

### **Filmkultur for alle**

NFI og Film & Kino er saman ansvarlege for implementeringa av handlingsplanen for filmsatsing på barn og unge.

Ved å leggje Filmens Hus til rette som eit senter for film, kunnskap og formidling skal NFI utvikle nye og eksisterande tilbod retta inn mot barnehagar og skole. NFI skal sikre at alle nye tilbod blir utforma slik at dei på same tid blir formidla nasjonalt via internett.

Det har vore ein gledeleg auke i bruken av tilboda for barn og unge ved Filmens Hus. Det var totalt 4600 besøk på Barnas Cinematek, og det vart vidare gjennomført 72 filmframsyningar for til saman 1850 barnehage- og førskolebarn, ein auke på nesten 70 %. Også filmmuseet auka talet på organiserte besøk med 35 %, til 2300.

Cinemateket har i 2012 gjennomført 1343 opne publikumsframsyningar med eit samla besøk på 51 841. Tala viser at det er stor interesse for filmkultur og framsyningar utover det regulære kinotilbodet. Frå 2013 vil det også kome på plass eit teljesystem som gjer at vi betre kan dokumentere private besøk til aktivitetar i museum og utstillingar, som pr. i dag er gratis og ikkje dokumenterte.

NFI formidlar alle utstillingar over nett og har frå 2012 også starta direkte overføring av fleire aktivitetar. Til dømes vart informasjonsmøte for bransjen streama, og opptak av Filmsamtalen blir lagt ut på nett.

Frå 1. januar 2012 vart det innført krav om teksting av norske kinofilmar. Denne innføringa ser ut til å ha gått relativt smertefritt, og det har ikkje kome inn merknader om at det har medført vesentleg ulempe for produksjonsselskapa.

### **Andre prioriteringar**

*I tildelingsbrevet vart NFI særskilt bede om å vidareutvikle sakshandsamingsrutinar og sporbarheit i systema. NFI har arbeidd kontinuerleg med dette etter innføringa av nye forskrifter i 2010 og har innført skriftlege rutinar for alle tilskott. Dei er lagde fram for Riksrevisjonen og for departementet. Styret legg her vekt på at Riksrevisjonen ikkje hadde merknader til omtalen etter revisjonen av 2011, og vil frametter leggje større vekt på opplæring og oppfølging.*

### **Utsiktene framover**

Norsk film har vore i kontinuerleg positiv utvikling i lang tid. I året 2012 merka vi ein liten stagnasjon, men utsiktene for 2013 teiknar mot vidare vekst. Med eit venta tal på over 25 premierar og heile 7 barne- og familiefilmar ventar vi eit nytt rekordår for norsk kinofilm.

Den positive utviklinga er tufta på både langsiktigheit i filmpolitikken og tilføring av økonomiske ressursar, slik at vi har fått både tilstrekkeleg breidd og sjangermangfald. Kvalitetshevinga har vore med på å etablere eit tillitsforhold mellom publikum og norsk film. Men i perioden sidan måla for filmpolitikken vart utforma, har både bransje,



distribusjon og publikumsvanar også utvikla seg. NFI meiner derfor det no er rett tidspunkt å justere måla for å møte framtidens utfordringar.

Ved opprettinga av NFI i 2008 vart det også gjort ei arbeidsdeling med Film & Kino, der Film & Kino mellom anna fekk ansvaret for finansiering av regionale cinematek, for festivalstøtte og for regionale tiltak for barn og unge. Dei seinare åra har Film & Kino opplevd eit sterkt fall i inntekter. Ei følgje av dette er at fleire viktige filmkulturelle tiltak no står overfor ei usikker finansiering. For den norske filmkulturen er det vesentleg at ein finn ei langsiktig og føreseieleg løysing på desse utfordringane. Styret i NFI vil særleg peike på behovet for å styrkje satsinga retta inn mot barn og unge. Feltet Media Literacy får stor merksemd internasjonalt, men er lite påakta i Noreg. Barn og unge er storforbrukarar av audiovisuelle produkt på ulike plattformer, men det er få tilbod om opplæring og eigenaktivitet. For å sikre ei brei rekruttering av både filmskaparar og filmpublikum er det vesentleg at barn og unge møter relevante tilbod om eigenaktivitet, både i skole og fritid.

Innan tilskottsordningane har det særleg vore stor diskusjon rundt etterhandstilskottet. Intensjonen med ordninga var at ein skulle gi incentiv til å auke salsinntektene for filmene. Men erfaringane viser at det i staden har ført til meir fokus på produksjon enn på sal. Makstaket for tilskott på 75 % gjeld uansett om filmen får førehandstilskott til produksjonen eller ikkje. På den måten blir i praksis taket for tilskott fastsett av produksjonskostnaden, som igjen kan drive kostnadene til produksjon opp og innsatsen på sal ned.

Vidare skaper ordninga stor skilnad mellom filmar som kjem på kino, og filmar som har andre distribusjonskanalar. Bonusen for å greie dei magiske 10 000 er så stor er at dei aller fleste filmene vil søkje å komme på kino, også dei som i utgangspunktet kanskje ville ha lukkast betre i andre kanalar. Det kan gjelde enkelte dokumentarfilmar eller produksjonar som primært var retta inn mot tv. Presset blir stort på kinoane og til dels frå feil type film, og på lang sikt vil det kunne svekkje tilliten til norsk film dersom for mange filmar floppar på kino.

Den langsiktige problemstillinga er likevel den viktigaste: Ordninga er til hinder for nytenking innan distribusjon av film. Kinoen er svært viktig for den store filmen og vil vere det i overskødeleg framtid. Der har både film, kino og publikum felles interesse. Men stadig meir film blir sett på andre plattformer. For framtida vil ein kanskje også ønskje å endre lanseringsrekkefølga, slik at nettvisingar kjem før eller samtidig med kinovisingar. Innan tv-drama har vi sett at nettdistribusjonen bidreg til nyskaping også på innhaldssida. Men denne utviklinga møter altså indirekte hinder gjennom dagens utforming av tilskott.

Det er også behov for å sikre større mangfald innan film- og tv-produksjon, men vi har pr. i dag ikkje funne gode modellar for dette arbeidet. NFI har pr. i dag fire ordningar for kinofilm, i tillegg til etterhandstilskottet. Marknadstilskott blir gitt etter vurdering av publikumspotensial, pakkefinansiering skal sikre langsiktig utvikling av regiskap, og Nye veier skal både sikre kvinnedel og nyskaping.

Fordelen med øyremerking er at det er lettare å få effekt av tiltaket. Ulempa er at dei nettopp derfor ikkje alltid spelar på lag med andre mål. Det kan verke positivt, som når marknadsordninga bidreg til både eit auka publikum og heva kvalitet, men det kan også vere vanskeleg å få eit tilstrekkeleg sjangermangfald. Slik ligg det ein fare i å skape eit system av ordningar der alle realiserer delmål, og der fleksibiliteten blir svært liten i dei tilfella måla blir kryssande.

Det er viktig at vi her snakkar om reformer og langsiktige justeringar, og at vi ikkje gjennomfører endringar ute av takt med bransjen. Men med den suksessen norsk film og tv-bransje har, vil 2013 og 2014 vere eit godt tidspunkt for å tenkje nye løysingar på desse utformingane.

## ii Rekneskap for 2012 med forklaring på avvik

### Driftsrekneskap 2012

Rekneskapen for 2012 er avlagt ved bruk av kontantprinsippet i staten.

Kap. 0334 post 01 – Driftsutgifter	Rekneskap 31.12.2012	Budsjett 2012	Avvik
Post 01.11 Lønn og godtgjøring			
01.11 Faste stillingar	44 254 640	42 912 969	1 341 671
01.11 Overtid	483 913	643 000	-159 087
01.11 Vikarar	757 781	-	757 781
01.12 Ekstrahjelp	2 068 873	1 845 428	223 445
01.13 Midlertidige stillingar	45 948	-	45 948
01.17 Honorar	852 125	910 000	-57 875
<b>Sum 01-11</b>	<b>48 463 281</b>	<b>46 311 397</b>	<b>2 151 884</b>
01.18 Arbeidsgivaravgift	6 764 192	6 572 068	192 124
<b>Sum post 01.1</b>	<b>55 227 473</b>	<b>52 883 465</b>	<b>2 344 008</b>
Post 01.2 Varer og tenester			
01.21 Maskiner, inventar og utstyr	1 877 206	1 888 800	-11 594
01.22 Forbruksmateriell	1 435 098	1 282 300	152 798
01.23 Reiseutg., representasjon, opplæring, velferd	7 021 129	7 513 778	-492 649
01.24 Kontortenester m.m.	3 152 809	3 926 941	-774 132
01.25 Konsulenttenester m.m.	4 368 396	3 685 500	682 896
01.26 Fagrelaterte utgifter	1 986 255	2 076 350	-90 095
01.27 Vedlikehald maskiner/ utstyr	5 065 769	4 930 631	135 138
01.28 Vedlikehald bygg og anlegg	588 012	510 000	78 012
01.29 Bygningars drift, lokalleige	15 889 380	16 444 187	-554 807
<b>Sum post 01.2</b>	<b>41 384 054</b>	<b>42 258 487</b>	<b>-874 434</b>
<b>Sum post 01</b>	<b>96 611 526</b>	<b>95 141 952</b>	<b>1 469 574</b>
Post 16 Refusjon fødselspengar	-541 632	-400 000	-141 632
Post 18 Refusjon sjukepengar	-690 385	-700 000	9 615
<b>Sum refusjonar</b>	<b>-1 232 017</b>	<b>-1 100 000</b>	<b>-132 017</b>
<b>SUM</b>	<b>95 379 509</b>	<b>94 041 952</b>	<b>1 337 557</b>
Løyving, tildelingsbrev	95 620 000	95 620 000	-
<b>Resultat, mindreforbruk</b>	<b>240 491</b>	<b>1 578 048</b>	<b>-1 337 557</b>

Kap. 0334 post 21 – Oppdragsverksemd	Rekneskap 31.12.2012	Budsjett 2012	Avvik
Post 21 Særskilde driftsutgifter			
21.11 Lønn og godtgjeringar	181 374	181 374	-
21.22 Varer og tenester	7 868 352	7 868 352	-
<i>(Løyving iflg. Tildelingsbrev 8 017 000)</i>			
Sum post 21	8 049 727	8 049 727	-

Kap. 0334 post 71 – Filmtiltak m.m.	Rekneskap 31.12.2012	Budsjett 2012	Avvik
Vekst i prosjekt	900 000	2 467 000	-1 567 000
Nye veier til lange filmar	210 000	400 000	-190 000
Manuskriptstøtte	6 498 500	6 100 000	398 500
Innkjøpsordninga for norsk film	-	3 500 000	-3 500 000
Innkjøpsordninga for dataspel og film	3 046 000	4 000 000	-954 000
Sum post 71	10 654 500	16 467 000	-5 812 500

Kap. 0334 post 78 – Ymse faste tiltak	Rekneskap 31.12.2012	Budsjett 2012	Avvik
Filmkulturelle tiltak	2 680 929	2 700 000	-19 071
Kursstøtte og utdanningsretta tiltak	1 594 189	1 600 000	-5 811
Sum post 78	4 275 118	4 300 000	-24 882

Kap. 3334 post 01, 02,16,18 – Ymse inntekter	Rekneskap 31.12.2012	Budsjett 2012	Avvik
Post 01 Driftsinntekter	6 405 645	8 118 000	-1 712 355
Post 02 Inntekter ved oppdrag	9 557 153	9 557 153	-
<i>(Løyving iflg. Tildelingsbrev 8 017 000)</i>			
Post 16 Refusjon fødselspengar	541 632	541 632	-
Post 18 Refusjon sjukepengar	690 385	690 385	-
Sum inntekter post 01, 02,16 og 18	17 194 815	18 907 170	-1 712 355

#### **Forklaringar til avvik i rekneskapen i forhold til tildelt budsjetttramme:**

Under kap. 3334 post 01 viser rekneskapen ei mindreinntekt på kr 1 712 355,- i forhold til tildelt budsjett. Mindreinntekta under kap. 3334 post 01 er i hovudsak knytt til ein vidare nedgang i salet av dvd. Bransjeorganisasjonen Film & Kino melder at nedgangen i kjøpefilm på dvd er ca. 26 % i totalmarknaden. Dette har òg ramma NFIs egne utgivingar og vart særleg merkbart utover hausten. NFI har lagt om salsstrategien sin frå 2013 og vil gjere ei evaluering av heile området ut frå resultatet for dette året.

Post 71 - Filmtiltak med meir består i tillegg til filmtiltak av innkjøpsordninga for norsk film og innkjøpsordningar for dataspel og film. For året viser posten ei mindreutgift på kr 5 812 500 i forhold til tildelt budsjett.

- 1 For filmtiltak står det att ei mindreutgift på kr 1 358 500 som er tildelt i 2012, men ikkje utbetalt. Mindreutgifta er søkt overført til 2013.
- 2 Innkjøpsordninga for digitalt innkjøp av kortfilm og dokumentarfilm er ikkje realisert i 2012, fordi vi ikkje fekk på plass ein avtale. I tillegg står det att midlar avsette til innkjøp av onlinespel, der ein heller ikkje har kome fram til ei god løysing. Desse midlane er søkt overførte til 2013 med totalt kr 4 454 000.

Under post 78 var tildelinga på kr 4 300 000 og består av filmkulturelle tiltak og stipend. Det er ei mindreutgift på kr 24 882 i 2012. Underforbruket er i hovudsak knytt til agio/disagio – kursforskjell på valuta.

## Fondsrekneskap 2012

### Likviditetsrekneskapen

Jf. likviditetsrapportar for fondskontoen i Noregs Bank UB 2011 og UB 2012 som viser høvesvis NOK 128 878 067 og NOK 211 946 687.

Disposisjonsrekneskap:

Kapittel 0334	
Post 50	
IB disponibelt pr. 01.01.2012	-3 909 872
Tildelingsbrev 2012 KUD	412 931 000
Tildelingsbrev 11/01334 Sørfond Utanriksdep.	5 000 000
Tilbakebetalt etter inntektsrapportering 2012	3 622 437
Tilskott tilbaketrekt	29 452 840
Tilbakebetaling produsentstøtte	1 233 909
Kapittel 0334	
Post 51	
Tildelingsbrev 2012 KUD, TV2 AS	10 130 000
Sum disponibelt 2012	458 460 314
Innvilga i 2012	423 785 408
UB pr. 31.12 .2012	34 674 906

Den samla fondsrekneskapen for NFI viser at det pr. 31.12.2013 er innvilga 423 785 408 kroner i fondsmidlar. Det er 34 674 906 kroner ikkje-disponerte midlar i 2012. Vel 12 millionar av dette kjem av ein tv-serie og ein kinofilm som på slutten av året melde at dei ikkje ønskte å utløyse vedteke tilskott. Vidare er det sett av ca. 30 millionar kroner til konkrete prosjekt innanfor Nye veier og Pakkefinansiert produksjon der det formelle produksjonsvedtaket vart utsett til 2013.

Det er eit vesentleg overforbruk knytt til etterhandstilskott. Overbruket er varsla i samband med behandlinga av budsjettet for 2013. Det er noko høgare enn estimert, noko som i det vesentlege kjem av at fleire produsentar enn føresett bad om at fortent etterhandstilskott vart utbetalt i kalenderåret 2012, framfor i 2013. Overforbruket frå 2012 blir dekt inn på samsvarande postar i budsjettet for 2013.

På andre postar blir mindrebruk overført til samsvarande postar for 2013-budsjettet. Ikkje-budsjettert inntekt på 4,8 millionar kroner er fordelt på kinofilm etter marknadsvurdering (1,06 millionar kroner) og etterhandstilskott (3,8 millionar kroner).

UB pr. 31.12.2012 harmoniserer ikkje med saldo på fondskontoen i Noregs Bank pr. same tidspunkt. Dette er fordi utbetalingane som regel kjem i rateutbetalingar i lang tid etter tildelingspunkta.


### iii Analyse 2012: Filmåret – eit overblikk

Besøksstølet i 2012 gjekk noko ned frå dei siste åra, og var slik sett eit varsla mellomår. I eit historisk perspektiv vil det vere rett å hevde at besøkstølet på norske filmar i åra frå 2008 til 2011 utgjer eit unntak snarare enn regelen. I desse åra har besøket på norske filmar lege på mellom 2,6 og 2,9 millionar pr. år, eit nivå som ikkje har vore nådd

sidan midten på 1970-talet. Og sjølv ikkje den gongen var besøket stabilt på eit så høgt nivå; det var berre i åra 1974–76 at besøket på norske filmar passerte to millionar.

Det gjennomgåande biletet av besøket på norske filmar dei siste førti åra viser store variasjonar i besøket frå år til år. Det viser òg at besøket har lege på eit vesentleg lågare nivå enn i dei seinare åra. Utviklinga blir tydeleg illustrert av figuren nedanfor.

iii | a Besøk, marknadssdelar norske filmar 1970–2012. Raud linje: besøk pr. år. Blå linje: marknadssdel pr. år. Grovt stipla linje: trend, besøk. Fint stipla linje: trend, marknadssdel.



Etter Aas 2011:47

Det figuren først og fremst viser, er dei krappe variasjonane som har vore karakteristiske for besøket på norske filmar gjennom tre tiår. Situasjonen i dei fire åra frå 2008 til og med 2011, med eit relativt høgt og stabilt besøk på mellom 2,6 og 2,9 millionar, er altså atypisk i historisk samanheng.

Det kan vere verdt å merke seg at resultatane i 2012 ikkje har brote den stigande trenden. Dette blir illustrert dels ved at årlege besøk på over 2 millionar i det heile ikkje vart oppnådd på 1980- eller 1990-talet, dels ved at besøket i 2012 ligg høgare enn gjennom første halvdel av 2000-talet – med unntak av 2003.


Dernest er figuren ein illustrasjon på dei lange utviklingslinjene i besøket for norske filmar: Ein lang, negativ trend nådde botnen i ein del kritisk svake år på midten og slutten av 1990-talet. I perioden 1991–1997 nådde norske filmar eit lågmål når det gjaldt besøk. I snitt oppnådde norske filmar berre vel 860 000 besøk pr. år i denne perioden.

Etter 2002, eit år da besøket på norske filmar nådde beskjedne 897 000, slo så ein ny, sterk og stabilt stigande trend inn. Det er rimeleg å sjå denne endringa bl.a. i samband med regjeringas "filmreform 2001": Samfunnsvitskapleg forskning viser at vellukka systemisk innovasjon og reform når "kritisk masse" alt ved eit nivå på omkring 15 prosent gjennomslag og deretter blir "sjølvoppebærande" (Rogers 1995:259). I forhold til botnnivået mellom 1991 og 1997 skulle derfor vendepunktet for å reversere den negative trenden vere nådd ved litt under éin million besøk. Det nivået passerte norske filmar i 2003 – og har i dei ti åra sidan ikkje vist tendensar til å vende tilbake til tidlegare, lågare nivå.

### Eit vanleg fenomen

Som nemnt viser figuren ovanfor at betydelege variasjonar i kinobesøket utgjer normalsituasjonen. Figur ii | b viser utviklinga i nasjonale marknadsdelar i dei nordiske landa frå 2005 til 2012.

iii | b Nasjonale marknadsdelar i Norden 2005–2012



Kjelde: NFI

Figuren viser svært tydeleg at alle dei nordiske landa har opplevd betydelege tilbakeslag i besøket på nasjonale filmar etter år med særleg stor suksess. Pilene indikerer åra med den mest markante tilbakegangen i marknadsdel. Det gjeld Danmark i perioden 2005–2008, Finland i to omgangar (frå 2008 til 2009 og frå 2010 til 2011), Island frå 2006 til 2007 og Sverige frå 2009 til 2010.

### Volum, volum, volum ...

Når besøket på norske premierefilm har gått tilbake i 2012, må dette sjåast i samanheng med talet på nye filmar, slik NFI har peikt på i tidlegare årsrapportar. Ein historisk analyse av snittbesøket på norske filmar viser at i perioden 1980–1989 var snittbesøket ca. 135 500 pr. film, men produksjonsvolumet var beskjedent – snautt ni filmar pr. år. I perioden 2000–2009 hadde snittbesøket falle til vel 102 000, men det vart laga 17–18 filmar pr. år. Gjennom dei siste tre åra er det laga i overkant av 27 filmar pr. år, men besøket pr. film har falle til ca. 91 000.

Når talet på norske kinofilmar fall frå 33 i 2011 til 23 i 2012, må ein tilbakegang på 820 000 besøk ikkje vere uventa. Faktisk er resultatet noko betre enn snittbesøksanalysen skulle tilseie.

Samtidig minner tabellen nedanfor om at besøket på norske filmar var vesentleg betre i 2008 og 2009, trass i noko færre filmar pr. år. Snittbesøk og produksjonsvolum gir dermed ikkje åleine svar på kvifor ein tilbakegang kom i 2012. Evna filmane har til å appellere til publikum, spelar også ei rolle for besøksresultatet.

### iii | c Besøksutvikling og marknadsdelar, norske filmar 2003–2013

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Besøk, norske filmar	2377747	1778171	1380381	1928263	1778681	2656517	2613502	2564402	2853620	2033278
Resultat sml. m. året før	165,0 %	-25,2 %	-22,4 %	39,7 %	-7,8 %	49,4 %	-1,6 %	-1,9 %	11,3 %	-28,7 %
Marknadsdel (besøk)	18,2 %	14,9 %	12,2 %	16,1 %	16,4 %	22,4 %	20,6 %	23,3 %	24,5 %	16,8
Tal på norske kinofilmar	18	17	20	20	21	21	22	25	32	23

Kjelde: NFI

### Færre, men viktige "lokomotiv"

Trekrafta til dei vellukka filmane når det gjeld å oppnå gode samla besøksresultat, har vore påvist tidlegare. Resultata i 2012 bekreftar denne konklusjonen. Berre tre av årets 23 filmar oppnådde eit besøk på over 100 000. Men desse tre filmane stod for 71,0 prosent av det samla besøket på norske filmar i fjor.

### iii | d Besøksdel av total, filmar med over 100 000 besøk, 2007–2012

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Samla
Besøk 100–200 000	3	7	3	6	4	1	3 346 071
Besøk 200–300 000	2	2	0	3	1	0	2 148 339
Besøk 300–400 000	0	1	3	0	1	0	1 359 303
Besøk 400–500 000*	0	1	0	1	0	1	1 250 566
Besøk >500 000*	0	0	1	0	1	1	9 670 828
Samla besøk filmar >100 000	911 509	2 291 767	1 866 486	2 021 846	1 697 279	1 513 682	10 302 569
Samla besøk norske filmar	1 778 681	2 656 517	2 613 502	2 564 403	2 853 621	2 033 278	14 500 002
Prosentdel 100 000+-filmar	51,2	86,3	71,4	78,8	59,5	74,5	71,0

\*- Inkluderer *Max Manus*, fordelt med 403 557 i 2008 og 759 263 i 2009

Berre i ekstremt gode (2011) og vesentleg svakare år (2007) har fordelinga mellom filmar med besøk over og under 100 000 vore jamnare. I 2011 verkar det rimeleg å tilskrive denne effekten det høge produksjonsvolumet, i 2007 er det like rimeleg å peike på fråværet av "storfilmar" som årsak. Konklusjonen må derfor vere at for å oppnå resultat på det nivået Filmmeldinga set som mål, med forventningane der om produksjonsvolum, er marknaden for norsk kinofilm avhengig av anten forholdsvis mange filmar som kan trekkje eit besøk på mellom 100 000 og 500 000, eller minst éin stor suksess med eit besøk på (godt) over 500 000, og ein del filmar som ligg i sjiktet 100 000–500 000. I 2012 oppfylte *Kon-Tiki* det første kriteriet. Men med berre to andre filmar over 100 000 besøk vart denne kategorien filmar for skrinn til å løfte det samla resultatet tilstrekkeleg til å halde oppe besøksnivået frå dei seinare åra.

I tillegg kjem den relativt låge delen fiksjonsfilmar i 2012, berre 17 av dei 23 kinofilmene, men tabell ii | e nedanfor viser at denne effekten var vesentleg mindre for totalresultatet enn (den manglande) "lokomotiveffekten" og volumeffekten.



iii | e Besøk, tal og snittbesøk pr. år, fiksjonsfilm 2006–2012

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Besøk norske fiksjonsfilmar*	2 051 411	1 596 605	2 571 982	2 522 540	2 421 272	2 511 368	1 973 688
Talet på fiksjonsfilmar	17	14	19	19	22	28	17
Snittbesøk, fiksjon pr. år	120 671	114 043	135 367	132 765	110 058	89 692	116 099

\* Besøk *Max Manus* fordelt med 403 577 i 2008 og 759 263 i 2009

Kjelde: NFI

NFI har tidlegare peikt på at for å oppnå 3 millionar besøk årleg med 20 fiksjonsfilmar må kvar fiksjonsfilm i gjennomsnitt oppnå eit besøk på 150 000. Tabellen ovanfor viser kor kritisk eit høgt gjennomsnittsbesøk blir for totalresultatet når produksjonsvolumet er lite.

### Framleis tillit til norsk film –

Framleis står norsk film sterkt i publikums omdømme. Ei undersøking frå desember 2012 viser at over to tredelar (67,4 prosent) seier at dei liker norske filmar "godt" eller "svært godt". Under éin av ti (9,4 prosent) har ei "dårleg" eller "svært dårleg" oppfatning av filmane. Tala viser ei viss svekking i omdømmet til norske filmar samanlikna med tilsvarande undersøkingar frå 2006 og 2007. Nedgangen reflekterer truleg eit reelt vonbrot over fjorårets filmar, men den er statistisk marginal. Samtidig kan det slåast fast at norsk film opptek det norske publikummet. Berre litt over éin prosent stilte seg i 2012 likegyldige og hadde inga meining når dei blei spurde om dei liker eller ikkje liker norsk film.

Film står òg framleis sterkt i folks kulturforbruksmønster.<sup>2</sup> Kino har framleis eit høgare besøk enn norske museum med 2,4 besøk pr. innbyggjar kontra 2,1 besøk på musea. Besøk på folkebibliotek ligg til samanlikning på 4,4 i året pr. person, mens teaterbesøket er på 0,36 pr. person.

### – men svakare tilslutning på tvers av plattformer

Oversikta som NFI starta i 2011 over det norske publikummet sitt forbruk av norsk film på ulike plattformer er ført vidare i 2012. Resultatet viser ein tilbakegang i påsyn av norsk film på alle plattformer som NFI har tilgang til data frå, frå 17 millionar i 2011 til 13 millionar i 2012 (minus 23,4 prosent). Sjå figur ii | f nedanfor.

iii | f Tilskodarar til norske kinofilmar 2012 etter visingsform

"Vindauge"/visingsform/"plattformer"	2011	2012
Kinoframsyrningar *	2 854 000	2 163 000
Video-/dvd-påsyn ‡	3 420 000	2 320 000
Klikkefilm	ikkje tilgjengeleg	ikkje tilgjengeleg
Vising på betal-tv	ikkje tilgjengeleg	ikkje tilgjengeleg
Vising på fri-tv	10 686 000	8 512 000
Vising i "tilknytte tenester"	ikkje tilgjengeleg	ikkje tilgjengeleg
Vising via "trådlause tenester"	ikkje tilgjengeleg	ikkje tilgjengeleg

\*- Inkl. etterslep av fjorårets filmar ‡- Berekna

Kjelde: NFI

Tilbakegangen i kinobesøk er kommentert ovanfor. Tilbakegangen i påsyn av norske filmar på dvd er betydeleg, 1 100 000 sjåarar tapte på eitt år (minus 32,2 prosent). Som nemnt i kap. 5.3 må denne negative tendensen sjåast som ein funksjon av den generelle svekkinga i dvd-marknaden, men er truleg òg påverka av få nye barnefilmar og få store publikumssuksessar på kino. Det kan derfor vere grunn til å tru at sviktande tilslutning på kinonivå har ein smitteeffekt på dvd-omsetninga.

<sup>2</sup> SSBs kulturbruksundersøkingar blir utførte berre kvart 4. år. Neste publikasjon kan ventast i 2013, på bakgrunn av tal frå 2012. Tala her er rekna ut på grunnlag av siste utgåve (2011) av SSBs årlege kulturstatistikk.

Tilbakegangen i sjåartal for norske filmar på fjernsyn på 2 174 000 (minus 20,3 prosent) kan truleg setjast i direkte samanheng med nedgangen i tilbodet av norske filmtitlar (minus 21,2 prosent) på NRKs tre kanalar og TV 2s to opne kanalar. Det er ein generell tendens at fjernsynskanalane i Noreg viser mindre film, både norske og utanlandske, til fordel for tv-drama.

**DELMÅL 1**  
**STYRKT PRODUKSJON**

## 1 Styrkt produksjon

Gjennomsnittleg minst 25 langfilmar i året, av dette fem dokumentarar og fem barne- og ungdomsfilmar.

Talet på premiefilmar på kino vart lågare enn målsettinga (23/25). For dokumentarfilm vart det produsert éin film meir enn målsetjinga (6/5), og for barnefilm berre to av målet på fem. Det er fleire grunnar til dette:

Enkelte av filmene som skulle hatt premiere i 2012, er blitt utsette. Det kjem dels av problem med å få på plass ei finansiering og dels av at nokre av filmene har lang produksjonstid. Det siste gjeld særleg for animasjonsfilm.

NFI reknar med at det samla produksjonsvolumet vil auke til rundt 25 kinofilmar i 2013.

Talet på premiefilmar med tilskott etter marknadsvurdering har vore låg i 2012 (2 titlar). Dette gjenspeglar seg i det samla besøkstallet for 2012. Det er ønskjeleg at det blir produsert fleire filmar med tilskott etter marknadsvurding. NFI vil derfor frå og med 2013 prioritere prosjekt ut frå både eit høgt publikumspotensial og publikumspotensialet sett i forhold til totalbudsjettet. Dette gjer det mogleg å auke talet på produksjonar innfor eksisterande budsjetttramme.

## 1.1 Tiltak for å nå målet om 25 langfilmer


I 2012 er det gitt førehandstilskott til produksjon av totalt 22 kinofilmar, av dei er fire dokumentarfilmer. Fire filmar har fått tilskott etter marknadsvurdering, éin film gjennom pakkefinansiert produksjon, to gjennom Nye veier til lange filmar og 14 filmar av konsulent etter kunstnarleg vurdering. Fem filmar er retta inn mot barn og ungdom.

NFI reknar med at det samla produksjonsvolumet vil auke i 2013. I 2012 er fire lange fiksjonsfilmar produserte utan førehandstilskott, men ikkje alle filmene som har fått produksjonstilskott i 2012, vil bli premieresette i 2013. Talet på premierar i 2013 er stipulert til 25 filmar, inkludert dokumentar. I tillegg har to filmar blitt innvilga tilskott som seinare er trekte tilbake fordi dei ikkje har hatt nødvendig dokumentasjon på plass innan fristen for utbetaling av første rate.

I 2012 vart det gitt produksjonstilskott til fire filmar etter marknadsvurdering. I prioriteringa av filmar som søker om tilskott etter marknadsvurdering, er det først og fremst publikumspotensialet til prosjektet det blir lagt vekt på. Vi ser at det ofte er ein samanheng mellom det estimerte publikumspotensialet og budsjetttramma for filmen. Filmar med eit høgt potensial har ofte eit høgt budsjett for å kunne tilfredsstille eit breitt publikumskrav til kvalitet og oppleving. Filmene har hatt eit gjennomsnittleg budsjett på 37 millionar kroner.

Fire filmar etter marknadsvurdering er lite for å sikre ein høg marknadssdel i dei kommande åra. Vi har derfor drøfta med bransjen ei ny prioriteringsordning frå første søknadsrunde i 2013: I kvar søknadsrunde vil den filmen som har høgast besøksestimat, bli prioritert, deretter vil filmene bli prioriterte etter besøksestimat/budsjett. Filmene må ha eit estimat på minst 200 000 besøk for å bli vurderte. Intensjonen med dette er at vi kvart år kan gå inn i to filmar med høgt budsjett (éin ved kvar søknadsrunde), og at vi utover dette går inn i minimum tre filmar med høgt besøksestimat og lågare budsjett. Målet er at det blir produsert minst fem filmar innanfor budsjetttramma for marknadsvurdert film.

Tre av filmene retta inn mot barn og unge har fått tilskott etter kunstnarleg vurdering, mens to av filmene har fått tilskott etter marknadsvurdering. Når det gjeld filmar for den yngste målgruppa (5 til 8 år), har vi sett at gruppa ikkje er stor nok til at filmene er blitt prioriterte etter marknadsvurdering, slik ordninga har vore i 2012. Desse filmene har derfor søkt konsulentvurdert tilskott. Begge filmene hadde ein høg del privat investering, og omsøkte midlar utgjorde ca. 11–22 % av budsjettet – noko som er lågare enn normalt. Dette har samanheng med at film retta inn mot barn har gunstigare vilkår for etterhandstilskott enn annan film, og risikoen for den private kapitalen er derfor mindre enn for annan film.



## 1.2 Tilskottsordningar

I det følgende kapittelet presenterer vi talet på søknader NFI har behandla i 2012. Talet på tilskott blir presentert etter format, type og tilskottsordning. NFI opererer med formata kinofilm, kortfilm, dokumentarfilm (ikkje for kino), fjernsynsseriar fiksjon og interaktive produksjonar. Vidare gir NFI følgjande typar tilskott: utvikling, produksjon, lansering utland, lansering Noreg og etterhandstilskott.

NFIs tilskottsordningar er knytte til dei ulike formata og typane tilskott. I 2012 tildelte NFI tilskott gjennom følgjande tilskottsordningar:

Tilskottsordningar utvikling, produksjon og etterhandstilskott	Utvikling	Produksjon
Tilskott etter kunstnarleg vurdering	Ja	Ja
Tilskott etter marknadsvurdering	Nei	Ja
Etterhandstilskott til kinofilm som har fått førehandstilskott	Nei	Nei
Etterhandstilskott til kinofilm som ikkje har fått førehandstilskott	Nei	Nei
Tilskott til pakkefinansiert utvikling av kinofilm	Ja	Nei
Tilskott til pakkefinansiert produksjon av kinofilm	Nei	Ja
Tilskott til samproduksjon (norsk minoritet)	Nei	Ja
Nye veier til lange filmar	Ja	Ja
Idéutvikling (av kinofilm)	Ja	Nei
Tilskott til kortfilm	Ja	Ja
Nye veier til korte filmar	Ja	Ja
Tilskott til dokumentarfilm som ikkje er kinofilm	Ja	Ja
Nye veier til dokumentarfilm	Ja	Ja
Tilskott til pakkefinansiert utvikling av dokumentarfilm	Ja	Nei
Tilskott til dokumentar fjernsynsserie	Ja	Ja
Tilskott til fjernsynsserie (fiksjon)	Ja	Ja
Tilskott til utvikling av interaktive produksjonar	Ja	Nei

Tilskottsordningar lansering			
Tilskott til lansering av kinofilm i Noreg			
Tilskott til lansering av audiovisuelle produksjonar i utlandet			
Tilskott til lansering av interaktive produksjonar i Noreg			
Tilskott til lansering av kinofilm med utanlandsk hovudprodusent			

Andre tilskottsordningar og stipendordningar			
Sørfond			
Manuskriptutvikling			
VIP-stipend			
Stipend til utlandet			
Filmrekrutteringsstipend			
Filmkulturelle tiltak			

### 1.2.1 Samandrag søknader og tilskott: tabellar og figurar

Totalt har NFI tildelt 430 tilskott på til saman 402 206 836 kroner i 2012. Sjå følgjande tabellar og figurar med oversikt over søknader og tilskott fordelte etter format, tilskottsordning og type.

#### 1.2.1 | a Søknader: fordelte etter format

	2009		2010		2011		2012	
	Søknader	Tilskott	Søknader	Tilskott	Søknader	Tilskott	Søknader	Tilskott
Kinofilm	251	153	250	162	268	187	334	199
Kortfilm	114	46	110	55	125	49	162	62
Dokumentarfilm (ikkje for kino)	330	77	246	92	267	104	368	114
Fjernsynsseriar fiksjon	42	33	28	18	41	31	38	27
Interaktive produksjonar	75	18	69	22	71	24	93	28
<b>Totalt</b>	<b>812</b>	<b>327</b>	<b>703</b>	<b>349</b>	<b>772</b>	<b>395</b>	<b>995</b>	<b>430</b>

#### 1.2.1 | b Tilskott: fordelte etter format

	2009		2010		2011		2012	
	Tal	Tilskott	Tal	Tilskott	Tal	Tilskott	Tal	Tilskott
Kinofilm	157	289 257 091	162	293 091 261	187	307 461 611	199	299 643 924
Kortfilm	46	22 662 305	55	21 737 670	49	19 773 835	62	18 476 901
Dokumentarfilm (ikkje for kino)	83	24 401 524	92	25 505 757	104	38 712 614	114	36 401 868
Fjernsynsseriar fiksjon	33	16 436 135	18	16 953 151	31	29 341 781	27	32 157 544
Interaktive produksjonar	18	10 600 000	22	12 830 000	24	12 145 000	28	15 526 599
<b>Totalt</b>	<b>337</b>	<b>363 357 055</b>	<b>349</b>	<b>370 117 839</b>	<b>395</b>	<b>407 434 841</b>	<b>430</b>	<b>402 206 836</b>

Tilskott som vart gitt til kortfilm, utgjorde 5 % av det totale tilskottsbeløpet. Tilsvarende tal for dokumentarfilm var 9 %, for fjernsynsseriar fiksjon 8 % og for interaktive produksjonar 4 %. Tilskott som vart gitt til kinofilm, utgjorde 74 %.

1.2.1 | c Tilskott: fordelte etter tilskottsordning (inkluderer alle typar tilskott) 2012

Tilskottsordning	Tilskott	Tal	Gjennomsnitt
Kinofilm konsulentvurdert	109 445 926	110	994 962
Kinofilm marknadsvurdert	99 977 215	13	7 690 555
Kinofilm utan førehandstilskott	41 400 000	15	2 760 000
Kinofilm dokumentar	11 704 605	28	418 022
Kinofilm samproduksjon	13 982 893	10	1 398 289
Kinofilm pakkefinansiering utvikling	1 786 602	10	178 660
Kinofilm pakkefinansiering produksjon	13 300 000	4	3 325 000
Nye veier til lange filmar	7 646 683	5	1 529 336
Idéutvikling (av kinofilmar)	400 000	4	100 000
Kortfilm	14 507 261	55	263 768
Nye veier til korte filmar	3 969 640	7	567 091
Dokumentarfilm enkeltstående	28 158 378	76	370 505
Dokumentarfilm seriar	8 400	1	8 400
Nye veier til dokumentarfilm	4 245 000	7	606 429
Dokumentarfilm pakkefinans. utvikling	2 795 000	13	215 000
Dokumentarfilm pakkefinans. lansering	1 195 090	17	70 299
Fjernsynsseriar fiksjon	32 157 544	27	1 191 020
Interaktive produksjonar	15 526 599	28	554 521
<i>Totalt</i>	<i>402 206 836</i>	<i>430</i>	<i>935 364</i>

1.2.1 | d Tilskott: fordelte etter type 2012

Type	Tilskott	Tal	Gjennomsnitt
Utvikling	44 407 242	165	269 134
Produksjon	216 665 546	95	2 280 689
Etterhandstilskott	105 378 190	34	3 099 358
Lansering Noreg	29 632 442	30	987 748
Lansering utland	5 723 416	102	56 112
<i>Totalt</i>	<i>402 206 836</i>	<i>430</i>	<i>935 364</i>

Produksjonstilskottet utgjorde 54 % av dei totale tilskotta til utvikling og produksjon. Etterhandsstøtta utgjorde 26 %, lanseringstilskott Noreg utgjorde 7 %, lansering utlandet 2 % og utviklingstilskottet 10 %.



1.2.1 | e Andre tilskott 2012

Tilskottsordning	Tilskott	Tal	Gjennomsnitt
Sørfond	4 000 000	7	571 428
Manuskriptutvikling	5 989 000	77	77 779
VIP-stipend	1 600 000	8	200 000
Stipend til kurs i utlandet	1 280 289	135	9 483
Filmrekrutteringsstipend	200 000	4	50 000
Filmkulturelle tiltak Post 78	2 680 929	27	99 293
<i>Totalt</i>	<i>15 750 218</i>	<i>258</i>	<i>61 47</i>

Sjå VEDLEGG 1 for ei utvida oversikt over tilskott 2012 etter ordning og type.

### 1.2.3 Pakkefinansiering

Produsentstøtteordninga som har vore aktiv frå 2002, vart 1. januar 2010 erstatta av pakkefinansiering. I pakkefinansieringsordninga blir tilskottet tildelt produksjonsselskapet gjennom ein rammekontrakt. Rammekontrakten er ikkje bunden til eit spesielt prosjekt, men er ein totalsum som kan fordelast mellom ulike prosjekt. Når rammekontrakten er innvilga, kan produksjonsselskapet søkje om å utløyse tilskott til eitt eller fleire ulike prosjekt. Formålet med ordninga er å styrkje evna produksjonsføretaka har til langsiktig kunstnarleg satsing på utvikling og produksjon av filmprosjekt. Vidare er formålet å bidra til langsiktig samarbeid mellom produksjonsføretak og filmskaparar. Sidan 2010 er det gjort vedtak om fire pakkar. Det er fire ulike selskap som har fått tilsegnene, og det er ei kjønnsfordeling på 50/50 blant regissørane.

Sjå tabellane nedanfor for ei oversikt over dei ulike typane pakkefinansiering, pakkefinansieringskontraktar innvilga i 2012 og tilskott utløyste i 2012. Tilskottet må ikkje utløyast same år som kontrakten blir inngått.

Det vart tildelt to tilskott til pakkefinansiert utvikling. Fire selskap fekk tilskott til pakkefinansiert utvikling av dokumentarfilm.

#### 1.2.2 | a Pakkefinansieringskontraktar inngått i 2012

Namn / type kontrakt	Produksjonsselskap	Kontrakt/ramme
Pakkefinansiert utvikling kinofilm	Fantefilm Fiksjon	600 000
Pakkefinansiert utvikling kinofilm	Maipo Film	600 000
Pakkefinansiert utvikling kinofilm	4 ½ Fiksjon	600 000
Pakkefinansiert utvikling dokumentarfilm	Skoteland film	750 000
Pakkefinansiert utvikling dokumentarfilm	Mediamente	650 000
Pakkefinansiert utvikling dokumentarfilm	Sant & Usant	800 000
Pakkefinansiert utvikling dokumentarfilm	Medieoperatørene	800 000
Pakkefinansiert produksjon kinofilm	Maipo Film (regi: Anne Sewisky)	2 kinofilmar
Pakkefinansiert lansering utland dokumentarfilm	Flimmer film	250 000
Pakkefinansiert lansering utland dokumentarfilm	Sant & Usant	250 000
Pakkefinansiert lansering utland dokumentarfilm	Mediamente	250 000
Pakkefinansiert lansering utland dokumentarfilm	Skoteland film	250 000
Pakkefinansiert lansering utland dokumentarfilm	Medieoperatørene TV	250 000

#### 1.2.2 | b Utløyst tilskott pr. tilskottsordning for pakkefinansiering i 2012

Namn / type kontrakt	Utløyst totalt 2012	
	Tilskott	Tal
Pakkefinansiert utvikling kinofilm	1 786 602	10
Pakkefinansiert produksjon kinofilm	13 300 000	3
Pakkefinansiert utvikling dokumentarfilm	2 795 000	13
Pakkefinansiert lansering utland dokumentarfilm	1 195 090	17

### 1.2.3 Manuskriptutvikling

Formålet med manuskriptutviklingsordninga er å stimulere til utvikling av manuskript av høg kunstnarleg og profesjonell kvalitet. Ordninga skal bidra til kontinuitet og produktivitet i manuskriptarbeidet og sikre eit breitt og mangfaldig repertoargrunnlag for alle målgrupper. Manuskriptutviklingsordninga kan gi tilskott til utvikling av alle typar langfilmmanus, både fiksjon og dokumentar, tv-drama og interaktive produksjonar. Ordninga rettar seg inn mot forfattarar som ikkje har inngått forpliktande samarbeid med ein produsent. Det kan bli gitt tilskott gjennom

heile utviklingsprosessen fram mot revidert førsteutkast av manuskript. Tilskotta blir gitt i ratar, og søknader blir behandla fortløpande.

Eitt prosjekt får gjerne fleire tildelingar, derfor blir talet på prosjekt lågare enn talet på tildelingar.

#### 1.2.3 | a Manuskriptutvikling 2011 og 2012

	Tilskott		Tal på tildelingar		Tal på prosjekt	
	2011	2012	2011	2012	2011	2012
Totalt	6 530 000	5 989 000	101	77	71	61

Årsaka til nedgangen i tilskott og talet på tildelingar er dels eit skifte av konsulentar i løpet av 2012, dels at det er gitt høgare tilskott til færre prosjekt.

## 2 Styrkt produksjon

Eit sterkt produksjonsmiljø, med auka talentutvikling, profesjonalitet og kontinuitet i produksjonen.

Tendensen med at filmproduksjonen samlar seg rundt ei gruppe selskap, heldt fram i 2012. Dei 18 fiksjonsfilmane som fekk førehandstilskott i 2012, blir produserte av 12 selskap. Fire selskap vil produsere to eller fleire filmar i 2012. NFI ser dette som eit uttrykk for at desse produksjonsmiljøa er blitt tydelegare og sterkare og har auka kontinuitet i produksjonen.

Selskap med kapasitet til å utvikle og produsere fleire filmar parallelt kan òg observerast blant produsentar av dokumentarfilm.

På spelsektoren er det fleire enn tidlegare av prosjekta som har fått utviklingsstøtte gjennom NFI, som blir ferdigstilte. NFI ser dette som eit uttrykk for auka profesjonalisering og gjennomføringsevne i norsk spelbransje.

Gjennom prosjektet Nye veier til lange filmer er det i 2012 gitt tilskott til to kinofilm. Begge vil bli regisserte av kvinner. Ytterlegare fire kinodokumentarar og sju kortfilm er i 2012 gitt tilskott innanfor rammene av "Nye veier"-konseptet.

Det har vist seg at det tek lengre tid enn venta før tilskott til pakkefinansiering blir utløyste og prosjekta blir gjennomførte. Éin slik produksjon er gjennomført i 2012 (premiere i 2013), og ytterlegare eitt vedtak om utløyseing av tilskott er gjort. NFI vil derfor samle fleire erfaringar med pakkefinansiering før det blir utlyst nye midlar.

NFI har halde fram med talentutviklinga og kursverksemda gjennom NFI:Lab med vekt på tiltak som styrkjer profesjonelle nettverk i bransjen og gir betre kjønnsbalanse, kompetanse i den digitale utviklinga og utvikling og produksjon av tv-drama. Det er utdelt åtte VIP-stipend og 139 andre stipend i 2012.

Norske kinofilm henta i 2012 vel 9,8 millionar kroner frå samproduksjonsfondet Eurimages og snautt 11,8 millionar kroner frå Nordisk film- og TV-fond. Norske bransjeaktørar (filmproduksjonsselskap, distributørar og kinoar) fekk snautt 12,9 millionar kroner frå EUs MEDIA-program i 2012.

NFI har teke ei aktiv rolle i arbeidet med å styrkje norsk fjernsynsdrama og tek tydelege initiativ i så måte. Blant anna er tilskott til fjernsynsdrama nesten fordobla dei siste fire åra, og det har vore fokusert på internasjonalt samarbeid og nettverks- og kompetansebygging.

NFI støttar opp under sterke produksjonsselskap som kan produsere fleire dokumentarfilm parallelt. Av dei 22 produksjonstilskotta som vart gitt i 2012, var det berre 2 selskap som fekk tilskott for første gong.

NFI gav 23 tilskott til utvikling og produksjon av interaktive produksjonar i 2012. Dette er 2 tilskott meir enn i 2011. Samtidig vart det løyvd 5 millionar kroner meir til interaktive produksjonar i 2012 samanlikna med 2011.

## 2.1 Tiltak for å nå målet om styrkte produksjonsmiljø og auka talentutvikling

Av filmene som hadde premiere i 2012, er det to regidebutantar som har fått førehandstilskott (20 prosent), og fem debutantar utan førehandstilskott (50 prosent). Prosentdelen debutantar er da på 39 prosent. Dette er lågare enn snittet dei ti siste åra (45 prosent). Vi meiner at debutantdelen bør liggje rundt 30–35 prosent for at vi skal sikre rekrutteringa av nye talent og samtidig ha rom for kontinuitet blant etablerte filmskaparar. Av sju debutantar er det éi kvinne, og ho debuterte med ein film utan førehandstilskott. Dette er andre film produsert utan førehandstilskott der ei kvinne debuterer som langfilmregissør. Til samanlikning har det dei siste 10 åra debutert 18 menn i filmar utan førehandstilskott.

Det er gjennom Nye veier til lange filmar gitt tilskott til utvikling og produksjon av to filmar. Begge filmene er regisserte av kvinner. Filmene er ein del av talentprogrammet til NFI. Utover langfilmene er det tildelt tilskott til utvikling og produksjon av fire dokumentarfilmar og sju kortfilmar innanfor Nye veier.

Vi ser òg at trenden der produksjonane er samla rundt nokre selskap, held fram, og at desse selskapa har knytt til seg fleire produsentar. Etter vår meining tyder dette på at produksjonsmiljøa er blitt tydelegare og sterkare. Dei 18 fiksjonsfilmene som har fått førehandstilskott, er produserte av 12 selskap. Fire av selskapa produserer to eller fleire filmar. Det var to debuterande produksjonsselskap som fekk førehandstilskott i 2011. Begge selskapa samarbeidde nært med meir etablerte selskap.

Fem av dei elleve filmene utan førehandstilskott som hadde premiere i 2012, var produserte av debuterande selskap, og fem av filmene oppnådde ikkje 10 000 besøk. To av desse fem filmene var dokumentarfilmar. I tillegg var det ti kinofilmar utan førehandstilskott som ikkje fekk ordinær kinodistribusjon, og som derfor ikkje er inkluderte i lista over premiefilmar i 2012. Desse ti filmene er produserte av debuterande selskap innan langfilmproduksjon. Årsaka til at debuterande selskap ikkje når ut i marknaden, er samansett, men tendensen er tydeleg: Det er vesentleg mindre sannsynleg at filmar som ikkje får førehandstilskott og der produsenten er debutant innan langfilmproduksjon, når over 10 000 besøk på kino.

I 2012 vart det gjennomført éin filmproduksjon innanfor ramma av pakkefinansiert produksjon (Paradox AS med regissør Erik Poppe og manusforfattar Harald Rosenløw Eeg). I tillegg vart det gjort vedtak om ytterlegare ei pakkefinansiering (Maipo AS med regissør Anne Sewitskij).

Gjennomføringa av prosjekta har teke lengre tid enn føreset. Vi meiner det er uheldig å låse ytterlegare midlar til pakkefinansiert produksjon før vi får nokon erfaringar frå dei fire første pakkane, og vi meiner også det er uheldig om pakkefinansiert produksjon totalt bind opp meir enn 1/3 av midlane for kunstnarleg vurderte filmar. Vi meiner derfor det er grunnlag for å vere tilbakehaldne med nye pakkefinansierte produksjonstilsegner i 2013, og det blir ikkje utlyst nokon tilskott for pakkefinansiert produksjon i 2013.

Vi har inntrykk av at det også innan dokumentarfilm er i ferd med å utvikle seg nokre tydelege og sterke selskap som kan produsere fleire prosjekt parallelt. Av 22 produksjonstilskott til enkeltstående dokumentarfilmar er det berre to selskap som har fått tilskott for første gong. Dette bidrar til sterke produksjonsmiljø med profesjonalitet i produksjonsledd og kontinuitet i selskapa. Vi ser og ein økning i antall regionale selskap, men her er ein tendens at selskapa opprettast rundt enkeltpersonar og enkeltprosjekt for å kunne gjere seg nytte av regionale tilskott. Desse selskapa kjem imidlertid ofte til kort i konkurransen om dei nasjonale midla.

Fire selskap fekk tilskott til pakkefinansiert utvikling av dokumentarfilm.

Det er gitt 23 tilskott til interaktive produksjonar. Vi ser ein tendens til at fleire utviklingsprosjekt går i produksjon tidlegare. Dette tyder på at bransjen er blitt meir profesjonell både i val av prosjekt og i gjennomføringsevne. Nivået på søknadene er svært bra.

Det har nok aldri blitt produsert så mykje kort fiksjonsfilm som i dag. Enkelt produksjonsutstyr gjer at moglegheitene til å lage egne filmar er enorme. Sjangeren er open; han omfattar blant anna animasjon, musikkvideo, novellefilm, kunstfilm, hybridfilm etc.

Kortfilm er den naturlege vegen inn i den audiovisuelle bransjen. Kortfilm er derfor ein opplagd arena for rekruttering og utvikling av nye talent. Mange som lagar kortfilm, har også den lange kinofilmen som mål.

Kortfilm kan òg vere vegen for nye produksjonsselskap inn i det norske profesjonelle miljøet og ein måte å skape eit internasjonalt og nasjonalt nettverk for nye produsentar og filmskaparar på.

NFI prioriterer tilskott til produksjon ut frå eit nasjonalt og internasjonalt nivå og til filmar som utviklar kortfilmens eigenart. NFI har i 2012 gitt tilskott til 22 prosjekt. Tilskottsnivået låg gjennomsnittleg på rundt 650 000 kroner. Høgaste tilskott var på 1,1 millionar kroner.

I Nye veier til kortfilm er det tilskott til åtte prosjekt. Dette er prosjekt som blir produserte innanfor fast definerte rammer, med eit maksimumsbudsjett på 1,5 millionar kroner. I vurdering og prioritering blir det lagt stor vekt på dei tidlegare arbeida til regissøren og i kor stor grad prosjektet bidreg til ei kunstnarleg utvikling for regissøren.

Det er framleis slik at det er gjennom fjernsynsdrama at størstedelen av det norske publikummet får kontakt med ny norsk dramatikk. Dramaseriar kan samle det store publikummet, samtidig som statusen til dramaserien òg har vakse hos kritikarar og filmskaparar. Tilskott til fjernsynsdrama hos NFI har blitt nesten fordobla på fire år. NFI har òg innanfor kompetansebygging hatt eit spesielt fokus på fjernsynsdrama.

Etter vår meining har det vore ei positiv utvikling i merksemda rundt fjernsynsdrama, og det har òg vore laga seriar som har vekt internasjonal interesse (spesielt Lilyhammer og Dag). Samtidig meiner vi at norsk fjernsynsdrama ikkje har klart å ta ut heile potensialet sitt. Vi meiner at det er viktig at NFI tek ei aktiv rolle i arbeidet med å styrkje norsk fjernsynsdrama og tek tydelege initiativ i så måte. Det er viktig for utviklinga av norsk tv-drama at dei såkalla eksterne miljøa kan utvikle kompetanse og produksjonar som kan svare på ambisjonane om at Noreg skal vere leiande i Norden i produksjon av fjernsynsdrama.

Rammevilkåra er endra positivt. Dei tekniske kostnadene for å produsere drama er reduserte, og drama er no sidestilt med alle andre fjernsynsprogram når det gjeld reklameavbrott og maks reklametid pr. time.

For å styrkje det internasjonale samarbeidet er det ønskeleg at norske produksjonsselskap er minoritetsprodusentar i andre lands produksjonar, men dagens forskrifter er i stor grad til hinder for dette.

Det er i 2012 gitt tilskott til sju drama, av dei tre for barn. Fire prosjekt vil bli viste på NRK, to på TV 2 og eitt på TV Norge. I tillegg har vi gjort intensjonsavtale med eit prosjekt om tilskott i 2013, som da blir disponert frå to budsjettår. Eitt tilskott vart trekt tilbake på grunn av manglande fullfinansiering av produksjonen.

Vi har i 2012 hatt eit møte med dramamiljøet om korleis NFI kan bidra til å heve kvaliteten på fjernsynsdrama. Dei viktigaste innspela var å prioritere utviklingsfasen, ha eit fokus på originalmanus og i størst mogleg grad vere føreseieleg. Det vil bli gjort nokre endringar i NFIs saksbehandling på bakgrunn av dette.

### **Transmedia**

I løpet av dei siste 20 åra har medielandskapet forandra seg med omsyn til korleis medium blir produserte og distribuerte. Samtidig har nye medium og plattformer bydd fram nye former for historieforteljing og måtar å engasjere publikum direkte på, utan å gå gjennom dei tradisjonelle "portvaktarane" i næringskjedene til media.

Det digitale landskapet stiller nye krav både til det norske produksjonsmiljøet og til NFI. Interesseorganisasjonar i begge miljøa står for eksempel steilt imot kvarandre i utfordringane knytte til delekultur og fildeling: på same tid ein trussel mot tradisjonelle finansieringsmodellar og ei moglegheit til breitt brukarengasjement.

Gamle finansieringsmodellar er ikkje lenger gjeldande. Krava frå publikum og behova til bransjen harmoniserer ikkje alltid med dei rutinane og retningslinjene som NFI har. Det er òg ein risiko for at eksisterande tilskottsordningar bevarer ein bransjestruktur som ikkje er tilpassa ein ny røyndom.

Det er behov for vidare kompetansebygging internt i NFI og for at NFI bidreg til at bransjen utforskar og tek i bruk nye digitale medium og uttrykksformer. Det vil på sikt vere viktig at også forskrifter blir tilpassa ein medierøyndom i stadig endring.

Det er i samarbeid med Cecilie Thorsen-Stranger utarbeidd ein strategi for UPAs arbeid med digitale og transmediale satsingar.

UPA ønskjer å vere bransjen sin viktigaste støttespelar i det digitale landskapet og leggje til rette for at nye historier og opplevingar når sitt publikum. I dette ligg å svare på bransjens behov for inspirasjon, kompetanseutvikling og nye nettverk i eit raskt skiftande digitalt landskap. I tillegg ønskjer NFI å leggje til rette for utforsking og finansiering av nye metodar for utvikling, produksjon og distribusjon, og utvikle relevante definisjonar for kvalitet og suksess i det nye digitale landskapet.

Det er gjennomført to transmedia LAB for prosjekt som har fått utviklingstilskott. Vidare har NFI vore partner i seminaret Digital Storytelling og gjennomført ein transmedial inspirasjonsdag for bransjen: Break on through. Eit internt seminar for NFI om korleis vi kan vurdere og evaluere transmediale prosjekt, er planlagt til våren 2013.

Fem prosjekt har fått tilskott som òg inkluderer kostnader i samband med transmedial utvikling/produksjon.

### **Barnefilm**

Gode audiovisuelle produksjonar for barn har alltid vore ei tydeleg målsetjing for NFI. Tett opp til 25 prosent av alle filmar som har hatt premiere dei siste ti åra, har vore retta inn mot barn. Vi meiner dette er ei viktig satsing, og ho blir tydeleg verdsett av publikum.

NFI har signalisert at barnefilm skal prioriterast i alle ordningar, og målsetjinga er å bidra til at norsk barnefilm skal bli leiande i Europa. Vi meiner at dette er viktig for å auke fokuset på – og som ei følgje av det tilgangen på – gode barnefilmprosjekt. Svært få originale barnefilmprosjekt er blitt presenterte for NFI i langfilmordninga. Dokumentarfilm for barn er så å seie fråverande, og det har òg vore få søknader om kortfilm utvikla med tanke på barn. Berre innanfor tv-drama og interaktive spel er det tilfredsstillande med søknader.

I 2012 har to konsulentvurderte og to marknadsvurderte barnefilmhar fått tilskott, i tillegg til at tre av sju fjernsynsdrama har barn som målgruppe. Vi har – forutan samarbeidet med barnefilmfestivalen i Kristiansand – òg oppretta ein nærare kontakt med CineKid i Nederland omkring seminar og produksjonsforum for barnefilm. Nederland har elles ein stor og god produksjon av barnefilm og er interessant som co-produksjonsland i så måte.

## 2.2 Talentutvikling

Kurs og utviklingsdelen i NFI – NFI:LAB – har i 2012 fokusert på fire område: 1) tiltak (kurs/seminar/konvent) som utvikla og styrkte det profesjonelle nettverket i bransjen, 2) tiltak som bidrog til å styrkje føresetnadene for ein betra kjønnsbalanse i produksjonen, 3) tiltak som styrkte kompetansen og forståinga for moglegheiter og utfordringar ved "den digitale revolusjonen", og 4) tiltak som styrkte kompetansen og ambisjonen for å utvikle og produsere nye tv-drama.

NFI:LAB har i 2012 gjennomført nokre workshopar og kurs spesielt for produksjonar som er i gang med tilskott frå NFI. Det har vore vellukka. Det er stor verdi i at produksjonar som har nokolunde same utfordringar, kan møtast, ta del i felles kompetanse og arbeide i felles workshop.

Det er gjennomført fire konvent i 2012, der Spelefilmkonventa og Spelkonventa var nye erfaringar. Tilbakemeldingane er svært positive. Det er i 2012 gitt 8 VIP-stipend til regissørar.

### 2.2 | a VIP-stipend 2012

Mottakar	Tilskott
Eva Dahr	200 000
Arild Andresen	200 000
Nils Gaup	200 000
Vibeke Idsøe	200 000
Anita Killi	200 000
Espen Sandberg	200 000
Joachim Rønning	200 000
Knut Erik Jensen	200 000

### 2.2 | b Andre stipend 2012

Namn / type stipend	Stipend tildelt	
	Tilskott	Tal
Stipend til kurs i utlandet	1 280 289	135
Filmrekrutteringsstipend	200 000	4
<i>Andre stipend totalt</i>	<i>1 480 289</i>	<i>139</i>

### 2.2 | c Tal på kurs, seminar og meisterklassar, berre NFI 2012

	Tal på kurs, seminar og meisterklassar	Tal på deltakarar
Totalt	40	1 796

### 2.2 | d Tal på kurs, seminar og meisterklassar, NFI og samarbeid med andre 2004–2012

	Tal på kurs, seminar og meisterklassar									
	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	
Totalt	21	29	40	41	30	37	45	27	40	



## 2.3 Overnasjonal støtte

Etter reglane i Cinema Communication, EUs regelverk for statsstøtte til filmproduksjon frå 2001,<sup>3</sup> er overnasjonal støtte ikkje rekna inn i kor mykje statstilskott kvar enkelt film kan få ("aid intensity"). Dette åleine er god nok grunn til å sjå overnasjonal støtte som ein eigen kategori i filmfinansiering – og kor mykje av denne støtta som går til norske prosjekt. Men også av kultur- og næringspolitiske årsaker er overnasjonal støtte verd å merke seg særskilt. Både Eurimages, Europarådets fond for samproduksjon av film, og Nordisk Film- og TV-Fond (NFTVF) har eit klart formulert oppdrag om å styrkje produksjonen (og distribusjonen) av europeisk, respektive nordisk, film. Det same gjeld EUs MEDIA-program, der Noreg deltek. Men mens Eurimages og NFTVF gir produksjonstilskott, rettar støtta frå MEDIA-programmet seg mot fasane før og etter produksjon.

### 2.3.1 Eurimages

Eurimages er Europarådets fond for samproduksjon av film, oppretta i 1988, og består av 36 medlemsland. Fondet yter tilskott til produksjon av spelefilm og "kreativ dokumentarfilm". Vilkaoret for å kunne søkje om tilskott frå Eurimages er at prosjektet det blir søkt støtte til, er ein samproduksjon mellom minst to land som er medlemmer av fondet. I 2012 forvalta Eurimages MEUR 23,3 millionar euro (ca. 175 millionar kroner), av det MEUR 22,3 millionar euro (ca. 167 millionar kroner), i tilskottsmidlar.

2.3 | a Tilskott frå Eurimages til norske produksjonar 2007–2012.<sup>4</sup> Berre norsk del oppgitt for minoritetssamproduksjonar. Halvfeit = norsk majoritetsproduksjon. Valutaomrekning etter Noregs Banks årsgjennomsnitt.

År	Prosjekt <sup>5</sup>	Samproduserande land	Norsk produksjonsselskap	Tilskott EUR	Tilskott NOK (avrunda)	
2007	Appelsinpiken	NO, ES, DE	Helgeland Film	500 000	4 008 000	
	Max Manus	NO, DE	Filmkameratene	580 000	4 649 000	
2008	Kongen av Bastøy	NO, FR, PL	Spillefilmkompaniet 4 ½	600 000	4 932 000	
	Mama Gaga	IS, DE, NO	Filmhuset	31 500	250 000	
2009	Robert Mitchum est mort	FR, DE, PL, NO	Sweet Films	24 000	210 000	
	Simon och ekarna	SE, DE, DK, NO	Filmkameratene	70 000	611 000	
	Kvinden, der drømte om en mand	PL, DK, SE, NO	Maipo Film & TV Produksjon	46 000	402 000	
	The Garbage Prince	FI, NO	Flimmerfilm	30 000	262 000	
	Hjem til jul	NO, DE	BulBul Film	400 000	3 491 000	
	Limbo	NO, DK, SE	SF-Norge	220 000	1 920 000	
	The Essence of Killing	PL, NO, FR, IE	Sylinderfilm	60 000	524 000	
	2010	BabyCall	NO, DE, SE	Spillefilmkompaniet 4 ½	300 000	2 402 000
	Teori og praksis	NO, SE, FR, DK	Friland Produksjon	300 000	2 402 000	
	Djupið	IS, NO	Filmhuset	40 000	320 000	
Domen över död man	SE {NO}, DK	[Maipo/Filmlance]	22 500	180 000		
2011	Kon-Tiki	NO, SE, DK	Nordisk Filmproduksjon	500 000	3 896 000	
	Comrade	NO, SE, DE	Zentropa Int'l Norway	250 000	1 948 000	
	Det viktigste er forbi	NO, SE	4 ½ Fiksjon	270 000	2 104 000	
	Pioner	NO, DE, SE	Friland Produksjon	400 000	3 117 000	
	En duva satt på en gren...	SE, FR, NO, DE	4 ½ Fiksjon	71 500	557 000	

<sup>3</sup> Ny versjon venta å bli offentleggjort og tre i kraft frå 2013.

<sup>4</sup> Ei oversikt over tildelingar 2004–2010 finst i NFIs årsrapport 2010, s. 40.

<sup>5</sup> Ei rekkje av filmene har seinare fått andre titlar: *Teori og praksis* = *Sønner av Norge*, *Comrade* = *Into the White*, *Det viktigste er forbi* = *Uskyld*, *Grenade* = *A Thousand Times Good-Night*, *Privatdetektiven* = *Detektiv Downs*. Ikkje alle prosjekta har hatt premiere pr. januar 2013.

	Kraftidioten	NO, SE, DK	Paradox Spillefilm	460 000	3 585 000
	August Fools	FI, NO, CZ	Pomorfilm	34 2000	266 500
2012	Grenade	NO, IE, SE	Paradox Spillefilm	550 000	4 111 000
	Privatdetektiven	NO, CZ, DK	Friland Produksjon	350 000	2 616 000
	Dirk Ohm	NO, SE, DE	Mer Film	420 000	3 139 000

Kjelde: NFI/Eurimages

Etter ein periode med relativt beskjeden interesse for Eurimages frå norske produsentar kom ei markant endring i 2007. Det er rimeleg å sjå den betydeleg auka interessa for Eurimages som uttrykk for ei generell internasjonalisering av den norske filmbransjen, men òg som uttrykk for ambisjonar, kanskje særleg blant regissørar og produsentar, om å gjennomføre meir avanserte filmprosjekt med internasjonalt potensial.<sup>6</sup>

Eurimages blir finansiert ved bidrag frå medlemslanda. Noregs bidrag går fram av tabellen nedanfor.

2.3 | b Noregs bidrag til Eurimages 2007–2012. Vekslingkurs etter Noregs Banks årsgjennomsnitt

År	Samla budsjett, EUR	Norsk bidrag, EUR	Norsk bidrag, NOK	Norsk bidrag, prosent
2007	20 056 310	383 055	3 070 300	1,91
2008	20 460 200	394 938	3 256 153	1,93
2009	20 848 900	421 547	3 679 473	2,02
2010	23 330 600	452 563	3 623 581	1,94
2011	23 373 300	447 249	3 485 233	1,91
2012	23 296 900	447 817	3 347 163	1,92

Kjelde: NFI/Eurimages

Som det går fram av 2.3 | b, har norske filmprodusentar motteke ca. 52 millionar kroner til prosjekta sine frå Eurimages over dei siste sju åra. I same periode utgjorde det norske bidraget til Eurimages ca. 20,5 millionar kroner. Norske produsentar har altså sidan 2007 motteke to og ein halv gong så mykje i tilskott frå Eurimages som Noreg har gitt som bidrag til fondet. I 2010 fekk tre norske prosjekt vel 9,8 millionar kroner i produksjonstilskott frå Eurimages. Det utgjør omtrent tre gonger så mykje som det norske bidraget på litt under 3,4 millionar kroner.

<sup>6</sup> For ein nærare gjennomgang og analyse, sjå Aas 2012.

### 2.3.2 Nordisk film- og TV-fond

Nordisk Film- og TV-Fond (NFTVF) vart stifta i 1990 på initiativ frå Nordisk Ministerråd. Fondet var opphavleg eit samproduksjonsfond etter mønster av Eurimages. Det har seinare omdefinert rolla si og står no fram med "hovudformål å fremme film- og fjernsynsproduksjon av høg kvalitet i dei nordiske landa". I 2012 forvalta NFTVF 72 millionar kroner i tilskottsmidlar.

#### 2.3 | c Tilskott frå NFTVF til norske produksjonar 2007–2012. Tilskott i MNOK (2007–2010)

År	2007				2011		2012	
	Tilskott NOK	Tal	Tilskott NOK	Tal	Tilskott NOK	Tal	Tilskott NOK	Tal
Utviklingsstøtte	930 000	4	475 000	3				
Produksjonsstøtte, spelefilm	10 700 00	6	7 500 000	5				
Produksjonsstøtte, dokumentar	1 050 000	3	750 000	2				
Produksjonsstøtte, TV-fiksjon	3 050 000	3	2 250 000	2				
Distribusjon og dubbing	1 100 000	6	820 000	5				
Filmkulturelle tiltak	530 000	2	0	0				
Samla tilskott	12,3	13,6	4,3	12,6	17 360 000	24	11 795 000	17

Kjelde: NFI/Nordisk Film- og TV-Fond

NFTVF blir finansiert gjennom ein avtale mellom Nordisk Ministerråd, dei fem nordiske kulturdepartementa/filminstitutta og fjernsynsselskap i dei nordiske landa. Noregs bidrag til NFTVF var i 2012 14,6 millionar kroner. Av dette stod Kulturdepartementet for 7,3 millionar kroner og NRK og TV 2 for omkring 3,7 millionar kroner kvar.

Etter eit år med særleg høge tilskott og mange norske prosjekt i 2011 har tilskotta frå NFTVF til norske produksjonar i 2012 falle tilbake til eit nivå litt under gjennomsnittet for dei føregåande fem åra. Tilskotta til norske prosjekt låg i 2012 på ca. 2,8 millionar kroner, eller 19,2 prosent under det norske bidraget til NFTVFs tilskottsbudsjett. Det er ikkje mogleg å peike på bestemte og konkrete årsaker til dette; forklaringa ligg truleg i generell variasjon.

### 2.3.3 MEDIA-programmet: Tilskott til produksjon, kurs og kompetansebygging

MEDIA-programmet er EUs program til støtte for den audiovisuelle industrien i Europa. Hovudformålet til MEDIA-programmet er å fremme kompetanse, samarbeid og konkurranseevne blant profesjonelle i den europeiske audiovisuelle bransjen. Dei mange tilskottsordningane<sup>7</sup> bidreg til høgare kvalitet, betre finansiering og breiare distribusjon av europeiske verk i og utanfor Europa. For den norske bransjen fungerer MEDIA-programmet som ein vesentleg internasjonaliseringsfaktor.

Samarbeidsprosjektet MEDIA Mundus, mellom Europa og resten av verda, er òg ein del av MEDIA-programmet.

Det noverande MEDIA-programmet er det fjerde i rekkja og blir avslutta ved utgangen av 2013. Noreg slutta seg til MEDIA-programmet i 1993 og har delteke i MEDIA Mundus frå 2011. 33 land deltek i dag i MEDIA. Noreg er knytt til MEDIA via EØS-avtalen. Det norske kontaktpunktet for MEDIA-programmet er MEDIA Desk Noreg, som er organisatorisk knytt til Norsk filminstitutt.

Sjå oversikt over tilskott til norsk film- og kinobrandsje i tabell 2.3 | d nedanfor.

<sup>7</sup> Ein gjennomgang av dei ulike programma finst i NFIs Årsrapport 2010, s. 46–48, og på <http://www.mediadesk.no/iCM.aspx?Pageld=4>.

Trass i aktiv norsk deltaking i MEDIA på omtrent same nivå som tidlegare representerer 2012 ein reduksjon i tilskott på nærare 7 millionar kroner samanlikna med året før. Den viktigaste årsaka er å finne i færre tilskott innanfor ordningane for tv-distribusjon og for selektiv (kino)distribusjon til norske filmar i utanlandske marknader. Mens tre prosjekt fekk nærare 4 millionar kroner frå tv-distribusjon i 2011, var det i 2012 berre ein norsk søkjar i denne ordninga. I 2011 fekk fem nye norske filmar distribusjonstilskott på over 5 millionar kroner, mens tilsvarande i 2012 var under halvparten, fordi berre ein ny norsk film vart inkludert i ordninga. Til saman utgjør tilbakegangen i tilskott i desse to kategoriene nær 6,5 millionar kroner.

Tv-distribusjon er ei ordning der tilskott har ein tendens til å svinge kraftig frå år til år. Stammen i prosjekt som får støtte, er dokumentarfilm med relativt låge tilskottsbeløp pr. prosjekt. Men i 2011 vart det søkt om støtte til to seriar, ein tv-fiksjon og ein animasjonsserie. Tilskotta som vart gitt til desse prosjekta, skyvde tilskottsbeløpet betydeleg opp.

Også selektiv distribusjonsstøtte til kinofilm er i ein viss grad prisgitt konjunkturrørsler, men nedgangen i tilskott speglar truleg òg at den norske filmproduksjonen er noko vanskelegare å selje i 2012 enn i 2011.

MEDIA gir tilskott til arrangørar som i sin tur tilbyr den profesjonelle bransjen eit mangfald av anerkjende kurs/workshopar og marknader/co-finansieringsfora. Desse spelar ei vesentleg rolle for nettverksbygging i den europeiske bransjen og er ein viktig internasjonaliseringsfaktor for den norske film-, fjernsyns- og spelbransjen. MEDIA gav i 2012 ut to katalogar: Training & Networks 2012 og Markets & Networks 2012 – begge publiserte gjennom nettsida til MEDIA Desk Noreg [www.mediadesk.no](http://www.mediadesk.no).

I 2012 deltok over 50 norske produsentar, manusforfattarar og andre på MEDIA-kurs og -marknader med stipend frå NFI. Talet på deltakarar er på same nivå som tidlegare år.

### 3 Styrkt produksjon

Ein økonomisk solid bransje gjennom effektive og målretta tilskottsordningar, auka private investeringar og marknadsinntekter.

Det er ikkje etablert nokon systematisk metodikk for å berekne eller evaluere soliditeten i norsk filmbransje. NFI har bedt om eit møte med Produsentforeininga for å diskutere kva som kan gjerast for å få i stand tilfredsstillande rapportering på dette punktet.

Konsulentvurderte filmar som fekk tilskott i 2012, hadde eit gjennomsnittsbudsjett på 18,3 millionar. Gjennomsnittlege førehandstilskott var 39 prosent som er ein nedgang på 6 prosent i forhold til 2011. Marknadsvurdert film hadde i 2012 eit gjennomsnittsbudsjett på 37 millionar kroner og førehandstilskott på 39 prosent. Budsjetta for marknadsvurderte filmar er dobla sidan 2009.

Ein veit ikkje sikkert korleis etterhandsstøtte verkar inn på budsjett og finansiering. NFI vil derfor gjennomføre ei evaluering av effektane av etterhandstilskottet i løpet av 2013.

Ei undersøking av vilkåra i dokumentarbransjen viser at han består av mange aktørar i små selskap spreidde over heile landet, men med tyngdepunkt i Oslo og Bergen. Selskapa har anstrengd økonomi og små marginar. Prosjekta har lite internasjonal finansiering og blir for det meste viste på tv, der NRK er ei viktig finansieringskjelde.

Gjennomsnittsbudsjett for dokumentarfilm var i 2012 2,8 millionar kroner, og NFIs tilskottsandel var 42 prosent, noko NFI ser på som tilfredsstillande.

Innsatsen av privatkapital i norske kinofilm har auka jamt sidan perioden 2006–2009 og låg i 2012 på 61,5 prosent. Det er ikkje gjort nærare analysar av samansetjinga når det gjeld privatinvesteringane i kinofilm.

Berekningar av konsolidering i den norske filmbransjen viser ein markant trend mot konsolidering og kontinuitet når vi samanliknar perioden 2007–2011 med føregåande femårsperiodar. Selskap som laga to til fire filmar i perioden, hadde det høgaste snittbesøket pr. film.

### 3.1 Tiltak for å nå målet om ein økonomisk solid bransje

I 2012 vart det tildelt totalt 149 millionar kroner i førehandstilskott til produksjon av kinofilm frå NFI. Det er ein auke på vel 16 millionar samanlikna med 2011. Totalt budsjett for desse filmene var 384,5 millionar kroner, noko som er ein auke på 86 millionar sidan 2011. Dette medfører at annan produksjonskapital auka frå 56 prosent til 61 prosent.

Snittbudsjett for alle fiksjonsfilmar som fekk tilskott i 2012 var 21 millionar kroner. Dette er noe lågare enn i 2011. Berre to filmar har eit budsjett som ligge rundt snittet (20 og 24 millionar). Dei resterande fordelar seg i lågbudsjettfilmar (under 16 millionar) og høgbudsjettfilmar (over 25 millionar).

NFIs andel av førehandstilskott til både kunstnariskvurderte filmar og marknadsvurderte filmar var 39 prosent.

Det har vore eit mål å auke den prosentvise delen av budsjettet innanfor konsulentordninga som NFIs førehandstilskott utgjør, men det har gått motsett veg i 2012. Dette indikerer at vi har gitt tilskott til noko fleire prosjekt enn vi har stipulert i målsetjinga vår. Totalt er det gitt tilskott til 13 fiksjonsfilmar for kino gjennom konsulent, mens det ideelle talet innanfor noverande budsjetttrammer ligg mellom åtte og ti.

Fire av filmene som fekk tilskott etter konsulentvurdering, var filmar som ville blitt produsert uansett med privat kapital, på bakgrunn av forventet fullt etterhandstilskott. NFIs førehandstilskott var derfor avgrensa, men bidrog til å få på plass nokre satsingar som kunne styrkje produksjonen.

Innanfor kunstnarleg vurderte filmar varierte førehandstilskottet mellom 6 prosent og 66 prosent av budsjetta.

Gjennomsnittsbudsjettet for filmar med tilskott etter marknadsvurdering aukar mest. I 2009 var det på ca. 18,6 millionar kroner, i 2010 var det på 23,3 millionar (eksklusive Kon-Tiki), mens det i 2011 var på 29,6 millionar kroner. I 2012 har snittbudsjettet auka til 37 millionar kroner. Det nominelle tilskottet har i 2012 i snitt vore 14,4 millionar kroner (39 prosent).

Etterhandstilskottet utgjør ein større del av finansieringa av filmene. I og med at tilskottet kan utbetalast over fleire år, er det for tidleg å konkludere for 2012. Dei 23 filmene som vart premieresette i 2012, hadde eit samla produksjonsbudsjett på ca. 388 millionar kroner. NFIs førehandstilskott til desse filmene var 85 millionar kroner, dvs. 22 prosent av produksjonsbudsjettet. Årsaka til auka budsjett for marknadsfilm er at nye forskrifter vart innførte i 2010. Forskriftene sette publikumspotensial som overordna kriterium, og den øvre grensa for totalt tilskott pr. film vart fjerna. Dette har ført til at store og kostbare publikumsfilmar har hatt eit fortrinn, fordi publikumspotensialet deira som regel er større enn for filmar med lågare budsjett. Frå 2013 vil dette endrast, slik at publikumspotensial i forhold til budsjett blir lagt til grunn ved vurdering av marknadsvurderte filmar.

I 2011 – da talmaterialet for utbetalt etterhandstilskott var meir komplett – var NFIs førehandstilskott til 32 premierofilmar ca. 130 millionar kroner, eller 32 prosent av produksjonsbudsjettet. For desse filmene er det i etterkant utbetalt 117 millionar kroner (28 prosent). NFIs samla tilskott til filmar i 2011 (førehandstilskott og etterhandstilskott) var ca. 223 millionar. Dette tilsvarer 53 prosent av eit samla produksjonsbudsjett på ca. 433 millionar kroner.

I 2011 var det gjennomsnittlege tilskottet pr. billett 169 kroner for filmar etter kunstnarleg vurdering, 65 kroner for filmar etter marknadsvurdering og 90 kroner for filmar utan førehandstilskott. Dette speglar karakteren til tilskottsordningane, både at marknadsfilmar skal selje mange billetter, og at filmar etter kunstnarleg vurdering treng relativt sett meir støtte. Vi meiner likevel at filmar som var produserte utan førehandstilskott, burde hatt eit høgare samla publikumstal og eit lågare snitt i tilskott pr. billett.

Totalt var tilskottsprosenten av produksjonsbudsjettet i 2011 (førehandstilskott og etterhandstilskott) 53 prosent til kunstnarleg vurdert film, 77 prosent til filmar med førehandstilskott og 38 prosent til filmar utan førehandstilskott. Vi ønskjer at NFIs prosentdel til kunstnarleg vurdert film aukar. Det kan berre gjerast ved å heve førehandstilskottet. Skal førehandstilskottet aukast, må også budsjetttrammene aukast om vi skal klare å halde oppe målet om 25 filmar pr. år.

I perioden 2010 til 2012 har det vore premieresett 67 fiksjonsfilmar. Det samla produksjonsbudsjettet for desse filmene er ca. 1200 millionar kroner. Det statlege tilskottet er ca. 600 millionar kroner. Det samla budsjettet for dei 27 filmene som ikkje har fått førehandstilskott, er vel 300 millionar kroner. Når vi legg tala for 2011 til grunn, er det rimeleg å anta at NFIs tilskott til desse filmene ligg på 114 millionar kroner (34 prosent), noko som tilsvarer 3,7 millionar pr. film.

Talet på premierefilmer som er produserte utan førehandstilskott, er fallande. I 2011 var det 15. I 2012 var det 9, og vi forventar 5 produksjonar i 2013. NFI ser at distributørane er meir forsiktige når det gjeld å distribuere filmer utan førehandstilskott. Erfaringar viser òg at filmer utan førehandstilskott sjeldnare når grensa på 10 000 besøk som utløyser etterhandstilskott. For desse produsentane er det derfor vanskeleg å skaffe nødvendig kapital.

Etterhandstilskottet er vanskeleg å estimere frå år til år, og det påverkar kor mange prosjekt NFI kan gi førehandstilskott til. Vi meiner òg at utrekninga som baserer seg på prosent av budsjett, kan vere kostnadsdrivande. Vi er òg usikre på om den nye ordninga har jamna ut forskjellar i tilskottsdelen mellom kunstnarleg og marknadsvurdert film. Vi vil gjere ei evaluering av etterhandstilskottet i løpet av 2013.

Produksjonstilskottet for dokumentarfilm er auka frå ca. 0,6 millionar kroner i 2010 til ca. 1,08 millionar i 2011 og ca. 1,3 millionar i 2012. Det gjennomsnittlege produksjonsbudsjettet for enkeltstående dokumentarar er ca. 2,8 millionar kroner i 2012. NFIs del av budsjettet er i 2012 42 prosent. Det er noko mindre enn i 2011, men er eit nivå vi meiner er tilfredsstillande.

NFI gjennomførte i 2011 i samarbeid med Produsentforeninga ei undersøking omkring dokumentarfilmmiljøet med utgangspunkt i selskap som hadde fått tilskott til produksjon i 2009. Undersøkinga stadfesta at dokumentarbransjen består av mange aktørar med eit stort fleirtal av små produsentar. Vidare gav undersøkinga grunnlag for å hevde at verksemdene er spreidde over heile landet, men med Oslo og Bergen som tydelege tyngdepunkt. Mange produsentar har marginal økonomi, sjølv dei beste viser tal som er i underkant av det ein kunne ønskje. Prosjekta har i all hovudsak lite eller inga internasjonal finansiering. Dokumentarfilmer blir sett av mange på TV, men det er låge besøkstal på kino. NRK er ein svært viktig aktør i finansieringa av filmene.

### 3.2 Eigenkapital

Eigenkapitalen som blir investert i norsk filmproduksjon, utgjør eit mål på risikoviljen i bransjen og trua investorane har på økonomisk avkastning frå filmproduksjon. Eit uttrykt mål for norsk filmpolitikk er å styrkje eigenkapitalen i norsk filmproduksjon. Ein målestokk på dette er graden av eigenkapital i produksjonane. Tabellen nedanfor viser eigenkapital i prosent av budsjettet for norske filmproduksjonar i perioden 2006–2012.

3.2 | a Eigenkapital i norske kinofilmar 2006–2012

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Eigenkapital, % av totalt budsjett	48,1	51,6	50,2	46,6	53,4	58,4	61,5

Kjelde: NFI

Tidlegare kartleggingar<sup>8</sup> og tabellen ovanfor viser at innsatsen av eigenkapital i norsk filmproduksjon har stige frå ein tredel av samla budsjett i 2002 til over halvparten i dei seinare åra og til meir enn 60 prosent i 2012. Utviklinga i omfanget av private investeringar viser at eigenkapitalen har stabilisert seg på over 50 prosent og er jamt aukande.

Det er særleg produksjonar med høgt budsjett, og dessutan produksjonar utan førehandstilskott, som aukar den samla eigenkapitalen.

NFI har ikkje utført nokon analyse av samansetjinga av eigenkapitalen. Mykje tyder på at størsteparten kjem frå kjelder i bransjen, bl.a. i form av minimumsgarantiar frå distributørar og i form av stabs- og leverandørkredittar. Omfanget av "innsider-investeringar" samsvarer med tidlegare forskning (Gaustad 2008:23). I tillegg viser bakgrunns materialet at forsøl av utanlandsrettar og kapitalinnsatsen til produsentane sjølve utgjør vesentlege element av eigenkapitalen.

<sup>8</sup> Ei oversikt over "eigenfinansiering" for perioden 2002–2006 finst i tabell 3.13, s. 36, i Filmmeldinga.


### 3.3 Auka marknadsinntekter

Det er ikkje etablert analyseparametrar for å måle utviklinga av marknadsinntekter. NFI har bedt om innspel frå Norske film- og TV-produsenters forening om korleis registrering og rapportering av marknadsinntektene til norske filmprodusentar best kan skje.

### 3.4 Konsolidering og kontinuitet i bransjen

I Filmmeldinga vart det på dette punktet lagt fram ein figur (figur 3.4, s. 27) som illustrerte konsolidering blant uavhengige norske filmprodusentar.<sup>9</sup> Framstillinga var utført i femårsintervall og ført å jour fram til og med 2006. NFI har ført denne registreringa vidare for ein ny femårsperiode, 2007–2011.

#### 3.4 | a Konsolidering blant norske produksjonsselskap 1992–2011



Kjelde: NFI

Figuren viser tydeleg ei forsterka konsolidering i bransjen i den siste femårsperioden. Mens ein i analysen frå 2006 meinte å sjå "en viss tendens til konsolidering og kontinuitet" sidan 2002, er denne tendensen i løpet av perioden 2007–2011 blitt til ein markant trend.

Talet på selskap som har produsert éin film i perioden, er på omtrent same nivå som i førre periode. Men talet på selskap som har produsert 1–2 filmar,<sup>10</sup> har skote i vêret frå eitt selskap i førre periode til 53 selskap i siste periode. Også for selskap som har produsert 2–3 filmar og 3–4 filmar, er auken betydeleg mellom dei to siste periodane. Talet på selskap som har produsert meir enn fire filmar, dvs. hatt minst ein filmproduksjon pr. år, har derimot berre stige frå seks til sju. Dei bakanforliggjande data viser at fleire av desse selskapa figurerte i same kategori i begge periodane. Dette underbygger observasjonen om at det eksisterer ein kjerne av uavhengige norske produksjonsselskap som er i meir eller mindre kontinuerleg produksjon av kinofilm. Samtidig har også talet på produsentar som "har forsøkt seg", men ikkje oppnådd å komme opp i ein jamt høg produksjonstakt, auka.

<sup>9</sup> Ein skal vere merksam på at kategoriane som inndeler selskapa etter produksjonsvolum, er overlappende: 1–2 filmar, 2–3 filmar, 3-4 filmar, >4 filmar.

<sup>10</sup> Berekingane frå 2006 inneheldt òg ein kategori for selskap som hadde produsert "mindre enn éin film" i dei føregåande periodane. Til denne kategorien vart rekna selskap som hadde samprodusert med andre norske produsentar. Sidan "nasjonale" samproduksjonar knapt finst lenger og betydninga av dei er marginal, har NFI ikkje funne det formålstenleg å inkludere denne kategorien i berekingane for perioden 2007–2011.



Tal for nyregistrerte selskap og for tal på tilsette i aksjeselskap som har filmproduksjon som hovudformål, lagde fram i rapporten "For en neve dollar mer" (Ryssevik og Vaage 2011:71), viser at også andre sentrale indikatorar stadfestar at produsentbransjen er i vekst og konsolidering.<sup>11</sup>

Tabell 3.4 | b viser at eit høgt produksjonsvolum ikkje nødvendigvis vil seie høge besøkstal på kino. Selskap som har laga 2–3 filmar, og selskap som har laga 3–4 filmar, oppnådde høgare gjennomsnittleg besøk på filmene sine enn selskap som hadde produsert meir enn 4 filmar. Selskapa med dei lågaste produksjonsvoluma, 1 eller 1–2 filmar over fem år, har klart lågare besøkstal i snitt.

3.4 | b Snittbesøk pr. film innanfor volumkategoriane

	Kategoriar, produksjonsvolum				
	1 film	1–2 filmar	2–3 filmar	3–4 filmar	>4 filmar
Tal på filmar i perioden	55	35	29	13	52
Snittbesøk pr. film	60 644	34 362	126 466	260 480	103 577

Kjelde: NFI

Det kan vere grunn til å tru at det låge snittbesøket på filmar frå selskap som har produsert meir enn 4 filmar i perioden, speglar ein normal variasjon. Inntekter frå vellukka produksjonar subsidierer mindre vellukka produksjonar. For selskapa i den andre enden av skalaen er det nokså openbert at filmar som vart laga i 2011 i håp om å profitere på etterhandsstøtta, bidreg til eit lågt snittbesøk pr. film.

Samtidig må det presiserast at verken figur 3.4 | a eller tabell 3.4 | b fangar opp overgangane mellom periodane. Særleg gjeld det selskap i start- eller avviklingsfasar som ikkje fell saman med periodiseringa i tabellverket. Slike selskap kan ha produksjon fordelt over to (eller fleire) av dei definerte periodane, med plass i ein kategori for lågt produksjonsvolum i éin periode og i ein kategori for høgt volum i den neste. Sett frå selskapets perspektiv vil likevel verksemda fortone seg som (meir eller mindre) jamt stigande (eller fallande).

<sup>11</sup> Rapporten legg fram tal for bransjevekst i Oslo/Akershus-regionen og i regionar med og utan filmfond. Det finst derfor ikkje klare, samla tal for landet som heilskap. Men dei tala som blir lagde fram, er eintydige for dei aktuelle regionane.

**DELMÅL 2**  
**SOLID PUBLIKUMSOPPSLUTNING**

#### 4 Solid publikumsoppslutning

Minst 3 millionar besøkjande på norske filmar, tilsvarande 25 prosent av kinomarknaden.

Målet om 3 millionar besøk og 25 prosent marknadssdel for norske filmar er ikkje nådd i 2012. Nedgangen i publikumstalet i 2012 var venta og speglar færre premierefilm, og dessutan færre barne- og ungdomsfilm. Det er heller ingen av 2011-filmene som har markert seg spesielt i 2012.

NFI fordelte i 2012 24,6 millionar kroner i lanseringstilskott til 28 norske kinofilm i Noreg. I snitt utgjorde lanseringstilskotta 12 kroner pr. seld kinobillett. For konsulent- og marknadsvurderte filmar har lanseringstilskotta stort sett stått i forhold til søknad og resultat på kino. For filmar utan førehandstilskott har lanseringstilskotta vore høgare enn resultatene skulle tilseie. Kinodokumentarar er særleg dyre å lansere på kino, sett i forhold til besøkstala.

I tillegg til å gi lanseringstilskott utfører NFI eit omfattande arbeid for å støtte produsentane sine til å handle strategisk når det gjeld lansering, marknadsføring og sal av filmene. NFI har òg sett i verk ein serie profileringsiltak for norske filmar vis-à-vis media, filmbransjen og allmenta.

Sjølv med lågare besøkstale i 2012 har marknadsdelen til norsk film etablert seg på nivå med dei nordiske landa elles. Marknadsdelen til norske filmar ligg vesentleg høgare enn i andre land i Europa som det er naturleg å samanlikne seg med.

Ei omdømmeundersøking viser at norsk film står sterkt blant publikum. Denne posisjonen er berre marginalt svekt samanlikna med undersøkingar frå 2006 og 2007. 67,4 prosent av det norske publikummet meiner framleis at norsk film generelt er "god" eller "svært god".

Prioriterte område og særskilde utfordringar i 2012:

NFI har i 2012 utarbeidd ein internasjonal strategi for verksemdas arbeid i utlandet.

NFI har gjennom arbeidet sitt lagt vekt på at norske prosjekt samproduserer med utlandet, for å kunne styrkje filmtilbodet her i Noreg og auke sjansen for distribusjon av norske produksjonar internasjonalt.

Opprettinga av Sørfond har bidrege til å styrkje den internasjonale nettverkkompetansen til norske produsentar.

#### 4.1 Besøkstal, marknadsdel og billettinntekt

Nedgangen i publikumstalet speglar færre premiefilmar, og dessutan færre barne- og ungdomsfilmar.

Målet om 25 prosent marknadsdel er ikkje nådd. Med 2 162 643 besøk og 17,8 prosent marknadsdel ligg besøket 24,3 prosent under 2011-nivået.

Seks kinodokumentarar hadde premiere i 2012, éin meir enn målet i Filmmeldinga. Men med berre to barnefilmar låg resultatata i 2012 tre titlar under målet. Nedgangen i publikumstalet for 2012 var venta og er særleg knytt til to faktorar: færre premiefilmar og færre barne- og familiefilmar. Det er heller ingen av 2011-filmene har markert seg spesielt i 2012.

Resultata for 2012 er òg drøfta fleire stader i denne rapporten, sjå bl.a. kapittel iii. Resultata for kinofilmene i 2012 fordeler seg som vist i tabell 4.1 | a.

##### 4.1 | a Norske kinofilm premierar med ordinær kinodistribusjon 2012

Tittel	Produksjonsselskap	Regissør	Premiere	Besøk	Bill.inntekt
Varg Veum – De døde har det godt	Cinemiso	Erik Richter Strand	20.01.	60 137	5 330 863
Inn i mørket	Vidvinkel Film	Thomas Wangsmo	03.02.	1 082	67 920
Thale	Yesbox Productions	Aleksander Nordaas	17.02.	19 319	1 668 491
Kompani Orheim	Motlys	Arild Andresen	02.03.	77 958	6 337 871
Into the White	Zentropa Norge	Petter Næss	09.03.	42 976	3 697 850
Fuck Up	Viafilm	Øystein Karlsen	16.03.	21 574	1 837 733
Når boblene brister *	Eyeworks Dinamo	Hans Petter Moland	23.03.	1 500	113 135
Varg Veum – Kalde hjerter	Cinemiso	Trond Espen Seim	30.03.	68 583	6 257 942
Shakespeares skjulte sannhet *	Videomaker	Jørgen Friberg	13.04.	1 682	148 760
Wide Blue Yonder – Begravelse til besvær	Euromax/ Wide Blue Films	Robert Young	25.05.	1 412	117 958
Kon-Tiki	Nordisk Film Produktion	Joachim Rønning/ Espen Sandberg	24.08.	881 941	79 691 006
Til ungdommen *	Sant & Usant Dokumentarfilm	Kari Anne Moe	31.08.	28 534	1 515 678
Tina & Bettina – The Movie	Tappeluft Pictures	Simen Alsvik	07.09.	188 409	16 549 422
Som du ser meg	Motlys	Dag Johan Haugerud	14.09.	29 356	2 532 331
Mer eller mindre mann	Ape & Bjørn	Martin Lund	14.09.	11 172	926 957
90 minutter	4 ½ Fiksjon	Eva Sørhaug	21.09.	45 891	4 122 753
Liv & Ingemar *	Nordic Stories	Dheeraj Akolkar	28.09.	8 129	658 832
Flukt	Fantefilm	Roar Uthaug	28.09.	54 514	4 757 962
Skvis	Filimo Film	Kathrine Haugen	05.10.	7 046	483 327
Med trekkspill til Operaen *	DokuFilm	Frode Vestad	25.10.	4 438	363 533
De andre *	Speranza Film	Margreth Olin	26.10.	15 307	976 246
Uskyld	4 ½ Fiksjon	Sara Johnsen	02.11.	19 005	1 468 971
Reisen til Julestjernen	Moskus Film	Nils Gaup	09.11.	443 332	35 714 092

\*Kinodokumentar Besøk og billettinntekt pr. 31.12.2012

Minoritetssamproduksjonar oppnår svært beskjedne besøkstal og har halde seg på same nivå som tidlegare: 16 008 besøk i 2012, mot 12 606 besøk i 2011.

#### 4.1 | b Samproduksjonar med norsk minoritetsprodusent 2012

Tittel	Produksjonsselskap	Regi	Premiere	Besøk	Bill.inntekt
Mama Gógó	Hughríf, Filmhuset Produksjoner, Pandora Film, White River	Friðrik þór Friðriksson	10.02	837	63 576
En fiende att dö för	s/s Fladen Film, Riva Film, Maipo Film	Peter Dalle	30.03	2 298	216 006
Zwei Leben	Zinnoberfilm, Helgeland Film B&T Film	Georg Maas	19.10	12 873	920 373

Besøk og billettinntekt pr. 31.12.2012

Kjelde: NFI/Film & Kino

#### 4.1 | c Andre norske filmar med kinooppsetjing, utan ordinær distribusjon 2012

Tittel	Produksjonsselskap	Regissør	Premiere	Besøk	Bill.inntekt
Elevator	Quite Nice Pictures	Stig Svendsen	20.01.	2 071	167 526
Tuba Atlantic	Den norske filmskolen	Hallvar Witzø	03.02.	1 734	1 100
Harde strenger	Heia Filmproduktion, Cleverhill Studios, Magne Håheim	Torgeir Hegna	25.02.	1 421	110 119
The Rocka	Graceland Film Co.	Robert Næss	20.04.	444	30 295
Slottsvakten 1945 *	Hallreproduksjon	Øystein Hallre	08.05.	815	53 720
Kammermagi *)	Music in Motion	Sean Lewis	20.07.	289	23 775
Kult og kort for stort og smått	Div. produsenter / Norsk filminstitutt	Div. regissører	25.05.	1 722	7 080
Eksorsisten i det 21. århundre *	Gammaglimt	Fredrik Horn Akselsen	19.10.	335	32 600
Kanskje i morgen *	Vapen & Dramatik/ Filmhøgskolan i Göteborg	Mariken Halle	16.11.	234	21 088
Dunderland	Dunderland Filmkompani	Finn-Erik Rognan/ Nils J. Nesse	30.11.	2 926	263 804

Besøk og billettinntekt pr. 31.12.2012

Kjelde: NFI/Film & Kino

#### 4.2 Tiltak for å nå målet om 3 millionar besøkjande og 25 prosent marknadsdel på norske filmar

Eit viktig tiltak for å støtte opp under lanseringa av filmar er tilskott til lansering av filmar i Noreg.

Etter reglane kan produsentar av norske kinofilm, dvs. filmar som kvalifiserer for produksjonsstøtte og/eller etterhandsstøtte, søkje om tilskott til lansering av filmene i Noreg. Kravet er at filmen er i "ordinær kinodistribusjon", forstått som at filmen er allment tilgjengeleg gjennom ein distributør, og at han får oppsetjing i minst tre av dei store byane Oslo, Bergen, Trondheim, Stavanger, Kristiansand og Tromsø.

##### Tilskott

NFI hadde i 2012 eit lanseringsbudsjett i Noreg på 28 millionar kroner til lansering av kinofilm og 3 millionar kroner til interaktive spel. Budsjettet for lansering i utlandet var på 6 millionar kroner. Totalt har NFI gitt tilskott på 24 631 530 til lansering av norske kinofilm i Noreg. Årsaka til at NFI ikkje nådde budsjettmålet på 28 millionar kroner, var at ein del av tildelingane til filmar med premiere i 2012 vart gjorde på slutten av 2011. Storleiken på lanseringstilskotta varierte frå 100 000 kroner til 2 millionar kroner. Gjennomsnittleg lanseringstilskott pr. film låg i 2012 på 1,1 millionar kroner. Dette gir eit gjennomsnittleg tilskott pr. kinobillett på 12 kroner.

#### 4.2 | a Tilskott til lansering i Noreg 2011–2012

Tilskott til lansering i Noreg	2011	2012
Samla lanseringstilskott	38 764 796	29 205 843
Tal på kinofilmstøtta	33	28
Tilskott, snitt pr. film	1 174 690	1 043 065
Tal på fiksjonsfilmstøtta	30	22
Tilskott, snitt pr. film	1 227 333	1 197 696
Tal på kinodokumentarstøtta	3	6
Tilskott, snitt pr. film	648 265	476 088

Alle filmene som har fått produksjonstilskott etter marknadsvurdering, vart i 2012 tildelte maksimalt lanseringstilskott på 2 millionar kroner. Dei marknadsvurderte filmene har i 2012 levert eit høgt besøk, og det gjennomsnittlege tilskottet pr. besøk vart dermed relativt lågt. Tilskottet pr. besøk for dei marknadsvurderte filmene var i 2012 3 kroner. Dei konsulentstøtta filmene ligg på eit gjennomsnitt på 37 kroner pr. besøk, filmar utan førehandstilskott har fått 23 kroner pr. besøk og kinodokumentarane 54 kroner pr. besøk.

Dei største avvika i forhold til gjennomsnittet er *Inn i mørket* med eit tilskott pr. besøk på 333 kroner og kinodokumentarane *Når boblene brister* og *Shakespeares skjulte sannhet* med høvesvis 200 kroner og 238 kroner pr. besøk.

Vi ser at kinodokumentarane er dyre å lansere på kino, noko som kjem av det relativt avgrensa publikumspotensialet desse filmene har sett samanlikna med kva det kostar å lansere ein film på kino. For å nå målet om at 5 dokumentarfilm i året skal opp på kino, legg NFI noko meir vekt på lanseringsplanar og lanseringstidspunkt enn på publikumspotensialet, slik at desse filmene relativt sett vil få meir i lanseringstilskott pr. besøk enn fiksjonsfilmene.

Lanseringskampanjane for norske filmar skil i liten grad mellom ulike målgrupper. NFI ønskjer å bidra til at norske produsentar blir meir spissa i valet av marknadskommunikasjon, ved at produsentane i større grad tek i bruk marknadsanalysar og testvisingar.

Det er ei utfordring at støttesystemet i dag er utforma slik at produsentane hentar dei største inntektene i produksjonsbudsjettet og i form av minimumsgarantiar frå distributørar. Dette kan føre til at produsentane har mindre fokus på publikum og besøkstal og meir fokus på å finansiere opp produksjons- og lanseringsbudsjetta. Ein relativt stor del av lanseringsbudsjetta består av kostnader hos produsenten som blant anna lønn og bruk av eige produksjonsutstyr. Produsentane hentar på denne måten ein del av inntektene sine i produksjonen og i lanseringa av filmen. Fordi minimumsgarantien frå distributørane tel med som ein del av inntektene til filmen når det blir berekna etterhandstilskott, har distributørane fått ei enda meir sentral rolle i produksjonen og lanseringa av norske filmar.

### **Samle og formidle kunnskap, profilere merkevara**

Eit ledd i NFIs arbeid for å auke fokus på inntening frå marknaden er å auke bransjens kunnskap om marknadene, slik at produsentane kan handle strategisk når det gjeld lansering, marknadsføring og sal av filmene. NFI har i 2012 systematisert erfaringane frå tidlegare lanseringskampanjar og samla dei i ein eigen "erfaringsdatabase", som dels fungerer som benchmarkinginstrument i vurderinga av tilskottssøknader, dels som hjelpemiddel i NFIs rolle som rådgjevar overfor produsentane.

Frå og med 2012 har NFI òg kjøpt seg inn i marknadsundersøkinga FilmMonitor frå TNS Gallup. Undersøkinga, som baserer seg på intervju med eit representativt utval norske forbrukarar, gir NFI kvalitativ informasjon om preferansane og vanane til kinopublikummet. Målet med erfaringsdatabasen og FilmMonitor er å bidra til meir målretta og kostnadseffektive lanseringar, slik at norske filmar i størst mogleg grad treffer sitt optimale publikum.

NFI formidlar denne kunnskapen til produsentane i planleggings- og evalueringsprosessen for ei kinolansering. Det blir gjennomført oppstartmøte for lansering av alle norske kinofilmar som har fått lanseringstilskott. Møta skal bidra til auka medvit rundt posisjonering og lansering av norske kinofilmar og bidra til å avklare forventningane mellom produsent og NFI i søknadsprosessen.

NFI har i tillegg til ei tett oppfølging av lanseringsarbeidet til produsentane og distributørane sett i verk ein serie profileringstiltak vis-à-vis media, allmenta og filmbransjen:

- Filmvåren/Filmhausten: Vising av klipp frå og intervju med folka bak dei norske kinopremierane kommande sesong. Arrangementet er retta inn mot media.
- Blått Lerret: Vising av klipp og intervju/samtalar med folka bak kommande kinofilmar og fjernsynsdrama. Retta inn mot allmenta, går føre seg på Parkteatret i Oslo. Sju arrangement i 2012, og dessutan to under Bergen Internasjonale Filmfestival, presenterte 15 kinofilmar, fem fjernsynsseriar og eit utval kortfilm. Svært godt besøkt.
- Bransjemøte med distributørar og kinosjefar under festivalane i Tromsø, Trondheim (Kosmorama), Haugesund og Bergen.

NFI er sekretariat for den norske filmprisen Amanda og ser dette arbeidet som eit ledd i å styrkje merkevara norsk film hos publikum og presse.

### **Internasjonal satsing**

Vi har i 2012 arbeidd med å få på plass ein internasjonal strategi for NFIs arbeid.

Arbeidsgruppa har hatt samtalar med dei fleste tilsette i NFI som har internasjonale oppgåver, i tillegg til ein del eksterne aktørar som er relevante i denne samanhengen. Strategien peiker primært på det meir overleggjande og går lite inn på tiltaksnivå.

NFI skal ta eit sjølvstendig ansvar for internasjonaliseringa av norsk audiovisuell produksjon og stå fram som ein synleg og tydeleg pådrivar for norsk produksjon og lansering internasjonalt.

Det er i strategien definert nokre samarbeidsland som fokusland. Dette er land som vi – etter interne og eksterne drøftingar – meiner kan tilføre oss noko i form av marknad, kompetanse og co-produksjonsmidlar, og som har vist stor interesse for norsk samarbeid.

Dei primære fokuslanda i den internasjonale strategien er Sverige, Danmark, Tyskland, Frankrike og Nederland. Samarbeidet omfattar blant anna tiltak om gjensidig kontakt på institusjonsnivå, tiltak for å stimulere og underbygge bransjens individuelle kontakt med individuelle aktørar på definerte område, deltaking på festivalar og salsmarknader og filmkulturell utveksling.

Vi har òg definert nokre andre prioriterte samarbeidsland: Finland, Island, England, Irland, Belgia/Luxembourg, Polen, Baltikum, Canada og USA. Dette er land der NFI skal stimulere og underbygge bransjens individuelle kontakt med individuelle aktørar på definerte område. Det er òg ønskjeleg å delta på festivalar og salsmarknader i desse landa med tanke på å fremme distribusjonen av norske filmar.

### **Samproduksjon**

Tilbodet til det norske publikummet kan styrkjast gjennom at norske filmproduksjonar får tilført internasjonal kompetanse, internasjonal finansiering og inntekter frå internasjonalt sal.

Samproduksjonar med utlandet aukar sjansane for internasjonal distribusjon, både for kinofilm og i enda større grad for dokumentarfilm og tv-drama.

Vi legg vekt på at norske prosjekt blir samproduserte internasjonalt som eit middel for å styrkje tilbodet av produksjonar for heimemarknaden og auke internasjonal distribusjon av norske audiovisuelle produksjonar.

Norske produsentar må stimulerast til å delta meir i internasjonale finansieringsforum og internasjonale nettverk, og det er viktig at vi kan bidra til å gjere norske prosjekt meir synlege ved å vere til stades i utvalde internasjonale finansierings- og samproduksjonsforum.

Ein god samproduksjonsavtale bør gi noko begge vegar. Både hovudprodusent og minoritetsprodusent må oppleve ein reell og gjensidig verdi i det å samprodusere. På same måte skal offentlege midlar frå samproduserande land forvaltast på ein slik måte at det skaper verdiar for alle partar.

Ein auka norsk samproduksjon vil føre til auka press på tilsvarande motytingar frå land vi samproduserer med, og dette vil auke kravet om at norske produsentar skal delta aktivt som minoritetsprodusentar i prosjekt i andre nasjonar.

Vi meiner at langsiktig samarbeid mellom produsentane, og tidlegare merittar på anerkjende internasjonale festivalar og i internasjonalt sal, er viktig for ein vellukka samproduksjon. I tillegg må det vere eit vesentleg bidrag av norske kunstnarar og fagfunksjonar, og dessutan bruk av norske locations og norske audiovisuelle tenester.

Sjansane for å få tilskott til samproduksjonar mellom norske minoritetsprodusentar og internasjonale majoritetsprodusentar bør stå fram som attraktive for internasjonale produsentar av ein viss storleik og ei viss tyngd, noko som tilseier at tilskott til enkeltprosjekt bør vere av ein viss storleik. Vi prioriterer større tilskott til færre prosjekt. I 2012 var det sju prosjekt som delte på 11 millionar kroner. Fem av prosjekta var svenske, eitt var dansk, og eitt var finsk. Det viser at det nordiske samarbeidet står sterkt, men det svenske innslaget er litt for dominerande. NFI har i 2012 samarbeidd med Dansk filminstitutt om eit møte mellom danske og norske produsentar for å stimulere til auka samarbeid.

NFI har i 2012 presentert norske samproduksjonsmoglegheiter i finansierings-/samproduksjonsforum i Sverige, Nederland, Tyskland, Frankrike, England, Finland, Italia og Canada og under New Nordic Films i Haugesund. Vi har òg hatt besøk av representantar for finansieringsforumet i Berlin, som har presentert seg for norske produsentar.

### **Sørfond**

Sørfond er ein unik konstruksjon rundt bistandshjelp innanfor filmproduksjon og skal først og fremst bidra til produksjon av nasjonal film i land på den såkalla DAC-lista. Midlane kjem frå Utanriksdepartementet, men blir forvalta av NFI.

Sørfond har styrkt den internasjonale merksemda rundt Noreg. Det har òg vist seg at Sørfond er i ei særstilling i å styrkje norske produsentars sjansar til å bli del av sterke internasjonale nettverk som ein normalt ikkje får tilgang til, og Sørfond gir norske produsentar kontakt med filmskaparar av høg internasjonal klasse.

Sørfond har bidrege til å styrkje norske produsentars internasjonale kompetanse og internasjonale nettverk.


Sørfond disponerer 10 millionar kroner fordelt over fem år. I 2012 vart det gitt produksjonstilskott til 7 prosjekt av 38 søknader. I tillegg var det nærare 250 prosjekt som søkte Film frå Sørs pitchforum.



### Marknadsdel etter billettsal

Norske filmar omsette for 175,4 millionar kroner på kino i 2012, ein nedgang på 59,2 millionar kroner eller 25,2 prosent. Målt etter billettinntekter ("Box Office") var den norske marknadsdelen 15,8 prosent i 2012, ein nedgang frå 22,6 prosent i 2011.<sup>12</sup>

#### 4.2 | b Marknadsdelar, norske kinofilm 2005–2012 etter besøk og billettinntekt



Kjelde: NFI / Film & Kino

At norske filmar har ein lågare marknadsdel målt etter billettinntekt enn etter talet på besøk, viser at billettprisen på norske filmar i snitt er lågare enn på utanlandske. Årsaka er truleg den sterke stillinga barnefilm har på norske kinoar. Rett nok har lågare pris for barn blitt sjeldnare med åra, men praksis heng framleis igjen i form av ulike rabattar på billetter. Eit anna moment som spelar inn når billettprisen blir lagt til grunn for marknadsdelen, er innslaget i kinorepertoaret av utanlandske filmar med høgare billettpris enn vanleg. 3D-film er typiske eksempel på filmar som driv snitnivået for prisen på kinobilletter opp. I 2012 stod 3D-film for 25 prosent av billettsalet på norske kinoar.

### Billettprisar

Norske kinoar selde billetter for 1110,1 millionar kroner i 2012. Det er tredje gong billettinntektene kryssar éinmilliardnivået i Noreg. Av dette beløpet stod utanlandske filmar for 934,7 millionar kroner og norske filmar, som nemnt, for 175,4 millionar kroner.

Gjennomsnittleg billettpris på norske kinoar var i 2012 kr 91,60, mot kr 89,20 i 2011 og kr 86,60 i 2010, ein oppgang på kr 2,40, eller 2,7 prosent, frå 2011 til 2012. Norske filmar hadde i snitt blitt kr 4,00, eller 4,7 prosent, dyrare frå 2011 til 2012. Når gjennomsnittleg billettpris på norske filmar steig meir enn snittprisen for alle filmar, stadfestar det at barnefilmene har hatt eit svakare innslag i det norske kinorepertoaret i 2012 enn tidlegare.

<sup>12</sup> NFI-tal; Film & Kinos berekningsmåte gir ein norsk marknadsdel etter besøk på 17,9 prosent og etter billettinntekter på 16,6 prosent.

#### 4.2 | c Billetinntekt og marknadsdel, norske filmar 2005–2012

	Billetinntekter, norske filmar	Billetinntekter, alle filmar	Norsk marknadsdel etter billetinntekter
2005	98 309 993	685 239 539	12,6 %
2006	130 094 858	721 910 623	15,2 %
2007	115 462 294	675 727 489	14,6 %
2008	202 456 009	715 202 536	22,1 %
2009	195 330 359	846 814 343	18,7 %
2010	198 195 442	755 838 687	20,8 %
2011	234 600 000	804 900 000	22,6 %
2012	175 339 633	934 700 000	15,5 %

Foreløpige tal for 2012 (februar 2013)

Kjelde: NFI / Film & Kino

#### På nivå med Norden, i spiss i Europa

Dei siste seks–sju åra har marknadsdelen til norsk film i heimemarknaden auka til eit nivå som kan samanliknast med dei nasjonale marknadsdelane i Danmark, Finland og Sverige.

#### 4.2 | d Marknadsdelar, nasjonal film i dei nordiske landa 2005–2012

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012 ‡
Danmark	32,4	24,8	25,6	32,3	17,3	22,0	28,0	28,5
Finland	15,0	23,9	20,0	23,2	14,5	27,0	17,0	28,0
Island	3,6	10,7	6,4	8,0	-	11,0 <sup>‡</sup>	9,3 <sup>‡</sup>	11,3
Sverige	21,3	18,3	21,5	20,4	32,7	20,8	19,8	22,0
Noreg	12,2	16,1	16,4	22,4	20,6	23,3	24,5	17,8

‡ Foreløpige tal pr. medio januar 2013. \*Rekna etter billetinntekter; gir normalt ein litt høgare del enn etter besøk.

Kjelde: NFI / DFI / SES / Statistics Iceland / SFI

Sett i forhold til andre land i Europa som det er naturleg å samanlikne seg med, etter storleiken på kinomarknaden og etter omfanget av den nasjonale filmproduksjonen, ligg den norske marknadsdelen svært høgt. Blant referanselanda i tabellen nedanfor er det berre Nederland som kjem i nærleiken av å kunne vise ein marknadsdel for nasjonal film på nivå med Noreg og Norden.

#### 4.2 | e Marknadsdelar, nasjonal film i mindre europeiske land 2007–2012

	2007	2008	2009	2010	2011	2012 ‡
Belgia	2,9	4,7	7,0	-*	-*	-*
Nederland	13,5	17,9	17,4	15,8	22,4	16,3
Portugal	2,8	2,5	2,5	1,9	0,7	5,5
Sveits	5,1	3,0	3,4	5,4	4,4	4,3
Austerrike	1,9	5,6	5,2	4,2	3,5	3,6

‡ Foreløpige tal pr. medio januar 2013. \*Ingen oppgåver pga. tvist mellom det største kinoselskapet og bransjen elles.

Kjelde: NFI / European Audiovisual Observatory

### 4.3 Kinobesøk og marknadsdel i tal

#### 4.3 | a Besøk pr. kvartal

	2008	2009	2010	2011	2012	2011–12
1. kvartal	1 060 107	1 312 687	634 085	704 538	277 802	-61 %
2. kvartal	282 162	171 475	197 349	212 110	95 847	-55 %
3. kvartal	207 696	177 033	342 366	959 706	1 025 981	7 %
4. kvartal	1 106 552	952 308	1 389 919	977 267	763 482	-22 %
<i>Totalt</i>	<i>2 656 517</i>	<i>2 613 503</i>	<i>2 563 719</i>	<i>2 853 621</i>	<i>2 163 112</i>	<i>-24 %</i>

#### 4.3 | b Besøk og norsk marknadsdel pr. måned


					Norsk del			
	2010	2011	2012	Endring 2011–2012		2010	2011	2012
Jan	250 864	295 819	68 914	-226 933	-76,7 %	19,9 %	31,5 %	8,1 %
Feb	171 366	226 761	63 087	-163 674	-72,2 %	18,4 %	22,5 %	6,8 %
Mar	212 434	181 958	145 801	-36 247	-19,9 %	23,4 %	22,8 %	19,7 %
Apr	133 464	149 231	75 166	-74 059	-49,6 %	20,6 %	21,1 %	7,5 %
Mai	44 425	42 710	13 446	-29 264	-68,5 %	6,6 %	4,3 %	2,1 %
Jun	19 490	20 169	7 235	-12 934	-64,1 %	3,0 %	2,4 %	1,0 %
Jul	7 916	29 290	7 570	-21 720	-74,2 %	0,8 %	2,7 %	0,6 %
Aug	68 594	291 026	328 147	37 121	12,8 %	7,4 %	25,6 %	25,8 %
Sep	265 908	639 390	690 264	51 120	8,0 %	30,7 %	58,1 %	59,3 %
Okt	733 014	453 059	218 911	-235 590	-51,1 %	56,9 %	39,4 %	19,5 %
Nov	385 312	334 387	330 214	-4 292	-1,3 %	34,1 %	30,9 %	23,1 %
Des	271 616	189 821	214 357	22 691	11,8 %	35,1 %	22,9 %	20,4 %
<i>Totalt</i>	<i>2 564 403</i>	<i>2 853 621</i>	<i>2 163 112</i>	<i>-693 781</i>	<i>-24,3 %</i>	<i>23,3 %</i>	<i>24,5 %</i>	<i>17,8 %</i>

Kjelde: Film & Kino

#### 4.4 Den norske filmen: omdømmet blant publikum

Det norske publikumets vurdering av norsk film held seg i det store og heile stabilt god. Vel ein tredel av alle nordmenn oppfatar norsk film som "god" eller "svært god". Figur 4.4.a viser resultatane frå fem omdømmerundersøjingar i perioden frå våren 2006 til hausten 2012.<sup>13</sup>

4.4 | a Publikums vurdering av norsk film ("liker")



Kjelde: NFI/Synovate Research; TNS Gallup-FilmMonitor

Prosentdelen av dei som karakteriserer norsk film som "svært god" eller "god", har gått ned frå 68 prosent våren 2006 og 69 prosent hausten same år til 67,4 prosent<sup>14</sup> hausten 2012. Den delen som meiner norsk film er "dårlig" eller "svært dårlig", har auka frå 8 prosent våren 2007 og seks prosent hausten 2007 til 9,4 prosent hausten 2012. Hovudbiletet er derfor at endringane er beskjedne og hovudtendensen stabilt god.

Størst variasjon er det blant dei som har ei negativ oppfatning av norsk film. 9,4 prosent som vurderer norsk film som "dårlig" eller "svært dårlig", utgjør det svakaste resultatet i dei fem målingane. Bakgrunnsdata gir ingen nærare haldepunkt for å trekkje eintydige konklusjonar om motiv for den negative dommen.

Samtidig er det interessant at den delen av befolkninga som ikkje har noka mening om kvaliteten på norsk film ("veit ikkje"), har felle til eit absolutt lågmål, berre 1,2 prosent. Ein så låg score tyder på at norsk film faktisk er noko som engasjerer den norske allmenta.

#### Dei norske filmene: Terningkast og tidelar

Eit mål på kvaliteten til dei individuelle filmene er den mottakinga dei får blant norske filmkritikarar. Den tradisjonelle metoden meldarane bruker for å uttrykke vurderinga si av ein film i ei "kort, men konsis form" (Arne Skouen), er eit terningkast, altså tal på ein skala frå ein til seks. NFI har ikkje hatt ressursar til å følgje opp dei terningkastanalysane som vart gjorde for 2009- og 2010-filmene (sjå Årsrapport 2009 kapittel 4, s. 43–45, Årsrapport 2010, kapittel 5.1.4, s. 73–76). For å kunne oppsummere vurderinga til filmkritikarane av 2012-filmene har NFI derfor brukt terningkast frå filmweb.no og FilmLex.<sup>15</sup>

<sup>13</sup> Målingane frå 2006 og 2007 vart utførte for Norsk filmfond, men ikkje førte vidare i Norsk filminstitutt etter nyetableringa i 2008. Frå og med 2. halvår 2012 har Norsk filminstitutt igjen fått tilgang til omdømmemålingar gjennom Norsk Gallups "FilmMonitor".

<sup>14</sup> Data frå FilmMonitor blir oppgitt med ein desimal, mens Synovate Researchs resultat vart avrunda til heile prosent.

<sup>15</sup> Samanstillinga er gjord ved å bruke snittverdien av dei enkeltvurderingane som er oppgitt i dei to kjeldene. Både FilmLex og filmweb.no opererer med eit betydeleg mindre utval av melderar enn NFI gjorde i dei opphavlege terningkastanalysane sine. Det kan påverke representativiteten til terningkasta som blir oppgitt.

#### 4.4 | b Terningkast, norske filmar 2012

Tittel	Regi	Besøk	FilmLex	filmweb.no
Varg Veum – De døde har det godt	Erik Richter Strand	60 137	3,33	3,00
Inn i mørket	Thomas Wangsmo	1 082	3,40	3,60
Thale	Aleksander Nordaas	19 319	3,57	3,72
Kompani Orheim	Arild Andresen	77 958	4,86	4,98
Into the White	Petter Næss	42 976	3,50	4,02
Fuck Up	Øystein Karlsen	21 574	4,00	3,78
Når boblene brister *	Hans Petter Moland	1 500	3,67	3,66
Varg Veum – Kalde hjerter	Trond Espen Seim	68 583	4,00	3,90
Shakespeares skjulte sannhet *	Jørgen Friberg	1 682	3,50	3,78
Wide Blue Yonder	Robert Young	1 412	2,80	2,58
Kon-Tiki	Joachim Rønning/	881 941	5,00	4,44
Til ungdommen *	Kari Anne Moe	28 534	4,60	4,62
Tina & Bettina – The Movie	Simen Alsvik	188 409	2,83	2,52
Som du ser meg	Dag Johan Haugerud	29 356	3,80	4,14
Mer eller mindre mann	Martin Lund	11 172	4,00	4,14
90 minutter	Eva Sørhaug	45 891	4,50	4,80
Liv & Ingemar *	Dheerja Akolkar	8 129	4,67	4,08
Flukt	Roar Uthaug	54 514	2,75	3,00
Skvis	Kathrine Haugen	7 046	3,33	2,40
Med trekkspill til Operaen *	Frode Vestad	4 438	3,33	-
De andre *	Margreth Olin	15 307	4,40	4,38
Uskyld	Sara Johnsen	19 005	4,40	4,56
Reisen til Julestjernen	Nils Gaup	443 332	3,60	3,48
Snitt, alle filmar			3,97	3,63

Kjelde: NFI/FilmLex-filmweb

Den mest slående forskjellen mellom terningkasta for 2012-filmene og NFIs tidlegare analysar er at snittverdien i 2012 har falle tilbake til så å seie same snittverdi (3,80) som i 2009.

#### 4.4 | c Terningskast frå kritikarpanel for norske kinofilmar 2009–2012

	2009	2010	2011	2012*	2013
Typisk terningkast (medianverdi)	4	4	-	4	-
Gjennomsnittsverdi (aritmetisk snitt)	3,81	4,00	-	3,80	-
Samanfall/forskjell (standardavvik)	1,03	0,93	-	-	-

\*- Anna utval enn i føregåande analysar

Kjelde: NFI

Det er òg påfallande at mens det i 2010 var sju filmar som scora høgare enn 4,5 i snitt hos kritikarane, er det blant 2012-filmene berre fire titlar som kryssar denne grensa.

Materialet gir ikkje grunnlag for meir omfattande analysar. Men det synest klart at 2012 ikkje berre var eit filmår da besøket gjekk tilbake, men òg eit år da filmkritikarane i media var mindre fornøgde med kvaliteten på dei norske filmene enn dei har vore tidlegare år.

## 5 Solid publikumsoppslutning

### 15 prosent norsk del av dvd-marknaden og klikkefilmmarknaden.

Etterspurnaden etter film på dvd blir gradvis mindre, samtidig som store delar av brukarane flyttar seg til nettbaserte flater. Publikum endrar åtferd, og forventningane om at tilboda er tilgjengelege på alle digitale plattformer, aukar.

NFI anslår at det i 2012 er selt ca. 860 000 eksemplar av norske kinofilmar på dvd. Dette er ein markant tilbakegang sidan 2011. Til saman har desse filmane generert 2,32 millionar tilskodarar. Norske filmar sin del av dvd-marknaden i Noreg er rekna til 7,7 prosent. Målet om 15 prosent marknadsdel på dvd er dermed enno ikkje nådd.

58 norske filmar er i 2012 innmelde til Medietilsynet for distribusjon som klikkefilm. Det finst ikkje oppgåver over kor mange forbrukarar som ser norske filmar som klikkefilm, eller kor mange påsyn norske filmar genererer på klikkefilmtjenester.

### 5.1 Tiltak for å nå målet om 15 prosent marknadsdel for norsk dvd og klikkefilm

NFI kan i liten grad påverke dvd- og klikkefilmmarknaden. Fokuset i NFI når det gjeld klikkefilm og dvd, er instituttets egne klikkefilmtenester Filmrommet.no og Filmarkivet.no, og dessutan NFIs egne dvd-utgivingar. Desse tenestene er i hovudsak knytte opp til ansvaret NFI har for å sikre og formidle den norske filmarven. Meir informasjon om dette finst i kapittel 10 i årsrapporten.

NFI har framleis vanskeleg for å finne pålitelege kjelder for omsetning eller sjåartal for norske filmar lansert som klikkefilm og på dvd i Noreg, men har henta inn dei tala som er tilgjengelege. Dette blir presentert nedanfor.

### 5.2 Norske kinofilmar som klikkefilm

Informasjon om omfanget av distribusjon og sal av norske kinofilmar som klikkefilm er framleis ikkje tilgjengeleg. Det er derfor heller ikkje mogleg å seie om dei norske filmene har nådd målet i Filmmeldinga om ein marknadsdel på 15 prosent i klikkefilmmarknaden.

Medietilsynet har i 2012 registrert 58 titlar som er innmelde til tilsynet som klikkefilm.

43 av desse titlane er kinofilmar – og berre 8 er frå 2000-talet. Med det grunnlagsmaterialet som ligg føre, er det ikkje mogleg å gjere greie for kvifor heile 35 norske filmar med produksjonsår tilbake til 1921 – tre av titlane er stumfilm – skulle vere innmelde som klikkefilm i fjor. Ei liste over desse titlane følgjer som VEDLEGG 3.

Film & Kino reknar med at det i Noreg vart utført ca. 3 millionar nedlastingar av klikkefilm i Noreg i 2012. Talet er eit estimat.

### 5.3 Norske kinofilmar på dvd

NFI har ikkje tilgang til presise omsetningsoppgåver over norske filmar som blir lanserte på dvd. I mangel av dette har NFI estimert sjåartalet for norske kinofilmar på dvd på grunnlag av salstal oppgitt i fag- og dagspressa, supplert med oppgåver frå Medietilsynet. Oversikta omfattar berre fiksjonskinofilmar i det føregåande kalenderåret.

Medietilsynet har registrert berre fire norske fiksjonskinofilmar lanserte på dvd i 2012, med snautt 100 000 eksemplar til saman. I tillegg er det gjennom meldingar i pressa oppgitt at ca. 360 000 eksemplar av to norske kinofilmar er sette ut i marknaden. For dei resterande elleve titlane frå 2012 har NFI estimert eit salsvolum basert på ein omsetningsfaktor med utgangspunkt i besøkstal på kino.<sup>16</sup> Ei oversikt over bruttovolumet av registrerte og berekna tal på dvd-eksemplar av norske kinofilmar i 2012 finst i VEDLEGG 2.

Berekningane i tabellen nedanfor viser at vel 2,3 millionar nordmenn har sett dei 17 norske fiksjonskinofilmane frå 2012 på dvd. Dette er ein tilbakegang på 1,2 millionar påsyn frå 2011, eller 35,1 prosent. Dette er vesentleg meir enn den generelle tilbakegangen på 25,2 prosent i det samla påsynet av dvd i 2012.

#### 5.3 | a Berekna marknadsdel, norske fiksjonskinofilmar på dvd 2006–2012

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Berekna tal på omsette eksemplar dvd/Blu-ray (mill.)	20,0	22,3	19,8	19,2	16,3	14,8	11,1
Berekna sjåartal, alle omsette titlar (mill.)	54,0	60,2	53,46	51,84	44,01	40,05	30
Talet på norske fiksjonskinofilmar (stk.)	15	14	18	18	22	28	17
Berekna sjåartal, norske kinofilmar på dvd/B-r (mill.)	2,45	2,16	3,51	3,43	3,27	3,42	2,32
Norsk marknadsdel dvd (%)	4,5 %	3,6 %	6,6 %	6,6 %	7,4 %	8,5 %	7,7

<sup>16</sup> Sjå NFIs årsrapport 2010, s. 60–61, og NFIs årsrapport 2011, s. 46, for nærare detaljar om berekningsmåten.

Norske kinofilmar sin marknadsdel av dvd-marknaden vart dermed redusert med 0,8 prosentpoeng samanlikna med fjoråret. For første gong på sju år er det registrert ein tilbakegang i norske filmar sin marknadsdel på dvd. Med 7,7 prosent av den norske marknaden er norske kinofilmar langt frå målnivået på 15 prosent.

Det er vanskeleg å seie noko sikkert om årsaka til denne markante tilbakegangen i interessa for norske kinofilmar på dvd. Truleg har fråværet av barnefilm, og dessutan få store publikumssuksessar i 2012, spelt ein ikkje ubetydeleg rolle. Desse sjangrane er berande for store delar av omsetninga av norske dvd-filmar. Migrasjon av forbruk frå dvd til andre plattformer som klikkefilm må òg ha spelt ei rolle for den negative utviklinga, men på dette punktet gjer mangelen på statistisk underlagsmateriale at alle konklusjonar berre kan bli tentative.

Ein må likevel kunne hevde, med atterhald om at talmaterialet har klare manglar, at det synest som om tilliten frå det norske publikummet til merkevara "norsk film på dvd" har fått ein betydeleg knekk i 2012.



## 6 Solid publikumsoppslutning

Eksporsten av norske audiovisuelle produksjonar skal aukast.

Visingsrettane til dei norske kinofilmane frå produksjonsåret 2010 vart selde til utlandet for i alt 53,3 millionar kroner. Eksportverdien av den norske filmproduksjonen gjekk opp med 30,8 millionar kroner, eller 136,8 prosent, frå 2009. I Filmmeldinga (St.meld. nr. 22 (2006–2007) Veiviseren for det norske filmfløftet) vart det sett som mål at "eksport av norsk film og tv-drama [skal] dobles innan 2010". Dette målet vart dermed overoppfyllt med 66,6 prosent.

Det samla talet på søknader om tilskott til lansering i utlandet frå norske produksjonsselskap har auka frå 57 i 2010 til 64 i 2011 og 104 i 2012, og det vart tildelt om lag 5,9 millionar kroner i tilskott til lansering i utlandet. Auken i talet på søknader og tildelingar kan lesast som at internasjonalt sal og anerkjening er stadig viktigare for produsentane, og at dei jobbar meir målretta med lansering på festivalar i utlandet for å oppnå brei internasjonal distribusjon.

## 6.1 Tiltak for å nå målet om å auke eksporten av norske audiovisuelle produksjonar

Tilskott til lansering av audiovisuelle produksjonar i utlandet er eit viktig verkemiddel for å stimulere til auka eksport. Tilskottsramma har auka frå 2,5 millionar kroner i 2010 til 4,5 millionar i 2011 og 6 millionar i 2012. Frå og med 2012 har NFI òg gitt tilskott til lansering av tv-drama i utlandet og forsøksvis til tre spel.

Det samla talet på søknader frå norske produksjonsselskap har auka frå 57 i 2010 til 64 i 2011 og 102 i 2012. Og det vart i 2012 tildelt om lag 5,9 millionar kroner i tilskott til lansering i utlandet.<sup>17</sup> Auken i talet på søknader og tildelingar kan lesast som at internasjonalt sal og anerkjening er stadig viktigare for produsentane, og at dei jobbar meir målretta med lansering på festivalar i utlandet for å oppnå brei internasjonal distribusjon.

### 6.1 | a Fordeling av tilskottsmidlar til lansering i utlandet

Tilskott til lansering i utlandet	2010	2011	2012
<b>Kinofilm</b>	<b>1 048 753</b>	<b>2 793 016</b>	<b>3 089 856</b>
Tal på tilskott	15	24	35
Tilskott, snitt pr. film	69 916	116 375	88 281
<b>Dokumentarfilm (ikkje for kino)</b>	<b>646 530</b>	<b>457 614</b>	<b>559 370</b>
Tal på tilskott	19	11	16
Tilskott, snitt pr. film	34 027	41 601	34 960
<b>Pakke dokumentar / ikkje kinofilm</b>	<b>n/a</b>	<b>1 000 000</b>	<b>1 195 090</b>
Tal på tilskott	n/a	4	17
Tilskott, snitt pr. film	n/a	250 000	70 299 <sup>18</sup>
<b>Kortfilm</b>	<b>599 927</b>	<b>345 835</b>	<b>572 261</b>
Tal på tilskott	22	11	27
Tilskott, snitt pr. film	27 269	31 439	21 194
<b>Tv-drama</b>	<b>37 000</b>	<b>149 561</b>	<b>382 544</b>
Tal på tilskott	1	4	6
Tilskott, snitt pr. produksjon	37 000	37 390	63 757
<b>Interaktive produksjonar</b>	<b>n/a</b>	<b>n/a</b>	<b>100 000<sup>19</sup></b>
Tal på tilskott	n/a	n/a	3
Tilskott, snitt pr. produksjon	n/a	n/a	33 333
<b>Samla, lansering i utlandet</b>	<b>2 332 210</b>	<b>4 746 026</b>	<b>5 899 121</b>
Tal på tilskott	57	54	104
Tilskott, gjennomsnitt	40 915	87 870	56 722

Kjelde: NFI

Dei relativt små tilskotta til kinofilm fiksjon reflekterer at vi ikkje var representerte i det offisielle programmet i Berlin og Cannes, dei to festivalane som i tillegg til Toronto kvalifiserer til størst tilskott.

Ordninga med tilskott til pakkefinansiert lansering av dokumentarfilm som ikkje er kinofilm, er ført vidare i 2012. Evalueringane så langt viser at ordninga har bidrege til ei sterkare satsing på marknadsretta lansering av slike produksjonar i utlandet.

<sup>17</sup> I tillegg til tilskotta gitt over fondsbudsjettet bidrog NFI med 200 000 kroner til Oscar-kampanjen for den norske studentkortfilmen *Tuba Atlantic*. Den norske filmskolen var ansvarleg produsent for filmen, og sidan skolen har statleg eigarskap, er han ikkje kvalifisert til å søkje tilskott frå NFIs fondsmidlar.

<sup>18</sup> For 2012: tal gjeld pr. film. For 2011: tal gjeld pr. pakke (som så er fordelt på fleire filmar).

<sup>19</sup> Prøveordning.

Dei låge tilskotta til interaktive produksjonar i 2012 kjem av at NFI ikkje hadde opna opp for at det kunne søkjast om tilskott til lansering av spel i utlandet. NFI gav tilskott til at fem produksjonar kunne lanserast på Game Developers Conference i San Francisco.

### **Langsiktig og ressurskrevjande arbeid**

Tilskott til lansering på festivalar og marknader i utlandet skal bidra til at produsentane kan lansere film og fjernsynsdrama på prioriterte salsmarknader og knyte kontaktar med det internasjonale filmmiljøet. Storleiken på tilskottet blir vurdert ut frå gjeldande satsar og skal stå i forhold til det internasjonale salspotensialet til filmen. Ved tilskott til deltaking på filmmarknader<sup>20</sup> føresette NFI i 2012 at produsenten matcha tilskottet med eit tilsvarende beløp.

Tilskott til utanlandslansering blir i hovudsak gitt til deltaking på festivalar og salsmarknader i samband med uttak til offisielt program, men blir òg gitt til generell deltaking på filmmarknader. Til no har tilskott vore gitt på prosjekt-for-prosjekt-basis.

Å drive internasjonalt lanseringsarbeid på eit høgt nivå er svært ressurskrevjande. Produsentane må tenkje internasjonal lansering frå prosjektet startar, og dei fleste har ikkje høve til å øyremerkje dei nødvendige midlane. Ei rekkje kostnader ved lansering utanlands er det ikkje rom for å dekkje inn i produksjonsbudsjettet eller over eksisterande tilskottsordningar. NFI ser òg ein sterkt aukande tendens til at norske filmar blir førehandsselde til utanlandsdistribusjon før filmen har hatt internasjonal premiere.

Norsk filminstitutt ønskjer derfor å styrkje sjansane norske filmar har i den internasjonale marknaden for å delta på festivalar og for sal gjennom å gi tilskott til eit heilskapleg og langsiktig internasjonalt lanseringsarbeid av kinofilm med spesielt stort internasjonalt potensial. NFI har i 2012 vore i dialog med bransjen og vil ved inngangen til 2013 publisere retningslinjer for dette tiltaket, etter forskrift nr. 1168 om tilskott til audiovisuelle produksjonar § 4–3.

Norsk spelbransje er i ei rivande utvikling, og det har blitt satsa tungt på produksjon av norske interaktive spel dei siste åra. Vi er i ferd med å få ein svært oppegåande norsk spelbransje som kan levere spel av høg klasse med potensial til å nå ut til eit stort internasjonalt publikum. Frå 2007 har det samtidig vore eit politisk mål å auke eksporten av norske audiovisuelle produksjonar, og for kinofilm har satsinga gitt tydelege resultat. NFI har med bakgrunn i dette gått i dialog med norsk spelbransje om å utarbeide retningslinjer for lansering av interaktive produksjonar i utlandet. Retningslinjene vil bli publiserte samtidig med at vi vil begynne å gi tilskott til lansering av spel frå og med årsskiftet 2013.

---

<sup>20</sup> NFI bidreg òg med støttefunksjonar ved større filmmarknader.

## 6.2 Eksport av norsk film og fjernsynsdrama

Visingsrettane til dei norske kinofilmene frå produksjonsåret 2010<sup>21</sup> vart selde til utlandet for i alt 53,3 millionar kroner.<sup>22</sup> Eksportverdien av den norske filmproduksjonen gjekk opp med 30,8 millionar kroner, eller 136,8 prosent, frå 2009. I Filmmeldinga (St.meld. nr. 22 (2006–2007) Veiviseren for det norske filmfløtet) vart det sett som mål at "eksport av norsk film og tv-drama [skal] doubles innen 2010". Dette målet vart dermed overoppfylt med 66,6 prosent.


NFI har følgd utviklinga av utanlandssalet av norske filmar sidan 2002 og gitt årlege rapportar om det.<sup>23</sup> NFI har ikkje innsyn i eksporten av norsk fjernsynsdrama og interaktive produksjonar.

6.2 | a Eksportverdien av norske kinofilmar 2002–2010. Beløp i millionar kroner

	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Total eksportverdi	7,4	8,1	13,1	15,9	19,9	21,7	30,5	22,5	53,3
Etterhandssal	6,4	6,6	6,0	4,6	9,8	8,3	17,9	17,9	16,4
Førehandssal	1,0	1,5	7,1	11,3	10,1	13,4	12,5	4,6	36,9
Snitt pr. film	0,46	0,48	0,73	0,84	0,99	0,99	1,69	1,02	2,53

Etter eit år med generell stagnasjon i etterspurnaden etter film på den internasjonale marknaden pga. finanskrisa skaut salet av norske filmar igjen fart i 2010. Salsresultatet på 53,3 millionar kroner er ny rekordnotering.

6.2 | b Utviklinga i eksportverdi av norske kinofilmar 2002–2012



Det er ingen tvil om at marknaden for norske filmar i utlandet er stram. Filmar frå små land har vanskar med å vinne gjennomslag i ein marknad der amerikanske og nasjonale filmar dominerer. Særleg har strukturelle endringar i fjernsynsmarknaden, med eit skifte frå spelefilm mot tv-drama som pilarar i programmeringa, gjort at det er vanskelegare å selje norsk film til utlandet enn for ti år sidan.

Europa er framleis den største marknaden for norsk film. 70,6 prosent av salsinntektene kjem frå sal til europeiske land, men talet på sal til denne marknaden har gått ned med ni prosentpoeng mellom 2008 og 2010.

<sup>21</sup> Eksportverdi kan berre bereknast med ei tidsforskyving på minst eitt år etter den norske premieren.


<sup>22</sup> Verdifastsetjinga skjer på grunnlag av brutto salsverdi, dvs. før salsagenten trekkjer frå utgifter og provisjon.

<sup>23</sup> Fulltekstversjonen av *Eksportundersøkinga 2010* og tidlegare undersøkingar kan lastast ned frå <http://www.nfi.no/norskfilm/statistikk/periodiske-rapporter/eksport>.

Samtidig kan ein merke ein viss auke i salet til Asia, først og fremst av sjangerfilm, og til Midtausten, der barnefilm synest å vere mest etterspurd, særleg i fjernsynsmarknaden. Nye marknader kan derfor komme til å vise seg stadig meir interessante for norsk filmeksport i åra som kjem.<sup>24</sup>

Eksportverdien av norske filmar er likevel beskjeden samanlikna med dei samla produksjonskostnadene. Figur 6.2.c viser forholdet mellom samla produksjonsbudsjett for filmene som er selde til utlandet, og verdien av salet av dei same filmene.<sup>25</sup> Først i rekordåret 2010 passerer salsinntektene 10 prosent av dei samla produksjonskostnadene.

6.2 | c Utanlandssal som prosentdel av produksjonsbudsjett 2006–2010



Kjelde: NFI

Eksportundersøkinga for kinofilmar frå 2011 vil bli gjennomført sommaren 2013 og publisert separat. Eit samandrag av hovudkonklusjonane vil bli teke inn i Årsrapport 2013.

<sup>24</sup> Sjå bl.a. Pham 2012.

<sup>25</sup> Det må her igjen presiserast at salsinntektene gjeld bruttoverdi og ikkje representerer dei faktiske inntektene dei norske produsentane har av sal til utlandet (sjå note 25).

**DELMÅL 3**  
**KVALITET OG MANGFALD**

## 7 Kvalitet og mangfald

Eit mangfald i uttrykksform, produksjonskostnad og målgrupper basert på sterke filmmiljø i alle delar av landet.

Årets premiefilmar speglar det mangfaldet NFI arbeider for å skape gjennom førehandstilskott. Filmane fordeler seg over sjangrane drama (8 filmar), skrekk/thriller/krim (6), komedie (2), dokumentar (6) og anna (1 eventyrfilm).

17 av årets 23 premiefilmar er produserte av produksjonsselskap med adresse i Oslo og Akershus, to er produserte av selskap med adresse på Vestlandet og Sørlandet, ein av selskap med adresse på Austlandet og i Nord-Noreg.

18 av 25 innspelingsstader er lokaliserte utanfor Oslo og Akershus. Landsdelane som oftast er brukte som innspelingsstad dei siste fem åra, er Oslo og Akershus (45 filmar), Austlandet (26) og Vestlandet (23). Også innspelingsstader utanfor Noreg finn vi relativt ofte, for dei siste fem åra gjeld det 14 filmar.

Prioriterte område og særskilde utfordringar i 2012:

NFI har hatt eit godt samarbeid med regionane. Rettleiingsarbeidet har særleg fokusert på forvaltningspraksis, og konsulentar og rådgjevarar har delteke på fleire regionale samlingar. Det har òg vore eit bra samarbeid når det gjeld satsinga på barn og unge. Informasjonsmøte har vore streama og gjorde tilgjengelege på nfi.no.

### 7.1 Tiltak for å nå målet om mangfald i uttrykksform, produksjonskostnad og målgrupper

NFI har i 2012 gitt tilskott til fiksjonsfilm for kino med budsjett som varierer mellom 9,1 og 42 millionar kroner. Berre to av tolv prosjekt har budsjett i midtsjiktet på 15–22 millionar. Fire prosjekt har budsjett på under 15 millionar kroner, mens fem prosjekt har budsjett på over 30 millionar kroner.

I tillegg er det i 2012 fleire filmar som blir produserte utan førehandstilskott med premiere i 2013. Nokre av desse filmene er tydelege sjangerfilm for ein kommersielt marknad, andre er alternative filmar med ein tydeleg kunstnarleg ambisjon.

Produksjonane med førehandstilskott varierer i publikumsestimat frå 30 000 til over 400 000. Vi meiner at fleire av prosjekta har ein realistisk sjanse til å delta og få prisar på internasjonale festivalar.

Tre av kinofilmene baserer seg på kjende førelegg (bok/film), mens elleve av prosjekta er originalmanuskript. Eitt av prosjekta er lagt til historisk tid. Det er ikkje gitt førehandstilskott til animasjonsfilm i 2012. To av filmene har engelsk som hovudspråk.

Tre av kinofilmene fiksjon er produserte av selskap med postadresse utanfor Oslo-området. Over ein tredel av filmene har ei handling som primært utspeler seg utanfor Oslo-regionen.

Innanfor dokumentarfilm er 33 prosent (9 av 29) av produksjonstilskotta gitt til prosjekt som blir produserte av selskap utanfor Oslo-området. For kortfilm er talet 45 prosent (11 av 24).





## 7.2 Sjanger og målgrupper

Sjangerinndelinga er basert på Medietilsynets sjangerkategorisering.

Målgrupper er basert på Medietilsynets kategorisering av eigna grupper. I Barn/familie/ungdom inngår kategoriene "barn", "barn/familie", "familie", "ungdom" og "ungdom frå 13". I Ungdom/vaksen inngår "ungdom/vaksen" og "vaksen".

Årets premierefilmer speglar det mangfaldet NFI arbeider for å skape gjennom førehandstilskott. Filmene fordeler seg over sjangrane drama (8 filmar), skrekk/thriller/krim (6), komedie (2), dokumentar (6) og anna (1 eventyrfilm).

Innrettinga på premierefilmene fordeler seg med 21 filmar for ungdom/vaksen og to filmar for barn/familie/ungdom.



### 7.3 Produksjonskostnad

NFI har følgt utviklinga i produksjonskostnader for norske kinofilmar over fleire år. Utgangspunktet er den analysen av kostnader ved norsk filmproduksjon som finst i Filmmeldinga (kapittel 3.5.1 og 3.5.3), og som byggjer på eit analyseapparat i den såkalla "Rambøll-rapporten".

#### Gjennomsnittleg produksjonskostnad

Gjennomsnittskostnaden for ein norsk kinofilm har auka og er no tilbake på linje med utviklingstrenden dei siste sju-åtte åra.

For premierefilmar i 2012 har det gjennomsnittlege produksjonsbudsjettet for alle norske kinofilmar auka med 4 millionar kroner (22,7 prosent). Målt mot gjennomsnittskostnadene i føregående femårsperiode (2006–2010) har gjennomsnittsbudsjettet i 2012 derimot auka med ein lågare takt, med 1,5 millionar kroner (8,9 prosent).

For fiksjonsfilmar har snittkostnaden gått opp med 6,4 millionar kroner (37,8 prosent) frå 2011 til 2012. Noko av forklaringa på denne kraftige auken ligg i at produksjonsbudsjettet til *Kon-Tiki* åleine tilsvarer fire gjennomsnittlege fiksjonsfilmar. Ein annan del av biletet er at dei mange filmene utan førehandstilskott i 2011 hadde låge, eller til og med svært låge, budsjett. Dette trekte snittkostnadene i 2011 ned, slik at ei samanlikning av 2012 med føregående år ikkje blir fullt representativ for utviklinga. Målt i forhold til dei lengre linjene i materialet har auken i 2012 samanlikna med gjennomsnittet i den føregående femårsperioden (2006–2010) vore på 2,3 millionar kroner (10,1 prosent).

#### 7.3 | a Gjennomsnittleg produksjonsbudsjett, alle premierefilmar 2005–2012

	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Gjennomsnittleg produksjonsbudsjett	13 795 361	21 211 465	16 060 747	20 858 697	14 920 114	18 981 907
Talet på kinofilmar	22	23	23	25	33	23
Gj.snitt produksjonsbudsjett, spelefilm	19 660 183	24 878 222	18 161 721	22 908 786	16 927 128	21 318 257
Talet på spelefilmar	14	19	19	22	28	17

For 2002–2006, sjå 'Veiviseren', tabell 3.13. Sjå òg NFIs årsmeldingar 2010 (tabell 5.1.2.a, s. 68) og 2011 (tabell 7.3.a, s. 58).

Tabellen viser at norsk film udiskutabelt er blitt dyrare i 2012 – og gjennom heile perioden. Kostnadene har auka vesentleg meir enn f.eks. konsumprisindeksen. Frå 2006 til 2012 auka KPI med 11,6 prosent, mens auken i gjennomsnittsbudsjettet for fiksjonskinofilm var på 24,5 prosent, altså ein meir enn dobbelt så høg vekstrate. På sikt kan dette få konsekvensar for tilskottsrammene: Tilskott til norske kinofilmar blir justerte i samsvar med gjeldande forskrift, § 1–16, etter KPI, ikkje etter prisauken for filmproduksjon.

#### Kostnad etter tilskottskategori for premierefilmar i 2012

Det mest påfallande i samanlikninga mellom kostnadene ved dei ulike kategoriane film er det høge kostnadsnivået for marknadsvurderte filmar. Det må derfor presiserast at tala for 2012 representerer to forhold som begge påverkar samanlikningsgrunnlaget og svekkjer relevansen av samanlikning av fjorårstala: Bak snittkostnaden på over 65,7 millionar kroner pr. marknadsvurdert film ligg berre to filmar, og begge hadde svært høge budsjett – *Kon-Tiki* med 98,7 millionar kroner og *Reisen til Julestjernen* med 32,8 millionar kroner.

#### 7.3 | b Gjennomsnittleg produksjonsbudsjett etter tilskottskategori 2012

	Med førehandstilskott			Utan førehandstilskott
	Konsulent + marknad	Konsulentvurderte	Marknadsvurderte	Alle filmar
Fiksjon + dokumentar	23 080 331	14 544 958	65 757 200	11 322 778
Fiksjon	-	19 421 321	-	-

Snittkostnaden for marknadofilm i 2012 er faktisk to og ein halv gonger så høg som i 2011. Dermed blir òg snittkostnaden trekt opp for konsulentfilmar og marknadofilmar kombinert: Med 23 millionar kroner ligg snittkostnaden for desse to kategoriane film 26,1 prosent høgare enn i 2011.

Snittkostnadene for ein konsulentvurdert fiksjonsfilm, 19,4 millionar kroner, har faktisk gått ned frå 2011 med nær 4 millionar kroner, eller 16,8 prosent. Konsulentvurdert fiksjonsfilm ligg dermed berre så vidt i overkant av snittkostnaden for alle filmar i 2012 (sjå tabell 7.3.a). Årsaka er nok at av dei seks konsulentvurderte fiksjonsfilmene i 2012 låg fire på eit budsjettnivå godt under det generelle snittet for fiksjonsfilm på 23,3 millionar kroner, éin film låg så vidt over snittet, og berre éin film var vesentleg dyrare enn dette.

Dei 13 filmene som vart produserte utan førehandstilskott i 2012, hadde eit gjennomsnittleg budsjett på 13,2 millionar kroner, noko som er snautt 2 millionar kroner høgare enn snittet for denne kategorien i 2011. Noko av årsaka ligg truleg i éin dyr enkeltfilm, *Wide Blue Yonder – Begravelse til besvær*, som er notert med eit budsjett på 48 millionar kroner, tre og ein halv gonger så høgt som snittet for heile kategorien. Held vi *Wide Blue Yonder* utanfor berekninga, går snittkostnadene for filmar utan førehandstilskott ned til ca. 10,4 millionar kroner, omtrent 1 million kroner lågare enn snittet i 2011.

### Produksjonskostnader fordelte etter kostnadsband

Tabell 7.3 | c og figur 7.3 | d viser at trenden frå 2011, med ei nedovergåande forskyving av tyngdepunktet i kostnadsbandvidd, har halde fram i 2012. Den viktigaste drivaren i denne trenden er filmar produserte utan førehandstilskott, som gjennomgåande har lågare produksjonsbudsjett enn dei andre filmene.

Tyngdepunktet låg i 2012 på produksjonsbudsjett mellom 10 og 18 millionar kroner: 16 av 23 filmar hadde eit budsjett som var lågare enn gjennomsnittsbudsjettet på 18,9 millionar kroner. Også her slår "Kon-Tiki-effekten" ut, ved at éin dyr film trekkjer gjennomsnittet uvanleg høgt opp.


Generelt stadfestar likevel tala i tabell 7.2 | c (neste side) den same tendensen som NFI peikte på i 2011: I staden for ei rimeleg jamn fordeling av kostnader over dei ulike kostnadsbanda utkrystalliserer det seg to tyngdepunkt, eitt i området 25–35 millionar kroner og eitt i området 8–16 millionar kroner.

7.3 | c Produksjonsbudsjett, filmar pr. kostnadsband 2005–2012

Budsjett i mill. kr ("kostnadsband")	Totalt 2005–2008	2009	2010	2011	2012
50–60	2	0	1	0	1
45–50	0	0	0	0	1
40–45	0	0	0	0	0
35–40	1	0	0	0	0
30–35	1	1	3	4	2
25–30	6	2	4	1	0
20–25	25	5	6	5	3
18–20	19	2	1	1	0
16–18	10	2	3	1	2
14–16	5	2	1	6	3
12–14	3	1	1	2	1
10–12	2	1	0	3	1
8–10	6	2	1	1	3
6–8	5	1	1	1	3
4–6	10	3	3	3	1
2–4	12	1	0	3	1
0–2	0	0	0	2	1
<i>I alt</i>	<i>107</i>	<i>23</i>	<i>25</i>	<i>33</i>	<i>23</i>

I den øvre enden av kostnadsskalaen finst eit par filmar som kosta over 30 millionar kroner,<sup>26</sup> og dessutan eit mindre knippe filmar til mellom 20 og 25 millionar kroner som heldt eit høgt kvalitetsnivå innan sin sjanger. Den største gruppa filmar frå 2012 hadde, som nemnt ovanfor, eit budsjett i spennet mellom 10 og 18 millionar kroner. Fleirtalet av kinodokumentarane samlar seg med budsjett like under 10 millionar kroner. Dei resterande seks filmane, alle med budsjett på mellom 1,8 og 7,6 millionar kroner, er delvis fiksjonsfilmar med underhaldnings- eller sjangerpreg, utan førehandsstøtte, og kinodokumentarar med førehandsstøtte. Figur 7.3 | d nedanfor illustrerer variasjonane i kostnadsband. For kostnadsfordeling etter budsjettpost sjå vedlegg 4.

7.3 | d Produksjonsbudsjett, tal på filmar pr. kostnadsband



Kjelde: NFI

<sup>26</sup> Kon-Tiki er i denne samanhengen så atypisk at han ikkje er med her.

## 7.4 Sterke filmmiljø

### Geografisk spreing i premiefilmar

17 av årets 23 premiefilmar er produserte av produksjonsselskap med adresse i Oslo og Akershus, to er produserte av selskap med adresse på Vestlandet og Sørlandet, ein av selskap med adresse på Austlandet og i Nord-Noreg.

Det er interessant å observere at den geografiske fordelinga av filmproduksjonsselskap i stor grad samsvarer med det mønsteret som er beskrevet i rapporten "Norway in the Creative Age" (Tinagli 2012): Innovasjon og kreative krefter i Noreg har tyngdepunkt i Oslo-/Oslofjord-regionen og i "vestlandskorridoren" frå Jæren til Bergen, og dessutan i lommer på indre Austlandet og i Trøndelag, der det alt eksisterer sterke forskingsmiljø og kunnskapsklynger.

18 av 24 innspjelingsstader er lokaliserte utanfor Oslo og Akershus. Landsdelane som oftast er brukte som innspjelingsstad dei siste fem åra, er Oslo og Akershus (45 filmar), Austlandet (26) og Vestlandet (23). Også innspjelingsstader utanfor Noreg finn vi relativt ofte, for dei siste fem åra gjeld det 14 filmar.

Filmar som har to eller fleire like viktige innspjelingsstader, blir talde fleire gonger (éin gong pr. stad). Filmar med mange ulike innspjelingsstader, studio- og animasjonsfilmar blir kategorisert som anna.

7.4 | a Tal på premiefilmar fordelte på landsdelar: heimkommunen til produksjonsselskapet og innspjelingsstad

	Heimkommunen til produksjonsselskapet					Innspjelingsstad (majoritet)				
	2008	2009	2010	2011	2012	2008	2009	2010	2011	2012
Oslo og Akershus	19	17	19	25	17	13	7	7	11	6
Vestlandet	0	4	2	2	2	4	5	4	4	6
Austlandet	1	1	3	2	1	2	7	6	8	3
Sørlandet	1	0	1	0	2	1	0	1	0	1
Midt-Noreg	1	0	0	0	0	0	1	0	0	0
Nord-Noreg	0	1	2	4	1	2	2	1	1	2
Utlandet	-	-	-	-	-	0	0	3	7	2
Anna	-	-	-	-	-	2	0	3	1	4

Av premiefilmene ovanfor er seks dokumentarfilmar. Av desse seks filmene er fire (*Shakespeares skjulte sannhet*, *Når boblene brister*, *Liv & Ingmar* og *De andre*) kategoriserte som "Anna". Desse fire filmene er spelte inn på fleire stader i Noreg og utlandet. For dei to siste dokumentarfilmene (*Med trekkspill til Operaen* og *Til ungdommen*) er opptaka gjorde respektive på Sørlandet og i Oslo.

Filmene som er registrerte med innspjeling i utlandet, er *Kon-Tiki* og *Reisen til julestjernen*.

### Geografisk spreing i søknadsmassen

63 prosent (61 prosent i 2011) av alle produksjonsselskap som søkte tilskott til utvikling og produksjon (kinofilm, dokumentar, kortfilm, fjernsynsdrama og interaktive produksjonar), har adresse i Oslo, 13 prosent (10 prosent i 2011) har adresse i Hordaland, og 4 prosent har adresse i Akershus, Sør-Trøndelag og Troms. Mellom 0 og 2 prosent av søknadene kom frå dei resterande fylka.

Talet på søknader er tilnærma proporsjonalt med talet på tilskott til dei respektive fylka. Flest tilskott har gått til produksjonsselskap med adresse i Oslo. Deretter Hordaland, Troms og Akershus. Produksjonsselskap med adresse i Troms hadde også i 2011 ein spesielt høg del tilskott (9 tilskott), i 2012 har dette auka ytterlegare til 15 tilskott. Desse tilskotta er fordelte mellom seks produksjonsselskap med adresse i Troms.

Talet på søknader om produksjonstilskott åleine fordeler seg med 49 prosent frå Oslo, ein reduksjon frå 2011, då talet var 55 prosent. 14 prosent av søknadene kom frå Hordaland og 9 prosent frå Akershus. Dei resterande fylka fordeler seg med mellom 0 og 4 prosent av søknadene, sjå tabell 7.4.2 | b (neste side). Tilskotta fordeler seg tilsvarande for Oslo, Hordaland og Akershus, med høvesvis 139, 11,6 og 17,7 millionar kroner i produksjonstilskott. Tilskotta til både Oslo og Akershus er reduserte frå 2011, då dei var på høvesvis 154 og 25 millionar kroner, medan tilskotta til Hordaland har auka frå 4,4 millionar i 2011.

Vidare er Troms tildelt 5,6 millionar kroner, Oppland 2,5 og Rogaland 2 millionar kroner.

7.4 | b Tal på søknader og tilskott fordelte på fylke 2012


Søknader utvikling & produksjon			Tilskott til utvikling & produksjon, del (%) av total				
Fylke	N	Del	Kino	Kort	Dok.	Tv	Interaktiv
Akershus	19	4 %	11 %	0 %	5 %	0 %	6 %
Aust-Agder	7	1 %	0 %	4 %	2 %	0 %	0 %
Buskerud	10	2 %	0 %	4 %	3 %	0 %	6 %
Finnmark	3	1 %	0 %	0 %	2 %	0 %	0 %
Hedmark	4	1 %	0 %	0 %	0 %	0 %	12 %
Hordaland	60	13 %	1 %	8 %	14 %	15 %	18 %
Møre og Romsdal	1	0 %	0 %	0 %	2 %	0 %	0 %
Nordland	1	0 %	0 %	4 %	0 %	0 %	0 %
Nord-Trøndelag	2	0 %	0 %	4 %	0 %	8 %	0 %
Oppland	9	2 %	2 %	0 %	0 %	0 %	0 %
Oslo	298	63 %	70 %	63 %	59 %	77 %	47 %
Rogaland	2	0 %	2 %	4 %	2 %	0 %	0 %
Sogn og Fjordane	0	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %
Sør-Trøndelag	19	4 %	0 %	4 %	5 %	0 %	0 %
Telemark	1	0 %	0 %	4 %	0 %	0 %	0 %
Troms	21	4 %	12 %	0 %	8 %	0 %	0 %
Vest-Agder	5	1 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %
Vestfold	4	1 %	0 %	0 %	0 %	0 %	12 %
Østfold	3	1 %	1 %	0 %	0 %	0 %	0 %

Sjå neste side for oversikt over tilskott tildelte pr. landsdel.

#### 7.4 | c Tilskott fordelte på fylke

Søknader produksjonstilskott <sup>27</sup>			Tilskott til produksjon (kr)				
Fylke	N	Del	Kino	Kort	Dok.	Tv	Interaktiv
Akershus	26	9 %	15 775 705	0	1 495 000		500 000
Aust-Agder	3	1 %	0	700 000	0		0
Buskerud	6	2 %	0	0	500 000		900 000
Finnmark	1	0 %	0	0	0		0
Hedmark	3	1 %	0	0	0		1 220 000
Hordaland	38	14 %	4 156 000	1 625 000	4 565 000		1 320 000
Møre og Romsdal	0	0 %	0	0	0		0
Nordland	1	0 %	0	700 000	0		0
Nord-Trøndelag	4	1 %	0	800 000	0		0
Oppland	7	3 %	2 500 000	0	0		0
Oslo	136	49 %	108 174 750	7 100 000	9 927 408	8 000 000	6 330 000
Rogaland	8	3 %	1 275 000	750 000	0		0
Sogn og Fjordane	0	0 %	0	0	0		0
Sør-Trøndelag	20	7 %	0	250 000	0		0
Telemark	0	0 %	0	0	0		0
Troms	7	3 %	2 700 000	0	2 975 000		0
Vest-Agder	5	2 %	0	0	0		0
Vestfold	4	1 %	0	0	0		1 700 000
Østfold	11	4 %	0	0	0		0

Produksjonstilskott totalt  
i % og kroner



<sup>27</sup> Utviklingstilskott til interaktive produksjonar er inkluderte.

## 8 Kvalitet og mangfold

Kvinner skal inneha minst 40 prosent av nøkkelposisjonane i norsk film.

Målet om 40 prosent kvinnedel i nøkkelposisjonar for tilskott og premierfilmar vart ikkje innfridd i 2012.

Av alle tilskott til produksjon av kinofilm er det ein samla kvinnedel på 33 prosent, fordelt med 36 prosent på produsent, 27 prosent på regi og 34 prosent på manus. Dersom vi deler det opp på dei ulike ordningane, ser vi at Nye veier har 100 prosent kvinner i alle funksjonar, og at dette trekkjer opp tala. For marknadsordninga er tala 50 prosent på manus og 0 for dei andre funksjonane. For konsulentvurdert film er tala 30 prosent på produsent, 40 prosent på regi og 45 prosent på manus, samla 38 prosent.

For premierefilmane i 2012 viser tala ein samla kvinnedel på 26 prosent. Dette er ein liten auke samanlikna med 2011 (25 prosent).

For premierefilmar som har fått førehandstilskott frå NFI, er kvinnedelen 35 prosent. Det tilsvarande talet for 2011 var 30 prosent.



## 8.1 Tiltak for å nå målet om 40 prosent kvinner i nøkkelposisjonar

Målsetjinga om 40 prosent kvinner i nøkkelposisjonar i norsk film er ikkje nådd på alle område.

For produksjonstilskott til tv-drama, kortfilm og dokumentarfilm er kvinnedelen svært nær eller over målsetjinga. For produksjonstilskott til fiksjonsfilm for kino er kvinnedelen i 2012 samanlagt på 33 prosent. For tilskott til produksjon av kinofilm etter kunstnarleg vurdering (inkludert kinodokumentarar) er kvinnedelen på 34 prosent. Dette er ein nedgang frå 2011 (40 prosent). Tala inkluderer dei to filmene i tilskottsordninga Nye veier.

Det vart i 2011 utarbeidd ein handlingsplan for styrking av kjønnsbalansen. Vi ser at dette er eit arbeid som tek tid, og som òg har andre utfordringar enn det handlingsplanen gjorde greie for:

Mange kvinner blir krediterte både som manusforfattar og regissør. Høge prosenttal betyr derfor ofte at nokre få kvinner har skrive og regissert filmen. Kvinnelege regissørar på fiksjonskinofilmar som fekk tilskott frå NFI i 2012, utgjorde 22 prosent.

Det er ein tydeleg tendens at kvinner regisserer filmar dei sjølv har skrive, mens menn regisserer filmar som andre (oftast menn) har skrive. I 2012 arbeidde tre av fire kvinnelege regissørar på manus dei sjølv hadde skrive. Ser vi på perioden 2008–2011, ser vi at 55 prosent av dei kvinnelege regissørane gjer film basert på eige manus, mens berre 20 prosent av dei manlege regissørane skriv manusa sjølv. Dette gjer at det tek lengre tid mellom to prosjekt for kvinnelege regissørar (som må skrive eit manus) enn for menn (som kan arbeide med eit manus andre har skrive).

Dei siste fire åra er det debutert åtte kvinnelege regissørar (av 15 filmar / 53 prosent). Halvparten av dei har fått tilskott til produksjon etter kunstnarleg vurdering. Det er på same tid debutert 30 manlege regissørar (av 70 filmar / 42 prosent). Ein tredel av dei har fått tilskott til produksjon etter kunstnarleg vurdering.

Det er fleire kvinnelege debutantar enn manlege, noko som er viktig for å få opp grunnlaget for ein betre kjønnsbalanse. Likevel er det langt færre kvinner som debuterer som regissørar med film i marknadsordninga eller med filmar utan førehandstilskott, og det er relativt sett få kvinner som arbeider på filmar dei ikkje har skrive sjølv. Om denne tendensen held fram, vil vi etter kvart få fleire kvinnelege regissørar, men dei vil bruke lengre tid på kvar film, og dei vil lage filmar som har fått tilskott etter kunstnarleg vurdering.

Vi har ingen tydelege forklaringar på denne utviklinga utover at det kan vere tilfeldige utslag innanfor ein variasjon ein må kunne forvente frå år til år. NFI har framleis stor merksemd på utfordringane om kjønnsfordeling i tilskottsordningane, og vi praktiserer ei moderat kjønnskvoltering. Vi har òg gjort avtalar med organisasjonane om ei mentorordning for kvinner i samsvar med vedteken handlingsplan.

## 8.2 Kvinnedeltaking i premierefilmer

I årets premierefilmer er totalt 18,25 av 69 nøkkelposisjonar fylte av kvinner. Det utgjer ei kvinnedeltaking på 26 prosent, ein liten auke frå 2011 (25 prosent). Dei siste fire åra samla viser ein jamn auke i prosentdel kvinner i premierefilmer. Filmar med førehandstilskott frå NFI ligg høgare, med ei kvinnedeltaking på 35 prosent, også dette ein auke frå 2011 (30 prosent). Filmar utan førehandstilskott er reduserte frå 20 prosent i 2011 til 17 prosent i 2012. Dei siste fire åra har det vore registrert ein høgare prosentdel kvinner i filmar med førehandstilskott frå NFI.

Kvinnedeltakinga blir tald for nøkkelposisjonane regissør, manusforfattar og produsent. Kvar nøkkelposisjon får mellom 0 og 1 poeng. Ingen kvinner i posisjonen gir 0 poeng, éi eller fleire kvinner gir 1 poeng, éi kvinne og éin mann gir 0,5 poeng, og så vidare.

### 8.2 | a Kvinnedeltaking i norske premierefilmer 2012

Premierefilmer 2012								
	Regi		Manus		Produsent		Totalt	
	N	%	N	%	N	%	N	%
Kinofilm	5	22 %	7	30 %	6,25	27 %	18,25	26 %
– av dei MED førehandstilskott	4	33 %	5,5	46 %	3	25 %	12,5	35 %
– av dei UTAN førehandstilskott	1	9 %	1,5	14 %	3,25	30 %	5,75	17 %

### 8.2 | b Kvinnedeltaking i norske premierefilmer 2007–2012

Premierefilmer historisk						
	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Regi	37 %	9 %	20 %	24 %	15 %	22 %
Manus	9 %	13 %	17 %	32 %	23 %	30 %
Produsent	25 %	24 %	17 %	20 %	35 %	27 %
Totalt	10 %	23 %	24 %	29 %	25 %	26

### 8.3 Kvinnedel i søknader og tilskott

I 2012 er 33 prosent av nøkkelposisjonane i prosjekt som er tildelte produksjonstilskott for kinofilm, fylte av kvinner. Dette er ein liten auke frå 2011, da det var 31 prosent kvinner i tilsvarande nøkkelposisjonar. Prosentdelen kvinner som søkte produksjonstilskott, er den same i 2012 som i 2011, 27 prosent. Godt over halvparten (68 prosent) av kvinnene som søkte tilskott, fekk tilskott. Dette er ein auke frå 2011, da 45 prosent av kvinnene som søkte tilskott, fekk tilskott.

Prosentdelen kvinner som søkte om produksjonstilskott gjennom kunstnarleg vurdering (ikkje inkludert kinodokumentar) åleine, er redusert frå 42 prosent i 2011 til 27 prosent i 2012. Det same gjeld prosentdelen kvinner som fekk tilskott etter kunstnarleg vurdering, frå 42 prosent til 29 prosent. Ein lågare prosentdel kvinner i søknadene skaper større utfordringar ved ei moderat kjønnskvolering.

For marknadsvurdering er biletet noko annleis. Her har prosentdelen kvinner som søkte tilskott, minka, frå 20 prosent i 2011 til 18 prosent i 2012, mens prosentdelen som har fått tilskott, har auka, frå 17 prosent i 2011 til 25 prosent i 2012.

Prosentdelen kvinner som fekk tilskott til kinodokumentar, er høg, 54 prosent, det same gjeld prosentdelen som søkte tilskott til produksjon av kinodokumentar, 47 prosent. I 2011 var derimot tala for kinodokumentar svært låge (2 kvinner søkte tilskott, ingen av dei fekk tilskott). NFI meinte den gongen at dette kom av normale variasjonar og omdisponering av midlar som gjorde variasjonane meir synlege. Etersom prosentdelen kvinner no er tilbake på eit normalt høgt nivå, kan vi konstatere at nedgangen i fjor kom av normale variasjonar.

Oversiktene i dette kapittelet inneheld følgjande: Kinofilm inkluderer marknadsvurdert, konsulentvurdert (kunstnarleg vurdert), pakkefinansiert kinofilm fiksjon og dessutan kinodokumentar. Minoritetssamproduksjonar er ikkje inkluderte. Dokumentar inkluderer enkeltstående filmar, seriar og Nye veier til dokumentarfilm. Kortfilm inkluderer ordinær kortfilm og Nye veier til korte filmar.

#### 8.3 | a Prosentdel kvinner søknader og tilskott, produksjonstilskott 2012

	Produksjonstilskott			
	Søknadsmassen		Tilskottsmassen	
	N	%	N	%
Kinofilm	31,5	28 %	21,5	33 %
– av dei marknadsvurdert fiksjonsfilm	7	18 %	3	25 %
– av dei kunstnarleg fiksjonsfilm (eks. minoritetssamproduksjonar)	16	27 %	12	29 %
– av dei kinodokumentar	8,5	47 %	6,5	54 %
Dokumentar	144,5	37 %	38,5	41 %
Kortfilm	85,75	32 %	24	36 %
<b>Totalt</b>	<b>259,75</b>	<b>33 %</b>	<b>79</b>	<b>35 %</b>

#### 8.3 | b Prosentdel kvinner produksjonstilskott historisk

	Produksjonstilskott historisk					
	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Kinofilm	19 %	24 %	32 %	27 %	31 %	33 %
Dokumentar	40 %	48 %	43 %	45 %	32 %	41 %
Kortfilm	34 %	39 %	48 %	42 %	42 %	36 %

8.3 | c Prosentdel kvinner produksjonstilskott 2012

	Produksjonstilskott							
	Regi		Manus		Produsent		Totalt	
	N	%	N	%	N	%	N	%
Kinofilm	6	27 %	7,5	34 %	8	36 %	21,5	33 %
Dokumentar	8,5	27 %	11	36 %	19	61 %	38,5	41 %
Kortfilm	7	32 %	7	32 %	10	16 %	24	36 %
<i>Totalt</i>	<i>19,5</i>	<i>26 %</i>	<i>23,5</i>	<i>31 %</i>	<i>36</i>	<i>48 %</i>	<i>79</i>	<i>35 %</i>

8.3 | d Kvinner i søknader og tilskott – andre

	Produksjonstilskott			
	Søknader		Tilskott	
	N	%	N	%
Fjernsynsseriar fiksjon	5,5	23 %	4,5	38 %
Interaktive produksjonar (utviklingstilskott)	21	13 %	5,5	12

## 9 Kvalitet og mangfold

Norske kort- og langfilmer, dokumentarfilmer og fjernsynsdrama skal konkurrere om viktige internasjonale prisar.

Når det gjeld internasjonale prisar og festivaldeltaking, gjekk talet på prisar litt ned frå 2011 til 32 prisar, og det var deltaking på 157 store og små festivalar verda over. Når ein tar størrelsen og betydninga av prisane med i vurderinga, må 2012 kunne seiast å ha vore eit svært godt år for norske filmer i utlandet, med nominasjonar til høgt hengande internasjonale prisar som Golden Globe, Oscar, BAFTA og César og hovedprisane Dragon Award og Grand Pris Chrystal Award i Gøteborg og Karlovy Vary.

Etter NFIs oppfatning kjem tilbakegangen i talet på filmprisar i stor grad av mangelen på barnefilm. Dette vil nokså sikkert betre seg i 2013, da heile sju filmer for barn skal ha premiere.

## 9.1 Tiltak for å nå målet om at norske produksjonar skal konkurrere om internasjonale prisar

Det er neppe tvil om at valet av filmar til offisielle visingsprogram på prestisjefylte festivalar og nominasjonar til renommerte filmprisar har ein generell merksemds- og omdømmebyggjande effekt. Dette gjeld både for den enkelte filmen og filmskaparen og generelt for den nasjonale filmproduksjonen.

Filmmeldinga stiller opp eit mål om at norske kort- og langfilmar skal konkurrere om viktige internasjonale prisar.

Når det gjeld internasjonale prisar og festivaldeltaking, gjekk talet på prisar litt ned frå 2011, til 32 prisar, og det var deltaking på 157 store og små festivalar verda over. Sjå fullstendig oversikt i tabell 9.1 | a nedanfor. Det er likevel ikkje noko å seie på "kvaliteten" på prisane som norske filmar oppnådde i 2012.

Etter NFIs oppfatning kjem tilbakegangen i talet på filmprisar i stor grad av mangelen på barnefilm. Dette vil nokså sikkert betre seg i 2013, da det ligg an til at heile seks filmar for barn- og ungdom skal ha premiere.

### Eit kvalitetsmessig godt år: Kinofilm

Generelt oppfattar NFI interessa for norsk film som sterkt aukande i utlandet. Kvalitetsmessig var 2012 var eit godt år for norske filmar, målt i prestisjetunge utmerkingar og festivalutveljingar til filmar, filmskaparar og skodespelarar. Blant prestasjonar verte å framheve i 2012 vil NFI peike på:

- Dragon Award (hovudpris) til *Kompani Orheim*, Göteborg filmfestival (SE)
- Utveljing av *Arme riddere* til Variety Critics' Choice-serien, filmfestivalen i Karlovy Vary (CZ)
- Utveljing av *Mer eller mindre mann* til hovudkonkurransen, filmfestivalen i Karlovy Vary (CZ)
- Grand Prix Crystal Award (hovudpris) til *Mer eller mindre mann*; Best Actor Award til Henrik Rafaelsen, filmfestivalen i Karlovy Vary (CZ)
- Utveljing av *Inn i mørket*, *Mer eller mindre mann*, *Kompani Orheim* og *Liv & Ingemar* til offisielt program, filmfestivalen i Montreal (CA); Bronze Zenith Award til *Inn i mørket*
- Utveljing av *90 minutter*, *Uskyld*, *Kon-Tiki* og *Thale* til offisielt program, filmfestivalen i Toronto (CA)
- Nominasjon av *Hodejegerne* til BAFTA (GB) / beste framandspråklege film
- Nominasjon av *Hodejegerne* til European Film Academy / publikumspris
- Nominasjon av *Kon-Tiki* til Golden Globe (US) / beste framandspråklege film
- Nominasjon av *Kon-Tiki* til Academy Award (US) / beste framandspråklege film
- Nominasjon av *Oslo 31. august* til César (FR) / beste framandspråklege film

9.1 | a Tal på deltaking og prisar ved internasjonale festivalar, kinofilm 2009–2012

	2009	2010	2011	2012
Titlar	62	68	67	52
Festivalar/filmveker	145	167	187	157
Festivalar med titlar i konkurranse eller program	145	167	187	157
Deltaking/framsyningar	285	381	383	256
Land	48	50	52	45
Prisar	46	36	49	32
Norske titlar i konkurranse	n/a	n/a	24	24

### Dokumentarfilm

Festivalar er ein viktig arena for eksponering av norsk dokumentarfilm. Men etterspurnaden er høgst varierende. Det er normalt produsent og salsagent/distributør som står for salet til store marknader, og NFI har derfor berre avgrensa innsyn i kor stort salet er som følgje av festivalnominasjon/-vising. Mange sal er dessutan alt gjorde på produksjonsstadiet, sidan dokumentarfilm ofte er finansierte ved førehandssal til fjernsynskanalar, som dermed opptre som samprodusentar.

NFI har dei siste to åra fokusert på å gi utviklings- og produksjonsstøtte til dokumentarfilm med internasjonale ambisjonar og potensial. Resultatet av dette vil vi forhåpentlegvis kunne sjå i 2013.

Blant dokumentarfilm som var særleg etterspurde frå festivalar i 2012, finn vi *Back to the Square*, *Imagining Emanuel* og *Liv & Ingemar*.

## Kortfilm

Norske kortfilmer blir selde til dei fleste land i Europa. Fjernsynskanalar i Frankrike (som Canal Plus og Arte), Tyskland (ZDF – Zweites Deutsches Fernsehen og Bertelsmann-gruppas RTL) og Italia (Canale 5, Italia 1 og RETE 4) har tradisjon for å vise kortfilm på fjernsyn. Prisane varierer; franske og tyske kanalar betaler relativt godt (500–600 euro pr. minutt), mens italienske og spanske kanalar ligg på ca. ein firedel av dette.

2012 har vore prega av store tekniske omsiftingar internasjonalt. Mens Kino-Noreg vart digitalisert i løpet av sommaren 2011, ligg utviklinga noko etter internasjonalt. Enkelte europeiske kortfilmfestivalar slit økonomisk som resultat av finanskrisa, trass i at dei er høgt internasjonalt anerkjende. Dette har av og til ført til at festivalane ikkje har kunna nytte dei mest optimale visingskopiane av filmene (digitale kopiar framstilte for vising på kino). Festivalane har hittil ikkje klart å einast om ein felles standard for digitale visingskopiar, noko som betyr at NFI ofte må framstille fleire digitale versjonar av same film. Dette er kostbart og fører til at den forventede kostnadsreduksjonen i samband med formidling av norsk kortfilm lét vente på seg.

Norske kortfilmer har vore viste ved 157 store og små filmfestivalar over heile verda og har vunne 32 prisar. Blant dei viktigaste av desse visingane og prisane var:

- *Prematur* på Encounters Short Film & Animation Festival (Bristol, England), der han vann "Brief Encounters Grand Prix", og på European Short Film Festival (Brest, Frankrike), der han vann tre prisar
- *Mannen fra isødet* på Palm Springs International ShortFest, med pris for "Best Live Action Short" under 15 minutt

Fleire av dei mest etterspurde kortfilmene i 2012 hadde alt hatt eit visst gjennombrutt i 2011: Maria Bochs *Skallamann* – filmen er vist på meir enn 70 filmfestivalar – Annette S. Hellands *Superpappa* og *Pelé* og Hallvar Witzøes *Tuba Atlantic* har alle blitt viste på ei rekkje festivalar i 2012. Av nye filmar frå 2012 er det Henrik Martin Dahlsbakkens film *Mannen fra isødet* og Gunhild Engers *Prematur* som utmerker seg som mest etterspurde. Begge er prislønte, *Mannen fra isødet* har fått to internasjonale prisar, mens *Prematur* har fått sju prisar.

## Fjernsynsdrama og interaktive produksjonar

Norsk fjernsynsdrama er i ferd med å markere seg i utlandet, og fleire produksjonar har delteke på festivalar og marknader i 2012. "Stikk!" vart nominert til den prestisjetunge *Prix Jeunesse*, og heile tre norske barne-tv-seriar er nominerte til Emmy-prisar, fjernsynets svar på Oscar. Også salet av norske dramaproduksjonar til utlandet ser no ut til å ha losna, med produksjonar som *Lilyhammer* og *Halvbroren* selde til ei rekkje land. Den norske spelbransjen leverer spel av høg internasjonal klasse, med potensial til å nå ut til eit stort publikum utanfor Noreg.

NFI ser ei stor utfordring i å få i stand koordinering av sal av norske fjernsynsseriar og interaktive produksjonar. Erfaringane frå filmansering mot utlandet tilseier at vi er avhengige av koordinerte fellessatsingar, ikkje berre for å auke eksportverdien av den enkelte produksjonen, men òg for å synleggjere breidda i det programtilbodet produsentar av norsk fjernsynsdrama og interaktive produksjonar har å tilby. Sidan 2007 har det vore eit uttalt mål i norsk filmpolitikk å styrkje eksporten av norske audiovisuelle produksjonar. Pr. i dag har NFI ikkje ressursar til å utvide aktiviteten frå kinofilm til også å omfatte fjernsynsdrama og interaktive produksjonar.

## Sekretariat for internasjonale filmprisar

NFI er sekretariat for Den norske Oscar-komitéen, som innstiller til Academy Award for beste framandspråklege film. NFI er òg fast sekretariat for utveljinga av det norske bidraget til Nordisk råds filmpris. I 2012 tok NFI òg på seg oppdraget med å koordinere offentleggjinga av Nordisk råds filmpris i operahuset i Oslo, med betydeleg nedslag i media.

## Besøk av festivalprogrammerarar

NFI har i 2012 invitert dei programansvarlege for filmfestivalane i Toronto og Hiroshima til Noreg. Invitasjonen er eit tiltak for å få fleire norske filmar i programma på anerkjende festivalar. Programmerarane fekk sjå ferske norske filmar og møte bransjen i uformelle og formelle samanhengar. Besøket resulterte i at fire norske filmar vart tekne ut til filmfestivalen i Toronto, og til eit stort fokus på norsk animasjonsfilm under Hiroshima International Animation Festival (sjå ovanfor). Tilsvarande har representantar for Berlin-festivalen vore inviterte til å presentere festivalen og samproduksjonsforumet for norsk bransje.

For oversikt over filmar i konkurranse og prisar vunne ved prioriterte festivalar, sjå VEDLEGG 6.

**DELMÅL 4**  
**FILMKULTUR FOR ALLE**



### Sikre den norske filmarven og gjere han tilgjengeleg på alle plattformer.

NFI jobbar systematisk med å gjere den norske filmarven tilgjengeleg for flest mogleg brukarar på alle relevante plattformer.

Marknaden for dvd-ar er fallande. NFI har i 2012 derfor utarbeidd ein strategi for utgivingar. NFI har seld over 10 000 eksemplar i 2012, ein oppgang frå 2011. NFI har inngått ein avtale med ein eksterndistributør for utgivingane våre inn mot butikkmarknaden, noko som gjer at utgivingane når breiare ut, og som forklarar den moderate auken. Samtidig ser NFI ein fallande betalingsvilje for film uavhengig av plattform. Dette vil på sikt gi ei lågare inntekt pr. omsett eining, uavhengig av at NFI gjer dei norske utgivingane meir synlege og tilgjengelege.

I samarbeid med Nasjonalbiblioteket har NFI utgitt to norske arkivfilmar på dvd i år, mens 68 arkivfilmar er gjorde tilgjengelege via klikefilmtjenesta Filmarkivet.no, som no totalt inneheld meir enn 1000 norske filmtitlar. Utfordringa er at betalingsviljen for klikefilmtjenester er fallande. Konsekvensen er at inntektene for påsyn av film vil gå ned. NFI er avhengig av at Nasjonalbiblioteket digitaliserer filmarven i ein kvalitet som gjer filmene tilgjengelege for visning.

NFI organiserer ei rekkje utstillingar med filmhistoriske tema på Filmens Hus i Oslo. Gjennom eit omfattande og til dels unikt materiale som er publisert på NFIs nettsider, er utstillinga «Kon-Tiki og den norske ekspedisjonsfilmen» tilgjengeleg for heile landet.

### 10.1 Tiltak for å nå målet om å sikre og gjere den norske filmarven tilgjengeleg

NFI har som hovudoppgåve å gjere den norske filmen tilgjengeleg for eit breiast mogleg publikum. Hovudtiltaka for å nå dette målet er NFIs klikkefilmtjenester, dvd-utgivingar, visingar i Cinemateket, Filmmuseet og utstillingar på nfi.no og på Filmens Hus. For dette arbeidet er NFI avhengig av ein god relasjon til Nasjonalbiblioteket, som har ansvaret for å restaurere og digitalisere det materialet vi byggjer formidlinga vår på.

NFI har ca. 1000 norske spelefilmar, barnefilmar, kortfilmar og dokumentarfilmar tilgjengeleg i klikkefilmtjenestene sine. Internett har blitt ei sentral plattform for NFIs formidlingsarbeid og eit viktig verktøy for å nå publikum i heile landet.

NFI fokuserer på å skape relevante, kunnskapsbaserte opplevingar på Filmens Hus, både for vaksne, for ungdom og for barn, og på å formidle kunnskapsbaserte tema om film på internett og gjennom Cinematekets trykte katalog.

Dei digitale cinemateka har i samarbeid med Nasjonalbiblioteket fått laga digitale kinokopiar av dei norske filmene *Fante-Anne* (1920), *Hustruer* (1975) og *Kon-Tiki* (1950), som har vore viste på kino i sju norske byar. HD-overføringar (streaming) av korte innleiingar til filmene har vore gjennomførte frå Oslo framfor visingane av *Fante-Anne* og *Kon-Tiki*.

Det har vore gjennomført fleire tiltak for å gjere Filmens Hus til eit fokuspunkt for formidling av filmarven og aktuelle tema knytte til norsk film. Filmsamtalen er eitt av tiltaka, det største tiltaket er utstillinga og filmserien «Kon-Tiki og den norske ekspedisjonsfilmen».

I 2012 gav NFI ut to dvd-ar med sentrale filmar frå norsk filmhistorie i såkalla praktutgåve. Med filmene følgde eit omfattande dokumentasjonsmateriale, og det vart halde spesialvisingar av filmene både på Filmens Hus og på ordinær Oslo-kino. Utgivingane har vore eit samarbeid med Nasjonalbiblioteket, og spesielle tiltak for å trekkje til seg interesse har vore gjennomført overfor både presse og publikum. Utgivingane blir selde via Filmens Hus, som bestillingsvare via kundeservice, og hos større videoforhandlarar som Platekompaniet og andre salspunkt der distributøren vår har avtale.

## 10.2 Utgivingar

For å nå målet om å sikre og å gi publikum tilgang til norske audiovisuelle produksjonar og den historiske bakgrunnen deira gir NFI ut norske filmklassikarar både som dvd og som klikkefilm. NFI har i 2012 også styrkt den tekniske drifta for denne produksjonen ved å oppgradere til HD-kvalitet.

Det vart i 2012 selt 10 717 eigenproduserte dvd-ar frå NFI, ein auke på 12 % frå 2011. Auken kjem først og fremst av salet av dvd-en *Støv på hjernen*. Filmen vart utgitt i samband med jula og vart blant anna selt gjennom Platekompaniet.

Tal frå Film & Kino viser at omsetninga i den norske dvd-marknaden gjekk ned frå 14 millionar selde eksemplar på landsbasis i 2011 til dryge 11 millionar selde eksemplar i 2012. Vi ser at marknaden flyttar seg frå kjøp av fysiske produkt til ei forventning om tilgang til film på andre plattformer. NFI har derfor utarbeidd ein oppdatert utgivingsstrategi for 2013–2015 der vi flyttar hovudfokus frå dvd til klikkefilm. Ein ny nettbutikk blir lansert av NFI i mars 2013 der nettsal av dvd blir samordna med tilgang til klikkefilmtenesta Filmarkivet.no.

I mars 2012 inngjekk NFI ein avtale med Voices Music & Entertainment AS (VME) om distribusjon av NFIs dvd-utgivingar. VME har bidrege til auka omsetning på titlar frå NFIs back-katalog. NFIs eige sal via nett har gått ned. Ei sentral og intern årsak til dette er at det ikkje har vore mogleg å bruke nettbank i Filmbutikken.no, noko som blir retta opp i 2013. Ei anna, ekstern årsak til redusert sal er den generelle nedgangen i kjøp av fysiske produkt. Samtidig som færre kjøper dvd-ar, blir òg folk mindre villige til å betale for film uavhengig av plattform. Dette vil på sikt gi lågare inntekter pr. selde eining.

NFI gjorde i 2012 to filmhistoriske klassikarar tilgjengelege på Blu-ray/dvd. Rasmus Breisteins stumfilmklassikar *Fante-Anne* (1921) er ein milepåle i norsk filmhistorie. Filmen vart restaurert av Nasjonalbiblioteket (NB) og tonesett med spesialkomponert musikk, spelt inn av Kringkastingsorkesteret. Utgivinga var NFIs første Blu-ray-utgiving og har vekt internasjonal interesse. Etterspurnaden har ikkje vore så stor som forventa, men anerkjenninga frå filmvitarar nasjonalt og internasjonalt har vore stor. I tillegg har utgivinga vekt interesse for den nasjonale filmhistoria vår.

*Støv på hjernen* (Øivind Vennerød, 1959) er ein av dei største kinosuksessane gjennom tidene i Noreg. Filmen vart utgitt på dvd i november og fekk stor merksemd da han vart lansert med kinovising på Symra kino med fleire av veteranane framfor kameraet til stades. Ved utgangen av året har filmen selt over 2500 eksemplar, eit høgt tal for denne typen utgiving. Vi reknar med at han vil ha salspotensial også i 2013.

I tillegg til NFIs eigne utgivingar har NFI i 2012 òg vore distributør for Nasjonalbibliotekets utgiving av Roald Amundsens polarfilm frå 1926, *Luftskipet Norges flukt over Polhavet*. Filmen inngår i dvd-serien med polarfilmar som NFI tidlegare har stått som utgivar for.

### 10.2 | a Sal av eigne og innkjøpte utgivingar 2010–2012

	2010	2011	2012	11–12 %
Eigne utgivingar	16 100	9 506	10 717	+13 %
Innkjøpte utgivingar	1 575	1 888	1 597	-15 %
– av dei bøker	-	561	-	-
Totalt	17 675	11 394	12 314	+8 %

## 10.2 | b Eigne utgivingar 2012

Tittel	Lansering	Selde ekspl. pr. 31.12.11
Fante-Anne	01.04.2012	349
Tuba Atlantic	01.04.2012	793
Norsk kort 011	14.06.2012	217
Eksamensfilmer 2012	18.06.2012	588
Luftskipet Norges flukt over Polhavet	07.09.2012	124
Imagining Emanuel	01.11.2012	27
Støv på hjernen	25.11.2012	1815

### 10.3 Klikkefilm

NFI og Nasjonalbiblioteket samarbeider om formidling av norsk filmarv. Alle filmar som Nasjonalbiblioteket restaurerer, og som det er mogleg å få inngått distribusjonsavtale for, blir gjorde tilgjengelege gjennom NFIs klikkefilmteneste Filmarkivet.no og på Filmrommet.no. Dette gjeld òg for filmar vi samtidig gir ut på dvd eller Blu-ray.

10.3 | a Påsyn av klikkefilm i Filmarkivet.no og Filmrommet.no, 2009–2012

Påsyn klikkefilm	2009	2010	2011	2012	11–12 %
Filmarkivet.no	4 116	2 442	2 501	3 201	+28 %
Filmrommet.no	1 204	8 515	8 690	18 399	+112 %
<i>Totalt</i>	<i>5 320</i>	<i>10 957</i>	<i>11 191</i>	<i>22 600</i>	<i>+102 %</i>

Det var i 2012 18 399 påsyn i Filmrommet.no og 3201 påsyn på Filmarkivet.no. Totalt er dette meir enn ei fordobling frå 2011. Det kjem i hovudsak av ein kampanje på *Tuba Atlantic* i den perioden filmen var nominert til Oscar. Det er all grunn til å tru at tenesta vil vekse også i åra framover. Sjølv om tenesta møter konkurranse frå kommersielle aktørar som Netflix og Comoyo, er NFIs tilbod eit nisjeprodukt som spesielt interesserte vil spore opp.

Det vart i 2012 inngått nye avtalar for 68 filmar som vart gjorde tilgjengelege i klikkefilmtenesta Filmarkivet.no og på Filmrommet.no. Tenesta er ein viktig kanal for formidling av den norske filmarven til heile landet. Det norske filmmiljøet har etterspurt tilgang til eldre norske spelefilm, og NFI har i 2012 spesielt prioritert å få fleire sentrale spelefilm gjorde tilgjengelege på nett. NFI har i denne samanhengen inngått avtalar med rettshavarar og vore i kontakt med Nasjonalbiblioteket om restaurering, som i perioden også har auka omfanget av restaurering av spelefilm. Ni spelefilm er lagde ut på nett i 2012, og vi reknar med å leggje ut fleire i 2013 etter kvart som Nasjonalbiblioteket digitaliserer fleire restaurerte filmar. Forutan spelefilm er Filmavisen 1941–1963 gjord tilgjengeleg i forlenginga av dvd-utgivinga i desember 2011, og dessutan kortfilm, dokumentarfilm og enkelte barnefilm.

## 11 Filmkultur for alle

Eitt breitt filmtilbod i fjernsyn, bibliotek og digitale kinoar i heile landet.

NFI har i 2012 tildelt 2,68 millionar kroner i støtte til 29 filmkulturelle tiltak over heile landet gjennom post 78-midlar.

NFIs hovudarena for filmformidling er Filmens Hus i Oslo. Her arrangerer NFI dokumentarfilmfestivalen Eurodok som eige tiltak, er medarrangør av festivalane Film fra Sør, Oslo Internasjonale Filmfestival og Skeive filmer. Dessutan samarbeider NFI om visingar med Universitetet i Oslo, Institut française, Goethe Institut, Det italienske kulturinstituttet, Norsk Psykoanalytisk Forening, Hennie Onstad-senteret, HL-senteret, ulike ambassadar, Tyrkisk ungdomsforening, Nordland kunst- og filmfagskole, Norsk filmklubbforbund og fleire.

Eit viktig verkemiddel for å gjere Filmens Hus til eit nasjonalt senter for film og audiovisuelle uttrykk er formidling av filmhistoria gjennom Filmmuseet og relevante utstillingar i Filmgalleriet. Filmmuseet og Filmgalleriet har opent alle dagar med unntak av feriane. Det er fri entré til museet og utstillingslokalet, som har hatt ei jamn tilstrøyming av besøkjande i 2012.

Cinamateket, som òg er rekna som ein del av museumsverksemda vår, har i 2012 gjennomført 1343 opne publikumsvisingar med eit samla besøk på 51 841. Av dette er 39 131 besøk på visingar i regi av Norsk filminstitutt åleine eller saman med faste samarbeidspartnarar, og 12 710 er besøk på publikumsvisingar i regi av eksterne arrangørar og leigetakarar. Gjennomsnittsbesøket pr. framsyning har auka til 38,6 besøkjande i 2012, mot 36,3 i 2011.

Filmens Hus er arena for ei rekkje bransjetiltak: kurs, møte og filmvisingar.

NFI samordna nettverkssamarbeidet Det digitale cinemateket med cinemateka i Oslo, Bergen, Trondheim, Kristiansand, Stavanger, Tromsø og Lillehammer. Nær 6600 følgde dei 396 visingane som i denne samanhengen gjekk under vignetten Torsdagsfilmen. Film & Kino har etter eit landsmøtevedtak slutta å gi støtte til visingar i Det digitale cinemateket, noko som fører til at nettverkssamarbeidet i si noverande form vil bli avslutta frå 2013.

### 11.1 Tiltak for å nå målet om eit breitt filmtilbod i fjernsyn, bibliotek og digitale kinoar

For å møte målet om eit breitt filmtilbod arrangerer NFI festivalar på Filmens Hus, har visingar på Cinemateket, administrerer samarbeidsprosjektet Det digitale cinemateket, støttar filmkulturelle tiltak og satsar på eit utvida tilbod til barn og unge.

NFIs Cinematek er medarrangør av festivalane Film fra Sør, Oslo Internasjonale Filmfestival og Skeive filmer og samarbeider i tillegg med Kortfilmfestivalen og Oslo Screen Festival. I tillegg har Cinemateket samarbeid om visingskonsept med eksterne aktørar som Universitetet i Oslo, Institut française, Goethe Institut, Det italienske kulturinstituttet, Norsk Psykoanalytisk Forening, Hennie Onstad-senteret, HL-senteret, ulike ambassadar, Japan Foundation, Tyrkisk ungdomsforening, Nordland kunst- og filmfagskole, Norsk filmklubbforbund og fleire. Den positive utviklinga i besøket på Cinemateket har halde fram i 2012, da snittet pr. framsyning auka til 38,6. Tilsvarende tal var i 2010 32,6 og i 2011 36,3.

Cinemateket har i 2012 gjennomført 1343 opne publikumsvisingar med eit samla besøk på 51 841. I 2012 presenterte Cinemateket fleire større filmmønstringar med sentrale verk både frå samtida og frå filmhistoria. Gjennom konsept som Månedens film og Månedens klassiker får publikum møte perler frå filmhistoria i analogt eller digitalt format. Konseptet Filmsalongen tilbyr norske klassikarar presenterte med gjester i dialog med filmnestor Per Haddal.

NFI forvaltar tilskott til filmkulturelle tiltak gjennom post 78. I 2012 vart det utdelt 2 680 929 kroner fordelt på totalt 29 prosjekt. Tiltaka skal blant anna gi gode filmopplevingar for publikum, auke filmforståinga og bidra til å spegle det kulturelle mangfaldet. Prosjekt som bidreg til at film får ein sterk posisjon blant barn og unge, vil bli prioriterte.

## 11.2 Filmkulturelle tiltak

NFI forvaltar totalt 2,68 millionar kroner til publikumsretta filmkulturelle tiltak som underbyggjer dei nasjonale film- og kulturpolitiske måla (post 78).

NFI forvaltar tilskott til filmkulturelle tiltak gjennom post 78. I 2012 vart det tildelt 2 680 929 kroner fordelt på totalt 29 prosjekt. I 2011 var det same beløpet fordelt over 27 tiltak. Tildelingane har skjedd gjennom tre rundar med frist den 1. i kvar månad i februar, juni og oktober. Det var totalt søkt om 6 907 103 kroner. I tillegg har Nordisk Panorama fått utbetalt 386 635 kroner basert på eigen søknad, og Arne Skouens ærespris er tildelt eit beløp tilsvarande 33 334 kroner. Tilskott til tiltak for barn og unge utgjer 920 000 kroner. Tildelingane spenner frå talentverkstader og bokutgivingar til tidsskrift, filmprisar og lokale visingsprosjekt.

NFI har i 2012 evaluert ordninga, og i tråd med ei styrkt satsing på barn og unge ønskjer vi at minst 50 prosent av midlane skal tilførast tiltak med dette segmentet som målgruppe.

Tiltaka i 2012 har vore styrte etter følgjande retningslinjer:

NFI støttar publikumsretta, filmkulturelle tiltak som underbyggjer dei nasjonale film- og kulturpolitiske måla. Støtteverdige tiltak skal komme eit allment publikum til gode og leggje til rette for oppleving av film som eigen kunststart og eige massemedium og gi auka kunnskap om film eller filmhistorie. Særlege prioriteringar har vore tiltak som bidreg til at film får ein sterk posisjon blant barn og unge, og tiltak som speglar kulturelt mangfald.

For ei liste over tilskotta til filmkulturelle tiltak 2012 sjå VEDLEGG 7.



### 11.3 Cinemateket

Norsk film er ein del av og må forståast i samanheng med den norske og internasjonale filmarven. Såleis fungerer NFIs Cinematek som ein skole inn i filmhistoria og som innføring i filmens kunstnarlege og kommersielle univers. Som eit ledd i å nå flest mogleg har Cinemateket i 2012 hatt som målsetjing å spisse kommunikasjonen og tilboda mot ulike målgrupper.

Cinemateket har i 2012 gjennomført 1343 opne publikumsvisingar med eit samla besøk på 51 841. Av dette er 39 131 besøk på visingar i regi av Norsk filminstitutt åleine eller saman med faste samarbeidspartnarar, og 12 710 er besøk på publikumsvisingar i regi av eksterne arrangørar og leigetakarar. Totalt sett var dette ein liten nedgang frå 2011, noko som kjem av at publikumsaktivitetane for første gong hadde stengt i juli månad i 2012. Gjennomsnittet er likevel høgare enn i 2011 og bidreg til å oppfylle målet om auka besøk på kvart arrangement.

Snittet pr. framsyning auka til 38,6 personar i 2012. Tilsvarende tal var i 2010 32,6 og i 2011 36,3.

For å bygge opp under NFIs målsetjing om å bidra til at publikum får møte audiovisuelle uttrykk som speglar det kulturelle mangfaldet i Noreg, gjennomførte Cinemateket i 2012 ei rekkje samarbeidsprosjekt med eksterne institusjonar. Blant dei var Universitetet i Oslo, Institut française, Goethe Institut, Det italienske kulturinstituttet, Norsk Psykoanalytisk Forening, Hennie Onstad-senteret, Ungarns ambassade, HL-senteret, Israels ambassade, Kazakhstans ambassade, Japans ambassade, Japan Foundation, Tyrkisk ungdomsforening, Nordland kunst- og filmfagskole, Norsk filmklubbforbund og fleire.

#### **Filmseriar og satsingar**

I tråd med målsetjinga om å auke publikums kjennskap til filmen som vår tids viktigaste kulturuttrykk presenterte Cinemateket i 2012 fleire større filmmønstringar med sentrale verk både frå samtida og frå filmhistoria. Dei var blant anna vigde den italienske filmkunstnaren Michelangelo Antonioni, den franske filmskaparen Henri-Georges Clouzot, Alfred Hitchcock, det japanske studioet Art Theatre Guild of Japan, klassiske amerikanske stumfilmstjerner, Marilyn Monroe, Audrey Hepburn, New Hollywood, norsk undergrunnshorror, dei italienske Taviani-brørne og norske ekspedisjonsfilmar, det siste i samanheng med ei omfattande utstilling.

Satsinga på konsept som Månedens film og Månedens klassiker vart styrkt i 2012. Forma på konseptet, med gjentekne visingar av utvalde filmar, har opna for å kunne vise interessante og viktige samtidsfilmar og klassikarar.

Nye konsept som Filmsalongen med Per Haddal, der kritikarnestor Per Haddal vel og presenterer film, og Aisthesis, film og filosofi, vart introduserte med svært gode tilbakemeldingar frå eit tilfreds publikum. Eksisterande konsept som Stumfilmkonserten, The Dream that Kicks og Rock Noir vart utvikla vidare og styrkt positivt. Vi ser at målretta satsing mot ulike brukarar gir resultat i form av både besøk og tilfredse publikummarar.

#### **Gjester**

For å bidra til målet om å aktualisere og fremme filmkultur og kunnskap om film hadde Cinemateket fleire høgprofilerte gjester i 2012. I januar inviterte Cinemateket til eit møte med den anerkjende franske regissøren Olivier Assayas, og i april besøkte den legendariske britiske filmregissøren Mike Leigh Cinemateket. I august arrangerte Cinemateket ein eksklusiv performance av og med den amerikanske filmstjerna og multikunstnaren Crispin Glover i Oslo, Bergen, Trondheim og Tromsø. Amerikanske Mary Harron, ungarske Istvan Szabo, tyske Peter Ohlendorf, islandske Ulla Boje Rasmussen, svenske Magnus Gertten og den ungarske animatøren Marcell Jankovics var blant dei andre gjestene på Cinemateket i 2012.

#### **Festivalar**

Cinemateket er samarbeidspartnar og medarrangør av festivalane Film frå Sør, Oslo Internasjonale Filmfestival og Skeive filmar og samarbeider i tillegg med Kortfilmfestivalen og Oslo Screen Festival. I tråd med målsetjinga om å vere ein alternativ arena for norsk og internasjonal dokumentarfilm arrangerer NFI sjølv den europeiske dokumentarfilmfestivalen Eurodok.

#### **Eurodok – Den europeiske dokumentarfilmfestivalen 21.–25. mars 2012**

Den 11. utgåva av Eurodok sette enda ein gong publikumsrekord med eit besøk på 3016 fordelt på fem dagar. Festivalen baud på ni norske dokumentarfilmpremierar og eit program med nærare 30 andre nye europeiske dokumentarfilmar. Eurodok 2011 blei arrangert i samarbeid med Den europeiske unions delegasjon til Noreg, EUNIC, og ulike europeiske ambassarar og kulturinstitutt. Eurodok-prisen 2012 gjekk til filmen *5 Broken*


*Cameras*. Interesse frå publikum og påmeldinga frå norske produsentar vitnar om at Eurodok er ein anerkjend arena for norsk dokumentarfilm.

### 11.3.1 Cinemateket i tal

11.3.1 | a Publikumsvisingar i regi av NFI og opne visingar arrangerte av andre 2010–2012

	2010		2011		2012		11–12
	Publikumsvisingar	Besøk	Publ.visingar	Besøk	Publ.visingar	Besøk	% besøk
<b>Totalt</b>	<b>1 166</b>	<b>37 996</b>	<b>1 501</b>	<b>54 492</b>	<b>1 343</b>	<b>51 841</b>	<b>-5 %</b>

11.3.1 | b Besøk på publikumsvisingar i Cinemateket Oslo, 2011–2012\*



\* Cinemateket var stengt heile juli 2012.

For tal på lukka arrangement og visingar på dagtid sjå VEDLEGG 8.

#### 11.4 Det digitale cinemateket

Det digitale cinemateket er eit nettverksamarbeid mellom NFI ved Cinemateket i Oslo og dei seks regionale cinemateka i Bergen, Kristiansand, Lillehammer, Stavanger, Tromsø og Trondheim. Cinemateka samarbeider om digitale visingar av klassikarar og særleg verdifull ny film. Verksemda starta hausten 2008 som del av eit forsøksprosjekt. Det har vore ordinær drift i 2012 utanom juni til august med éin film i veka, finansiert av Film & Kino si støtte til dei regionale cinemateka. NFI har utført størstedelen av arbeidet med drifta. Alle filmene blir først viste samtidig på dei sju cinemateka på torsdagar klokka 18.00. Dei 32 filmene på programmet vart viste på i alt 396 framsyningar, 43 av dei i filmklubbar og andre visingsstader utanom cinemateka. Ordninga med visingar kvar torsdag er lagd ned frå og med 2013.

##### 11.4 | a Framsyningar i Det digitale cinemateket

Type	2009	2010	2011	2012
Digitale filmar	31	29	33	32
Streaming av innleiingar	5	4	3	2
Visingar utanom cinemateka	16	14	30	43
Visingar i alt	325	349	465	396
Tilskodarar	4 036	3 004	7 774	6 577

#### 11.5 Filmmuseet og utstillingar

Eit viktig verkemiddel for å gjere Filmens Hus til eit nasjonalt senter for film og audiovisuelle uttrykk er omvisingar i Filmmuseet og i utstillingslokalet Filmgalleriet. Filmmuseet og Filmgalleriet held opent alle dagar med unntak av feriane. Det er fri entré til museet og til utstillinga. Det var i 2012 ca. 12 000 besøk i Filmmuseet, av dei 2282 elevbesøk.

Som Noregs einaste filmmuseum vekkjer Filmmuseet på Filmens Hus interesse også blant gjester frå utlandet.

Jubileumsutstillinga Norsk spillefilm 100 år, som vart lansert 1. desember 2011, vart ståande til april 2012. Utstillinga hadde eit jamt besøk av skolar og andre interesserte. Men NFI har ikkje eit teljesystem for besøkjande til utstillingsrommet og kan derfor ikkje dokumentere kor mange som faktisk såg utstillinga. Vi planlegg derfor å investere i eit nytt teljesystem for huset i 2013.

I august opna ei utstilling om «Kon-Tiki og den norske ekspedisjonsfilmen» samtidig med at den nye Kon-Tiki-filmen hadde premiere. Utstillinga er basert på eit samansett biletmateriale som saman med utdrag frå manus og klipp frå bakomfilmen til Kon-Tiki gir kunnskap om korleis ein film blir til. Utstillinga gir, saman med ein retrospektiv serie på Cinemateket, innblikk i historia om den norske ekspedisjonsfilmen. Kon-Tiki-utstillinga vart òg formidla på NFIs nettsider.

Nettet som utstillingsarena gjer det mogleg å sjå dei fotografia og filmklippa som blir viste på Filmens Hus, samtidig som det opnar for auka tekstinformasjon, linkar og anna utdjuping. Alle norske filmar som inngjekk i serien "Norske ekspedisjonsfilmer" på Cinemateket, og som NFI fekk rettar til, vart òg gjorde tilgjengelege nasjonalt gjennom klikkefilmtjenesta Filmarkivet.no og på Filmrommet.no

#### 11.6 Norske spelefilmar viste på fjernsyn i Noreg

Fjernsyn er ein viktig formidlingskanal for norsk kinofilm. I 2012 såg minst 8,5 millionar menneske norske kinofilmar på ukoda norske fjernsynskanalar. Det er fire gonger så mange personar som såg norske filmar på kino i fjor.

Dei norske allmenkringkastarane NRK og TV 2 står for det alt vesentlege av formidling av norske kinofilmar via fjernsynsskjermen. Andre kringkastarar viser berre minimal interesse for å setje norske kinofilmar på sendeplanen.

## 11.6 | a Norske kinofilmar på norske fjernsynskanalar 2009–2012

	2009		2010		2011		2012	
	Titlar	Sjåarar	Titlar	Sjåarar	Titlar	Sjåarar	Titlar	Sjåarar
NRK1	35	5 347 000	38	4 800 000	45	5 343 000	42	4 142 000
NRK2	11	561 000	21	961 000	30	1 121 000	13	656 000
NRK3/NRK Super	8	402 000	12	666 000	16	1 256 000	4	697 000
TV 2	20	4 656 000	13	903 000	20	2 094 000	30	2 835 000
TV 2 Zebra	6	320 000	16	794 000	16	840 000	5	182 000
TV 2 Filmkanalen	1	-	4	541 000	21	-	10	-
TV 2 Bliss	n/a	n/a	n/a	n/a	-	32 000	-	-
TVNorge	-	-	-	-	-	-	0	0
TV1000	-	-	-	-	-	-	0	0
TV3/Viasat 4	-	-	-	-	-	-	2	-
Samla norske fjernsynskanalar	81	11 286 000	104	8 665 000	148	10 686 000	106	8 512 000

"Titlar" = enkelttitlar, ikkje inkl. reprisar i eigen/annan kanal "Sjåarar" = Univers 2–11, 12+

Kjelde: NFI/NRK, TV 2, FilmLex

Fleire årsaker kan ligge bak at norske filmar særleg blir viste i allmennkanalane. Dels har det å gjere med at programtilbodet i desse kanalane er karakterisert ved omgrepet *flow* – ein straum av program, sett saman etter forventningar om preferansane til sjåarane (Willilams 1974 [1992]). I den meir kommersielle enden av fjernsynsbransjen har kanalane spesialisert seg. Kanalar med høgt innhald av innkjøpt materiale, deriblant kinofilm, har gått frå å vere reklamefinansierte til å bli reine betalingskanalar for strøymt innhald.<sup>28</sup> Det gjeld òg "norske" kanalar som TV3/Viasat 4, TV1000/Viasat Film – og for den saks skyld TV 2 Filmkanalen. Mykje tyder på at strøymetenestene i mindre grad programmerer attraktiv spelefilm, som er relativt dyr i innkjøp, men heller satsar på bl.a. dramaseriar pga. pris og sjansen til å byggje sjåarlojalitet til seriekonseptet. Dels har forholdet truleg å gjere med at også mindre kanalar tradisjonelt har fokusert på dramaseriar og i dei seinare åra også har begynt å satse på eigenprodusert tv-drama – til delvis fortrensel for kinofilmen (Aas 2012).

Som det går fram av tabellen, gjekk talet på sjåarar av norske filmar tilbake med ca. 2,2 millionar på dei tre NRK-kanalane i 2012 (minus 28,8 prosent), mens det gjekk marginalt fram på TV 2 og TV 2 Zebra med vel 80 000, eller 2,8 prosent. NRKs filmforbruk gjekk tilbake med 32 titlar frå 2011 til 2012 (minus 35,2 prosent), mens det gjekk tilbake med éin film på TV 2/TV 2 Zebra. Det kan derfor sjå ut som om det finst ein viss korrespondanse mellom talet på norske filmar på programmet og kor mange sjåarar som vel å sjå dei, men dette er neppe einaste forklaring på variasjonane frå år til år. Dei underliggjande tala synest snarare å antyde at fjernsynet er eit medium for gjensyn med gamle kinogleder, eventuelt eit høve til å få med seg filmar som er blitt klassikarar – først og fremst i ein populær forstand av omgrepet. NRKs største sjåarsuksess i 2012 var da òg *Elling 3 – Elsk meg i morgen* med nær 700 000 sjåarar på tre utsendingar, av dei éin som nattfilm. Dei tre *Elling*-filmene samla til saman nær 840 000 sjåarar på fem utsendingar. Til samanlikning vart f.eks. *Max Manus* sett av 230 000 personar på to utsendingar, av dei éin som nattfilm. TV 2s største sjåarsuksess var *Flåklypa Grand Prix*, som samla 520 000 sjåarar på 1. juledag, følgd av *Nokas* (330 000) og *Hodejegerne* (295 000).

Mens TV 2s programmeringsprofil for kinofilm er breitt folkeleg – halvparten av filmene som vart viste på TV 2 Hovedkanalen i 2012, var *Olsenbanden*-filmar (innspelte i perioden 1969–1999) – er profilen i NRK1 langt meir prega av variasjon i sjangrar, tidsepoke og tematikk. TV 2 Zebra og NRK3 siktar openbert begge mot å nå eit yngre publikum, mens NRK2 er det einaste fjernsynstilbodet som kan komme i nærleiken av å fungere som "cinematek for folket".

Fullstendige oversikter over filmar viste på NRK1, NRK2 og NRK3/NRK Super og på TV 2, TV 2 Zebra og TV 2 Filmkanalen finst som VEDLEGG 9.

<sup>28</sup> Strøymetenester kan neppe karakteriserast som ein "moden marknad" enno, og lite er kjent om bl.a. inntening og marginar i bransjen. Saman med stadig meir skjerpa konkurranse er dette utvilsamt ein av grunnane til at bransjeaktørane nektar å leggje fram grunnleggjande data.

## 12 Filmkultur for alle

Ein sterk posisjon blant barn og unge som filmpublikum og filmskaparar, både i skole og fritid.

NFI har i 2012 halde fram arbeidet med å grunnfeste filmens posisjon blant barn og unge.

NFI og Film & Kino har i 2012 revidert handlingsplanen for filmsatsinga på barn og unge, i samarbeid med involverte partar.

Filmport.no tilbyr rettleiing til unge mellom 13 og 23 år som lagar film sjølve. Portalen blir driven av NFI i samarbeid med dei regionale filmsentera.

Barnas Cinematek har halde på eit lojalt publikum etter omlegginga til faste visingar frå 2011 og hadde totalt 4600 familiebesøk i 2012.

Filmmuseet har fått ein auke i organiserte besøk på 35 prosent, med 2300 besøk i 2012 mot 1800 året før. Den kulturelle skolesekken, som bestod av omvisingar i Filmmuseet (3. klassetrinn) og animasjonsverkstader (6. trinn), utgjorde 771 elevar.

I tillegg har NFI stått for 72 filmvisingar for til saman 1850 barnehage- og førskolebarn på dagtid i Barnas filmrom, ein auke på nærare 70 prosent samanlikna med året før. I 2012 har NFI hatt 12 filmvisingar med foredrag for drygt 500 elevar i vidaregåande skole.

NFIs nettbaserte teneste Filmrommet.no gir bibliotek, skolar og fritidsordningar tilgang til den norske filmarven over heile landet.

NFI støtta i 2012 talentseminaret ved Amandusfestivalen, eit landsdekkjande tiltak for unge filmskaparar.

Filmens Hus fungerer som eit nasjonalt senter for film, samtidig som det er ein stad der barn og unge i Oslo-området kan sjå og oppleve norsk filmhistorie blant anna gjennom tiltak i den kulturelle skolesekken.

### 11.7 Tiltak for å nå målet om ein sterk posisjon blant barn og unge

I dialog med Film & Kino jobbar NFI aktivt med dei oppgåvene som er pålagde instituttet gjennom handlingsplanen. I 2012 vart det lagt fram ei revidert utgåve som var utgangspunkt for eit oppfølgingsseminar med dei regionale filmsentera og andre regionale aktørar som jobbar med barn og unge under Filmfestivalen i Haugesund 20. august. På landsmøtet 2012 vart det kjent at Film & Kino kuttar støtta til regionale filmtiltak for barn og unge frå 3 millionar kroner i 2011 til 0,5 millionar i 2013. NFI har uttrykt bekymring for korleis dette vil påverke dei oppgåvene handlingsplanen pålegg regionale filmsenter overfor barn og unge. Den nye handlingsplanen gjeld ut 2013. Det vil derfor også i 2013 vere behov for ei revidering og eventuelt evaluering av handlingsplanen.

Utvikling av NFIs nettsider retta inn mot barn og unge har lenge vore eit prioritert arbeidsområde. Dei som vil ha informasjon om Filmmuseet, Barnas Cinematek, både lærarar og filmformidlarar, vil no ha ytterlegare glede av [www.nfi.no](http://www.nfi.no).

#### Nasjonale tilbod

NFIs tilbod på nasjonalt nivå knyter seg til det digitalt mangfaldige og det praktisk nyttige. Felles for tilboda er at dei har ein klar profil mot å gi barn og unge opplæring, rettleiing og erfaring i omgang med levande bilete.

Filmport.no er ein landsdekkjande arena der unge filmskaparar mellom 13 og 23 år kan laste opp filmene sine, få oppfølging av profesjonelle aktørar og komme i kontakt med filmbransjen. Filmport.no vart utvikla i samarbeid med eit utval regionale filmsenter og Medieverkstaden i Akershus og er støtta av NFI som eit filmkulturelt tiltak for barn og unge. Filmport.no blir i dag nytta som eit vesentleg verktøy for talentutvikling av Amandusfestivalen, medieverkstader og av alle dei regionale filmsentera med unntak av Sørnorsk Filmsenter. Nettstaden er tilgjengeleg for alle unge filmskaparar som ønskjer å ta han i bruk. Filmport.no er i tillegg NFIs fremste verktøy i målet om å tilby filmfagleg rettleiing og ta vare på nye talent i norsk film.

I tilknytning til Amandusfestivalen heldt NFI talentseminaret "Hjelp, jeg vil inn i filmbransjen". Seminaret 2012 var delt inn i to delar, som tok for seg "Presentasjon av det norske filmlandskapet" og "Norske talenter: Hvordan har de brukt mulighetene". Fleire aktørar frå bransjen fortalde om unge sine moglegheiter og vegar inn i filmbransjen, om ulike utdanningsinstitusjonar og om korleis unge talent i dag kan få produsert film.

Animasjonsboksen er ein verktøykasse for å demonstrere grunnleggjande animasjonsteknikkar. Boksen er blitt eit viktig bidrag til at barn skal få auka filmforståinga si og få sjansen til å produsere eigen film. NFI sel animasjonsboksen til animatørar, skolar og kulturinstitusjonar over heile landet. I 2012 selde NFI over 40 animasjonsboksar.

#### Tilbodet i Filmens Hus

NFI har i 2012 gjort fleire nye grep for å styrkje posisjonen blant barn og unge som filmpublikum og filmskaparar. Barnas Cinematek (BC) gjennomfører faste helgevisingar for aldersgruppa 3–8 år. I tillegg gjennomfører NFI visingar for barnehagegrupper og for elevar i aktivitetsskolen, held omvisingar i museet og utstillingsrom og dessutan kurs knytte til Den kulturelle skolesekken.

Helgevisingane i BC, barnehagevisingar i Barnas filmrom, omvisingar i Filmmuseet og kurs knytte til Den kulturelle skolesekken (DKS) er dei viktigaste tilboda som markerer Filmens Hus som eit senter for formidling av film retta inn mot barn og unge. I tillegg har NFI ei rekkje foredrag retta inn mot vidaregåande skole. Filmrommet.no gir skolar og bibliotek tilgang på den norske filmarven. For å nå målet om at nye tilbod samtidig blir formidla nasjonalt via nett, jobbar NFI stadig med å styrkje informasjon og formidling gjennom egne nettsider. Dette gjeld både pedagogisk innhald, kunnskapsbasert formidling av filmhistorie til barn og unge og utvikling av Filmmuseet på nett.

#### 12.1 | a Besøk Barnas Cinematek og Cinematek UNG

	2011	2012
Besøk 3–5 år (Barnas filmrom)	1 436	1 552
Besøk 5–8 år	3 145	2 699
Besøk 9–13 år (UNG) <sup>29</sup>	249	361

<sup>29</sup> Konseptet endra 3. kvartal 2012. Les meir om dette ovanfor.

I 2012 har BC opplevd ein liten nedgang i besøkstal samanlikna med 2011. Dette kan forklarast med at BC i 2011 hadde fire førpremierar, i tillegg til seks «barnediskoar» knytte til helgas filmvisingar, som alle trekte godt med publikum. I 2012 var det få norskproduserte barnefilm og dermed ingen førpremierar. I tillegg har vi redusert talet på barnediskoar til fire og hadde heller ingen visingar sist sommar. Vi har vore opptekne av at aktivitetar knytte til BC i større grad skal ha eit filmpedagogisk fundament. I 2012 inviterte vi barnefamiliar til to stumfilmkonsertar med omvising i Filmmuseet og påfølgjande western-quiz etter visinga. 2012 har dessutan vore eit år der vi har jobba målretta for å nå ungdomsgruppa mellom 15 og 19 år. Vi avvikla Cinematek Ung med målgruppe 9–13 år og starta i staden ein eigen ungdomsredaksjon som på frivillig basis arbeider med å velje filmar til det nye konseptet Cinemateket Ung. I tillegg til endra målgruppe er òg visingstidspunkta gjorde faste, med vising kvar søndag klokka 16.00.

### Tilbod til skoleverket

NFI rettar ei rekkje tilbod inn mot førskole og skoleverk. Vis-à-vis grunnskolen er tilbod innanfor rammene av Den kulturelle skolesekken (DKS) aktuelle, mens tilbod overfor førskole og vidaregåande skole har meir frittstående karakter.

For barnehagar og aktivitetsskolar er det gjennomført 72 filmvisingar som til saman har samla 1850 barn. Dette er ein auke på nesten 70 prosent frå året før, da talet var 1100 besøkjande i tilsvarande opplegg. For å kunne leggje Filmens Hus enda betre til rette som eit senter for film, kunnskap og formidling mot barnehage og skole vil det vere formålstenleg å byggje ut tilbodet i Barnas filmrom. Vi har derfor sett ned ei prosjektgruppe som ser på moglege utvidingar av filmrommet, slik at NFI i enda større grad kan møte dei filmpolitiske føringane i tildelingsbrevet frå Kulturdepartementet.

For skoleåret 2012/13 har Den kulturelle skolesekken i Oslo vist ønske om to ulike kurstilbod frå NFI. I løpet skoleåret vil 750 elevar fordele seg på følgjande kurs:

- 1) «Filmdetektiven» (detektivarbeid og omvising i Filmmuseet). Til saman 20 kurs for 3. trinn.
- 2) «Klikk flytt-klikk» (animasjonsverkstad, vising av norske animasjonsfilm og omvising i Filmmuseet). Til saman 14 kurs for 5. og 6. trinn

For skoleåret 2011/12 var deltakinga på NFIs skolesekktilbod 700.

Av tilbod utanom skolesekken kunne NFI blant anna invitere til ei spesialvising av den nye tv-serien om Albert Åberg for 60 glade elevar frå Tåsen skole.

For vidaregåande skole er det arrangert tolv visingar og filmfaglege foredrag som har samla totalt 500 elevar. Av høgdepunkt kan nemnast ein serie foredrag om film og spel ved Håvard Vibeto frå Høgskolen i Gjøvik, ei innleiing om dokumentarfilmen *Reunion* ved Jon Haukland og seminaret «Jentene bestemmer» halde av Lars Ole Kristiansen, filmvitar og skribent.

I 2012 har NFI ved Cinemateket Ung også hatt samarbeidsprosjekt med Elvebakken vgs, med ein logokonkurranse til prosjektet blant 1.-klassingane ved skolen, mens marknadsføring av prosjektet har inngått som ein del av fordjupingsfaget for 3. klasse.

#### 12.1 | b Besøk barn og unge i Filmmuseet og Den kulturelle skolesekken

	2010	2011	2012
Filmmuseet og filmgalleriet	2 240	1 834	2 282
Den kulturelle skolesekken <sup>30</sup>	Ca. 1 300	1 017	771

<sup>30</sup> Besøk i Filmmuseet inkluderer òg besøk knytte til Den kulturelle skolesekken



## 13 Andre krav til årsrapporten 2012

### 13.1 Uinndrivelege fordringar og avskrivning av tap

Det er i 2012 avskrive kundefordringar for til saman kr 49 162,10. Avskrivningane er gjorde etter fleire purringar og varsel om inkasso.

#### 13.1 | a Uinndrivelege fordringar og avskrivning av tap

Bilagsnr.	Periode	Tekst	Beløp
2120023	201201	Avskrive av Lindorff, fakt. 50702405	55,30
2120022	201201	Avskrive av Lindorff, fakt. 50702399	55,30
2120024	201201	Avskrive av Lindorff, fakt. 50505119	71,75
2120024	201201	Avskrive av Lindorff, fakt. 50504987	149,20
2120022	201201	Avskrive av Lindorff, fakt. 50702399	221,20
2120023	201201	Avskrive av Lindorff, fakt. 50702405	221,20
2120021	201201	Avskrive av Lindorff, fakt. 50502723	234,20
2120025	201201	Avskrive av Lindorff, fakt. 50504891	252,95
2120024	201201	Avskrive av Lindorff, fakt. 50505119	287,00
2120020	201201	Avskrive av Lindorff, fakt. 50505542	373,40
2120024	201201	Avskrive av Lindorff, fakt. 50504987	37,30
2120020	201201	Avskrive av Lindorff, fakt. 50505542	733,60
2120025	201201	Avskrive av Lindorff, fakt. 50504891	1 011,80
2120021	201201	Avskrive av Lindorff, fakt. 50502723	1 028,80
2120019	201201	Avskrive 51000667 pga. ikkje delteke kurs	950,00
2120016	201201	Avskrive pga. ikkje delteke kurs, knr. 733	1 500,00
2120017	201201	Avskrive 51003233 pga. ikkje delteke kurs	750,00
2120018	201201	Avskrive 51100579 pga. ikkje delteke kurs	300,00
